

ÅRSMELDING

# 2010



**Konkurransetilsynet**  
Norwegian Competition Authority



## Innhald

<b>Om Konkurransetilsynet .....</b>	<b>4</b>
Direktøren har ordet.....	5
Viktige saker og resultat i 2010 .....	9
Konkurransetilsynet i samfunnet .....	15
Historisk tilbakeblikk.....	17
Viktige vedtak.....	18
Medieomtale .....	33
Avviklinga av regionkontora.....	36
Flyttinga til Bergen .....	37
Organisasjonskart.....	39
Dei tilsette .....	42
Løyvingar .....	47
Internasjonalt samarbeid .....	48
Lovendringar .....	51
<b>Mål og resultat .....</b>	<b>53</b>
Samfunnseffektar .....	54
Brukareffektar.....	66
Interne prioriteringar.....	70
<b>Samfunnseffektar</b>	
Ulovleg åtferd .....	72
Fusjonar og oppkjøp .....	77
Andre konkurransesaker .....	78
Preventive verknader .....	80
EØS – enkeltsaker .....	86
EØS – regelverkssaker.....	88
Verknader av konkurransepolitikken .....	91
Bustadannonsering .....	93
Drivstoffmarknaden .....	96
Renovasjon i Trondheim .....	99
Utvalde næringar.....	101
Offentlege tiltak og reguleringar	
Påpeikingar.....	105
Høyringsfråsegn .....	107


<b>Brukareffektar</b>	
Omdømme.....	113
Informasjon til forbrukarane .....	116
Offentlege innkjøp .....	120
<b>Organisering og ressursbruk.....</b>	<b>125</b>
Administrative rutinar .....	126
Organisasjon og personale .....	128
Rekruttering.....	133
IKT .....	135
Grøn stat.....	137
Rekneskap	
Konkurransetilsynet .....	138
KOFA.....	140
Saksstatistikk	
Konkurransetilsynet .....	142
KOFA.....	145
Ressursbruk .....	146
<b>Ordforklaringar.....</b>	<b>147</b>
<b>Kontaktinformasjon.....</b>	<b>150</b>

## Kort om Konkurransetilsynet og KOFA

**Konkurransetilsynet arbeider for sunn konkurranse, til beste for forbrukarane og næringslivet.**

**Konkurransetilsynet** handhevar konkurranselova. Lova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stilling. Næringsdrivande har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet, og tilsynet skal gripe inn mot fusjonar og oppkjøp som fører til eller forsterker ei vesentleg avgrensing av konkurransen. Tilsynet kan på sjølvstendig grunnlag peike på offentlege ordningar og reguleringar som påverkar konkurransen. Den noverande konkurranselova tredde i kraft 1. mai 2004.

**Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)** behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket. Nemnda har 10 medlemmer som er oppnemnde av regjeringa. Sekretariatet til klagenemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet.



## Direktøren har ordet



■ Knut Eggum Johansen

Overgangen frå prisregulering til konkurransepolitikk var kanskje det største paradigmeskiftet i norsk konkurransepolitikk. Avvikling av prisregulerings-politikken blei varsla i Langtidsprogrammet for 1982–1985 frå den første regjeringa til Gro Harlem Brundtland. Skiftet skjedde med tilvising til dei uønskede konsekvensane av prisregulering og styringsproblem. Det blei gitt uttrykk for at prisane burde dannast i marknadene gjennom verksam konkurranse, og at dette òg ville medverke til å dempe inflasjonspresset i norsk økonomi.

Konkurransepolitikken har i Noreg ei historie som går heilt tilbake til 1920-åra. I 1926 blei det vedteke ei trustlov, inspirert av Sherman Act i USA. Konkurransespolitikken var likevel frå byrjinga inspirert av dei korporative strøymingane i Europa. I tråd med dei tillét norske pris- og kartellstyresmakter i 1930-åra konkurranseavgrensande avtalar – så sant dette skjedde openlyst. Konkurranseregulerande avtalar blei melde til styresmaktene og førte opp i eit kartellregister.

### **Kartellregisteret**

Kartellregisteret blei publisert kvart år. På nettstaden til Konkurransetilsynet kan ein laste ned [Registeret over konkurranseregulerende forhold og storbedrifter per 1. april 1991](#). I innleiinga kan vi lese at «Konkurranse-regulerende sammenslutninger og avtaler samt storbedrifter skal meldes til Prisdirektoratets register over konkurransereguleringer og storbedrifter, det eneste registeret som er konsentrert om konkurranseforholdene i næringslivet». Vi kan lese at registeret inneheld korte omtalar av om lag 500 ulike registreringar!

### **Frå pris til konkurranse**

Overgangen frå ei prislov til ei konkurranselov i 1993, saman med etableringa av eit eige konkurransetilsyn, var òg eit viktig skifte, ikkje minst fordi det blei klarare reflektert – både gjennom lova og institusjonelt – kor viktig sunn konkurranse er for økonomisk utvikling og vekst. No blei vi òg meir samkøyrde med den internasjonale utviklinga i mellom anna EU og OECD.

Konkurransetilsynet har sidan etableringa i 1994 gjennomgått store endringar og har kontinuerleg tilpassa seg oppgåvene sine. Distriktskontora blei lagde ned i 2001, og vi er på plass i Bergen. I 1993 var det 140 tilsette i Prisdirektoratet. I 1999, då eg tok over som konkurransedirektør etter Einar Hope, var vi 154 tilsette. I dag er vi om lag 100 tilsette medrekna sekretariatet til KOFA, og Konkurransetilsynet har ein stab som er godt rusta til å løyse oppgåvene sine. Og oppgåva til Konkurransetilsynet er klar: å medverke til effektiv bruk av ressursane i samfunnet ved å sørge for at det er sunn konkurranse i dei ulike marknadene. Eit næringsliv som er konkurransedyktig og vande med omstillingar, er den beste sikring av velferd og velstand når olja tar slutt.

### **Godt fotfeste**

Forståinga av kor viktig konkurranse er for økonomisk utvikling og innovasjon, har etter kvart fått eit godt fotfeste nasjonalt og internasjonalt. Likevel er det enno bransjar som blei omtala i Kartellregisteret av 1991, som gjennom konkurranseavgrensande avtalar blir skjerma mot konkurranse. Derfor har vi framleis ei oppgåve i å synleggjere kor viktig konkurransepolitikken er. Dette må vi mellom anna gjere gjennom å dokumentere konkrete resultat av arbeidet vårt.

### **Auka ressursar**

Synleggjering er ikkje minst viktig fordi vi veit at konkurransepolitikken stadig vil bli utfordra. Med finanskrisa hausten 2008 og den etterfølgjande nedgangskonjunktura i 2009/2010 var det ein reell fare for dette. Men erfaringane frå 1930-åra skremde. Nasjonalt og internasjonalt var det brei semje om å unngå proteksjonistiske tiltak, og om at konkurransepolitikken måtte liggje fast. I Noreg fekk Konkurransetilsynet i 2009 auka ressursar nettopp for å hindre at ulovlege kartell skulle dempe effekten av motkonjunkturtiltaka, slik at verknaden blei høgare prisar snarare enn sysselsetjing og produksjon.

Jamført med økonomien i mange andre land er norsk økonomi i god forfatning. Og satsinga på arbeidet for å avdekkje kartell – saman med høvet til å avstå frå lovbrotsgebyr for verksemdar som kjem til Konkurransetilsynet og legg alle korta på bordet – gav resultat i 2010. Dette har gitt fleire nye konkurransesaker som no blir granska – og fleire står i kø. Avdekking av ulovleg pris- og anbodssamarbeid vil framleis vere ein hovudprioritet for Konkurransetilsynet.

### **Marknader med sterk konsentrasjon**

Men vi har fleire utfordringar når det gjeld å sikre verksam konkurranse. Framleis er viktige marknader prega av manglande og/eller uklare regulering av marknadssvikt. Mange marknader i Noreg er òg prega av sterk konsentrasjon med få aktørar trass i aukande marknadsintegrasjon med andre land. Fleire av desse marknadene har dominerande aktørar.

Å medverke til ei berekraftig økonomisk utvikling er ei anna viktig utfordring. Velfungerande marknader prega av sunn konkurranse er eit nødvendig vilkår for å møte dei klimaproblema vi står overfor, på ein effektiv måte. Gjennom avgifter på utslepp og effektive marknader for omsetning av utsleppskvotar må det etablerast rette prisar på skadelege utslepp. Velfungerande marknader for varer og tenester vil medverke til at prisane speglar kostnadene ved ureining i tråd med prinsippet om at ureinaren betaler. Forbruk og produksjon må vridast mot mindre ureinande varer og tenester. Sjølv om det tek tid å etablere grenseoverskridande internasjonale avtalar, burde Noreg kunne gå føre, mellom anna med å rydde opp i fritak og unntak i avgiftssystemet, slik at prisane for å bruke fossilt brensel blir dei same for alle brukarar. Dette vil gje til konkurranse på like vilkår. Dei nordiske konkurransetilsyna utarbeidde i denne samanhengen rapporten [Competition Policy and Green Growth](#), ein rapport som blei presentert på møtet i OECDs konkurransekomité hausten 2010.

### **Fokus på effektiv bruk av ressursane og handheving**

Ei anna utfordring er å ta vare på og utvikle velferdsordningane våre. Skal velferdsordningane våre kunne forsvarast, krevst fokus på effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Det gjeld for økonomien under eitt, og for organisering og drift av den enkelte velferdsordninga. Vi treng å vite meir om kor viktig konkurransepolitikken er for å bevare den nordiske velferdsmodellen. På denne bakgrunnen har dei nordiske konkurransetilsyna beslutta at «Competition Policy and the Welfare State – The Nordic Perspective» skal vere tema for det neste nordiske samarbeidsprosjektet.

Effektiv handheving ved brot på regelverket for offentlege innkjøp er ei anna viktig utfordring. Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) behandlar klagar som gjeld brot på innkjøpsregelverket. KOFA-sekretariatet ligg administrativt under Konkurransetilsynet. Sjølv om KOFA og Konkurransetilsynet har to ulike regelsett, er formålet det same: effektiv bruk av ressursane i samfunnet gjennom sunn konkurranse.

### **Kan illeggje lovbrotsgebyr**

Ulovlege direkte anskaffingar er det mest alvorlege brotet på innkjøpsregelverket. Det er ein trussel mot konkurransen fordi anskaffingar ikkje blir lyste ut på anbod. KOFA har i dag kompetanse til å illeggje lovbrotsgebyr for ulovlege direkteanskaffingar. KOFA fekk 79 klagar på direkte anskaffingar i 2010. Det utgjør over 20 prosent av

sakene til nemnda og er det høgaste talet på slike saker nemnda har fått på eitt år sidan nemnda fekk fullmakt til å ileggje lovbrotsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar i 2007. I same periode har nemnda behandla 37 gebyrsaker og vedteke gebyr i til saman 14 saker.

Eit effektivt handhevingsregime er viktig for å vareta formålet med anskaffingsregelverket. I NOU 2010: 2 «Håndhevelse av offentlige anskaffelser» foreslår fleirtalet i utvalet å flytte kompetansen til å ileggje lovbrotsgebyr for ulovlege direkteanskaffingar frå KOFA til domstolane. Det er sannsynleg at talet på tilfelle av ulovlege direkteanskaffingar som går til domstolen, vil bli ein god del lågare enn talet på saker som KOFA får til behandling. Høgare terskel gir ein risiko for at færre ulovlege direkteanskaffingar blir oppdaga og følgde opp med sanksjonar.

### **Vil hindre misbruk av marknadsmakt**

Ved handheving av konkurranselova skal Konkurransetilsynet hindre misbruk av marknadsmakt og ulovleg samarbeid om prisar og deling av marknader. Vidare skal vi hindre at fusjonar og oppkjøp fører til eller forsterkar vesentlege avgrensingar i konkurransen. Sist, men ikkje minst, har vi ei viktig oppgåve i å påpeike konkurranse- og effektivitetsavgrensande verknad av offentlege tiltak, eller for den saka si skuld: mangel på offentlege tiltak.

Dette er oppgåver som vil gi oss meir enn nok å gjere i åra framover. Konkurransetilsynet har dyktige medarbeidarar og ein kultur som er godt rusta til å møte framtida.

### **Konkurranselovutval**

På same måte som organisasjonen må vere tilpassingsdyktig, må også lovgrunnlaget tilpassast dei erfaringane ein vinn over tid. Det er behov for å styrkje og klargjere konkurranselovgivinga endå meir. Det er derfor nyleg sett ned eit konkurranselovutval, og tilsynet vil få viktige oppgåver, mellom anna knytte til å drifte sekretariatet til utvalet.

Årsmeldinga gir eit oversyn over dei viktigaste resultatane av arbeidet til Konkurransetilsynet i 2010 og eit historisk tilbakeblikk.

Bergen, februar 2011  
Knut Eggum Johansen

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Viktige saker og resultat i 2010




- Konkurransetilsynet gjennomførte i 2010 fleire bevissikringar på grunn av mistanke om ulovleg samarbeid i asfaltbransjen. Foto: Scanpix

### Handheving av forboda i konkurranselova

Å avdekke kartell har hatt høgste prioritet i Konkurransetilsynet i fleire år. Etter oppbygging av kompetanse og metodikk, har aktiviteten i etterforskningsverksemda auka i 2010. Av ressursar avsett til sakshandsaming i tilsynet, vert 71 prosent nytta til arbeid med kartellavdekking, dette er ein auke på 17 prosentpoeng frå 2009.

#### Fordelinga av ressursbruken mellom dei tre viktigaste saksområda i 2010:



Tre saker der tilsynet har gjort vedtak (bruer, turbilar og Tine), har vore behandla av domstolane i 2010. Tilsynet fekk medhald i alle sakene. Sakene er anka til høgare rettsinstans.

I 2010 gjennomførte Konkurransetilsynet bevissikringar i fire saker og på 19 ulike stader, etter § 25 i konkurranselova. Denne typen bevissikring krev rettsavgjerd. Dei fleste av desse gjeld mogleg brott på forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid. I samband med desse sakene er det gjennomført 32 forklaringsopptak som ledd i etterforskinga. Dette er omfattande saker som har kravd ein stor del av ressursane til tilsynet i 2010. Tilsynet har òg fått fleire lempingssøknader i 2010. Etterforskinga av sakene er ikkje avslutta. Ein kort omtale av to av dei viktigaste sakene følgjer nedanfor.

Konkurransetilsynet gjennomførte i 2010 fleire bevissikringar hos asfaltentreprenørar på grunn av mistanke om eit mogleg lovstridig samarbeid i asfaltbransjen. Tilsynet gjennomførte den første bevissikringa i saka i februar 2010, mens den siste bevissikringa blei gjort i november 2010. Konkurransetilsynet har teke omfattande beslag i saka. I tillegg er det i 2010 teke opp forklaring frå personar i fleire byar. Arbeidet med denne saka har hatt topp prioritet i 2010, og tilsynet arbeider vidare med saka i 2011.

Konkurransetilsynet har òg gjort undersøkingar på grunn av mistanke om ulovleg samarbeid i fjørfemarknaden. Hausten 2010 blei det gjennomført bevissikringar i denne marknaden fleire stader i landet. Også i denne saka har Konkurransetilsynet teke eit omfattande fysisk og elektronisk beslag i tillegg til at det er teke opp forklaring av fleire personar. Tilsynet arbeider vidare med saka i 2011.

[Les meir om etterforskingarbeidet til Konkurransetilsynet i 2010 »](#)

#### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – etterforsking

- Gjennomført bevissikringar i fire saker på 19 stader.
- Gjennomført 32 forklaringsopptak.

#### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – dommar

- Arbeidd med ankesaka som gjorde at Borgarting lagmannsrett slo fast at Tine har ein dominerande posisjon og har misbrukt denne posisjonen i strid med § 11 i konkurranselova. Lovbrotsgebyret i vedtaket frå tilsynet på 45 millionar kroner blei redusert til 30 millionar. Tine har anka delar av dommen, slik at slutninga om at Tine har misbrukt den dominerande stillinga si, ikkje er rettskraftig.
- Konkurransetilsynet vann fram i Sør-Trøndelag tingrett i ei rettssak reist av to entreprenørar som i 2009 fekk gebyr på høvesvis fem millionar og to millionar kroner for å ha drive ulovleg samarbeid i samband med ein anbodskonkurranse i regi av Steinkjer kommune. Dommen er påanka.

- Konkurransetilsynet fekk medhald av Oslo tingrett etter at Norges Turbileierforbund i 2009 fekk pålegg om opphøyr og gebyr for brot på forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid. Dommen er påanka.

## Overvaker marknader

Fleire marknader har vore under særskild overvaking i 2010 med tanke på å avdekkje brot på forbodsreglane. Det er tidlegare sett i gang ei kontinuerleg marknadsovervaking av engrosmarknaden for kraft i samarbeid med NVE. Formålet er å avdekkje eventuelt misbruk av marknadsmakt. Tilsynet sette ikkje i verk utvida etterforsking etter forbodsreglane i 2010.

Konkurransetilsynet går kvart år gjennom avtalar mellom daglegvarekjedene og marknadsleiande leverandørar. Gjennomgangen i 2010 avdekte ikkje konkrete forhold som gav tilsynet grunnlag for nærmare etterforsking.

Overvakingssordninga knytt til Tines bruttomargar i meierisektoren heldt fram i 2010. Heller ikkje her blei det avdekt konkrete forhold som gav tilsynet grunnlag for nærmare etterforsking.

[Les meir om marknader som blir overvaka særskild »](#)

### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – marknadsovervaking

- Overvakt avtalane mellom daglegvarekjedene og marknadsleiande leverandørar.
- Vidareført overvakingssordninga for bruttomargar i meierisektoren for å hindre prisåtferd som er til skade for konkurransen.
- Drive kontinuerleg marknadsovervaking av engrosmarknaden for kraft i samarbeid med NVE som ledd i arbeidet med å avdekkje eventuell misbruk av marknadsmakt i kraftmarknaden.

## Kontroll med fusjonar og oppkjøp

Finanskrisa i 2009, med låg aktivitet i økonomien, førte til at det blei meldt få fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet. Ingen av dei åtte sakene der det blei pålagt fullstendig melding i 2009, førte til inngrep i 2010. Ved årsskiftet 2010/2011 hadde heller ikkje nokon av sakene der det blei pålagt fullstendig melding i 2010, resultert i inngrep frå tilsynet. Men talet på meldingar om fusjonar og oppkjøp auka igjen i andre halvdel av 2010.

[Les meir om kontrollen med fusjonar og oppkjøp i 2010 »](#)

## Forsterke dei preventive verknadene av handhevinga

Konkurransetilsynet har i 2010 arbeidd vidare for å auke kunnskapen blant ulike aktørar, med sikte på både å førebyggje og avdekkje lovbrøt.

Tilsette i Konkurransetilsynet har mellom anna halde ei rekkje foredrag i eigne seminar, og som gjestar i andre seminar.

Tilsynet har òg arbeidd vidare med å gjere høvet til å søkje om lemping meir kjent. Med seks slik søknader blei 2010 året med flest innkomne lempingssøknader sidan ordninga blei innført.

Nettstaden til Konkurransetilsynet er ein viktig kanal for informasjon til publikum, næringslivet og media om konkurranselova og Konkurransetilsynet si handheving. Nesten 520 000 personar besøkte konkurransetilsynet.no i 2010. Det er dobbelt så mange som i 2009.

I november 2010 var Konkurransenytt tilbake som ein elektronisk publisasjon etter at papirmagasinet med same namn blei avvikla i 2008. Konkurransenytt blir sendt ut som e-post og lagt ut på konkurransetilsynet.no. Det har òg vore gjennomført ei rekkje aktivitetar knytte til informasjon om konkurranselova overfor offentlege innkjøparar.

[Les meir om informasjonsarbeidet i 2010 »](#)

## Synleggjere resultatata

Å synleggjere dei konkrete verknadene eller resultatata av verksemda er ei viktig oppgåve for Konkurransetilsynet. Tabellen nedanfor viser kva tiltak og marknader vi har valt ut for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken, saman med resultatata og verknadene for forbrukarane.

[Les meir om verknadene av konkurransepolitikken »](#)

### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – synleggjering

- Konkurransetilsynet har evaluert omfanget av privat bustadannonsering etter at ny forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett tredde i kraft. Evalueringa viser at det var 2000 personar som annonserte bustaden sin privat på Finn.no i 2010.

- Konkurransetilsynet har evaluert konkurransen i drivstoffmarknaden, og evalueringa viser at lokal konkurranse er viktig for drivstoffprisane.
- Konkurransetilsynet har evaluert oppfølginga av ei påpeiking i samband med organiseringa av Trondheim Renholdsverk AS og gjennomføring av anbudsprosessar i avfallssektoren. Evalueringa viser at Trondheim kommune har gjort endringar i organiseringa av renovasjonstenestene.

## Fremje konkurranse i utvalde næringer

Ei anna viktig oppgåve for tilsynet er å vurdere konkurransesituasjonen og behovet for tiltak for å styrkje konkurransen i visse marknader. Dei viktigaste aktivitetane og resultatane her er knytte til drivstoffmarknaden og marknaden for offentleg tenestepensjon. I tillegg kan det nemnast at tilsynet kontinuerleg overvaker daglegvaremarknaden, mellom anna gjennom meldeplikta, og meierisektoren gjennom overvakingsordninga for bruttomargar. Tilsynet er òg representert i sekretariatet til utvalet som granskar styrkeforholda i verdikjeda for mat.

[Les meir om arbeidet med utvalde næringer i 2010 »](#)

### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – fremje konkurranse

- Konkurransetilsynet har gjennomført ein [analyse av konkurransesituasjonen i drivstoffmarknaden](#). Undersøkinga styrkjer oppfatninga av at den lokale konkurransen har mykje å seie for bensinprisane. For å styrkje konkurransen i denne marknaden er tilsynet oppteke av å redusere eventuelle etableringshindringar både på nasjonalt og lokalt nivå.
- Konkurransetilsynet har på oppdrag frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet analysert konkurransen i marknaden for offentleg tenestepensjon. Analysen viser at konkurransen i denne marknaden er avgrensa. Det er få som tilbyr produktet, og arbeidsgivarane orienterer seg i liten grad i marknaden. Det er likevel eit stort potensial for sterkare konkurranse i denne marknaden.

## Informasjon til forbrukarar

Kraftprisoversikta til Konkurransetilsynet er eit viktig verkemiddel for å gi forbrukarane eit godt grunnlag for å kunne samanlikne prisar frå ulike kraftleverandørar. Dette inneber at kostnadane med å finne ein billigare leverandør blir lågare, noko som òg vil stimulere til auka konkurranse i kraftmarknaden. Konkurransetilsynet held

kraftprisoversikta ved like og har i 2010 gjennomført ei omfattande oppgradering for å sikre god drift.

[Les meir om arbeidet med informasjon til forbrukarane »](#)

### Viktigaste aktivitetar og resultat i 2010 – informasjon


Kraftprisoversikta har hatt over 700 000 unike besøk i 2010. Det er ein auke på 130 % samanlikna med 2009.



## Konkurransetilsynet i samfunnet

Hovedoppgåva til Konkurransetilsynet er å handheve konkurranselova. Formålet med lova er å fremje konkurranse for å bidra til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar.

Rolle og oppgåver	
<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Kontrollere at næringsdrivande respekterer forboda i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen vesentleg, og misbruk av dominerande stilling.</li> <li>■ Føre kontroll med at fusjonar, oppkjøp og andre føretaks-samanslutningar ikkje avgrensar konkurransen vesentleg.</li> <li>■ Setje i verk tiltak for å gjere marknadene meir gjennomsiklige.</li> <li>■ Handheve artiklane i 53 og 54 i EØS-avtalen.</li> <li>■ Påpeike offentlege tiltak og reguleringar som har uheldige verknader på konkurransen.</li> </ul>	<p>Konkurransetilsynet kan gi næringsdrivande gebyr om dei bryt konkurranselova.</p> <p>Tilsynet er også eit rådgjevingsorgan for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) og utfører oppgåver for departementet i aktuelle spørsmål, først og fremst på det konkurransepolitiske området.</p> <p>Kvart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev med rammer for verksemda det komande året. Drifta blir finansiert over statsbudsjettet.</p>



Publisert: 21.02.2011



## Historisk tilbakeblikk 1999–2010

**Knut Eggum Johansen har snart fullført sine to periodar som konkurransedirektør. Her er eit historisk tilbakeblikk.**

Den 31. mars 2011 har Knut Eggum Johansen vore konkurransedirektør i 12 år. Han har då fullført to åremålsperiodar i stillinga, og overlet roret til etterfølgjaren, Christine Benedichte Meyer.

Her følgjer eit historisk tilbakeblikk som dekkjer den perioden Eggum Johansen har styrt tilsynet, frå 1999 til i dag.

Konkurransetilsynet har i denne perioden vore gjennom to store omstillingar: avviklinga av regionapparatet i 2001, og flyttinga til Bergen som starta i 2004. Samstundes har organisasjonen arbeidd med tunge og viktige konkurransesaker. Den nye konkurranselova i 2004 styrkte tilsynet si rolle som handhevingsorgan og sette nye krav til kompetanse hos dei tilsette økonomane og juristane.

I historikken kan du lese om dei viktigaste konkurransesakene i desse åra og kva for saker som har vore mykje omtalt i media. Du kan lese om dei to store omstillingane av organisasjonen, sjå korleis organisasjonskartet har endra seg og korleis endringane har påverka samansetnaden av personalet. Du kan òg sjå korleis løyvingane over statsbudsjettet har utvikla seg frå år til år.

Publisert: 21.02.2011

## Viktige vedtak 1999–2010

### Oversikt over Konkurransetilsynet sine vedtak om inngrep i perioden 1999–2010:

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16 / gml. konkurranselov § 3-11)
- brot på forbodet i konkurranseelova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

[1999](#) | [2000](#) | [2001](#) | [2002](#) | [2003](#) | [2004](#) | [2005](#) | [2006](#) | [2007](#) | [2008](#) | [2009](#)

Konkurransetilsynet gjorde ingen vedtak om inngrep i 2010.

---

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 1999

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (gml. konkurranselov § 3-11)
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

**1999** | [2000](#) | [2001](#) | [2002](#) | [2003](#) | [2004](#) | [2005](#) | [2006](#) | [2007](#) | [2008](#) | [2009](#)

### Vedtak om inngrep i 1999

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V1999-89 Aschehoug og Gyldendal	Aksjeervert i Universitetsforlaget blir tillate på vilkår.	Ikkje påklaga.
V1999-15 Canal Digital Norge AS	Ervert av Norgeskanalen AS blir tillate på vilkår.	Påklaga og teke til følgje i vedtak i departementet 21.01.2000.
V1999-53 Prior Norge	Krav om besteforeldreimportert kylling.	
V1999-33 TONO	Regelverk om eksklusiv forvaltning av verka til rettshavarane og vilkår for å bli partshavar. TONO`s dispensasjonar av 4.mars 1961 og 22. desember 1980 oppheves.	
V1999-21 Norske Eggsentraler	Differensierte prisar for slakting av høns blir forbode.	

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2000

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (gml. konkurranselov § 3-11)
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

1999 | **2000** | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2000

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2000-20 Felleskjøpene	Oppkjøp av Stormøllen AS og 50 prosent av Statkorn AS godkjent på vilkår.	Påklaga og delvis teke til følgje i vedtak i departementet 19.03.2001.
V2000-141 og V2000-143 Carlsberg AS	Erverv av Pripps Ringnes AB godkjent på vilkår. V2000-141 går ut.	Ikkje påklaga.
V2000-127 Husfliden Tromsø AS	Pålegg om å levere stakke- og forklestoff til Elsa M. Systue på visse vilkår.	
V2000-116 Norsk Leca AS	Inngrep mot eineleverandørklausular i forhandlaravtalar.	
V2000-81 Norsk FilmStudio AS og Norsk Film AS	Inngrep mot forretningsvilkår i marknaden for utleige av filmstudio.	
V2000-80 Det frivillige Skyttervesen	Det frivillige Skyttervesen får pålegg om å innby fleire aktørar å gi tilbod.	
V2000-28 Nord-Norges Salgslag	Kopling av marknaden for ull og marknaden for slakt. Opphøyr av leveringsplikt for ull.	
V2000-14 Elektroforeningen	Elektroforeningen får pålegg om å la ikkjemedlemmer få direkte tilgang til å melde inn produkt i Elnummerbanken.	



## Viktige vedtak i 2001

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (gml. konkurranselov § 3-11)
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

1999 | 2000 | **2001** | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2001

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2001-27 og V2001-51 Norsk Kjøttssamvirke BA	Norsk Kjøttssamvirke BA sitt kjøp av aksjane i Gudmundsen Eiendom AS blir tillate på vilkår.	Påklaga og teke til følge av Konkurransetilsynet.
V2001-26 Simo Invest AS	Simo Invest AS sitt kjøp av Brio Barnvagnar AB blir tillate på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2001-108 Bankenes Betalingsentral AS (BBS)	Forbod mot å operere med eksklusivitetsavtalar i samband med elektroniske fakturaer.	
V2001-88 Fagrådet for våtrom	Inngrep mot godkjenningsordning for våtromsprodukt.	
V2001-65 Husfliden Tromsø AS	Justering av prisar fastsette i vedtak V2000-127.	

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2002

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (gml. konkurranselov § 3-11)
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

1999 | 2000 | 2001 | **2002** | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2002

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2002-88 Tine Norske Meierier	Kjøp av ti Tine-meieri blir tillate på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2002-62 Statkraft Holding AS	Kjøp av Trondheim Energiverk blir tillate på vilkår.	Påklaga og endra frist i vedtak i departementet 07.02.2003.
V2002-26 Statkraft Holding AS	Forbod mot å gjennomføre Statkraft Holding AS sitt erverv av aksjar i Agder Energi AS.	Påklaga og tillate på vilkår i vedtak i departementet 14.10.2002.
V2002-85 Telenor Mobil AS	Forbod mot å avtale eineleverandørvilkår for distributørar av mobilabonnement.	
V2002-55 Telenor Mobil AS	Inngrep mot tenesta Mobilbonus.	
V2002-58 TV 2 AS	Forbod mot å gi rabattar etter kor stor del av reklamebudsjettet annonsøren bruker i fjernsynskanalen.	
V2002-16 SAS-gruppen (Scandinavian Airlines, Braathens og Widerøe)	Inngrep mot bedriftskundeavtalar.	
V2002-22 og V2002-28 SAS-gruppen	Forbod mot opptening av bonuspoeng på innanriksreiser gjennom SAS EuroBonus, Wings eller tilsvarande.	

V2002-4 Aventis  
CropScience Nordic AS

Pålegg om å levere alle  
plantevernmidler fra sortimentet sitt  
til Agrovekst AS på like vilkår som til  
dei to andre distributørane.

---

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2003

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (gml. konkurranselov § 3-11)
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | **2003** | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2003

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2003-46 Felleskjøpet Øst Vest BA	Felleskjøpet Øst Vest BA sitt kjøp av Norgesmøllene blir forbode.	Påklaga og tillate på vilkår i vedtak i departementet 18.06.2004.
V2003-61 DnB Holding ASA og Gjensidige NOR ASA	Fusjon mellom DnB Holding ASA og Gjensidige NOR ASA, inngrep.	Ikkje påklaga.
V2003-53 Kolo Veidekke AS	Samanslåinga av Kolo Veidekke AS og Litra Grus AS si verksemd i Mjøs-området blir tillate på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2003-40 SAS - Widerøe flyselskap ASA	Fornyng av vedtak (V1998-43) i samband med SAS sitt erverv i Widerøe Flyveselskap ASA som blei godkjent på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2003-71, V2004-1 og V2003-58	Bedriftskundeavtalar mellom SAS-gruppen og Telenor og NBBL – Forbod mot enkelte vilkår i rabattavtalar på fasttelefoni.	
V2003-48 Finansnæringens Hovedorganisasjon	Pålegg om å la alle kvalifiserte takstmenn få tilgang til dataverktøy for bilskadetaksering.	
V2003 – 32: De norske Bokklubbene AS	Forbod mot å inngå karensavtalar som hindrar konkurrerende bokklubbar i å gi ut ny skjønnlitteratur.	



V2003-15 Finansnæringens  
Hovedorganisasjon,  
Sparebankforeningen og  
Bankenes Betalingssentral

Forbod mot  
eksklusivitetsklausular i avtale  
om innsamling av elektroniske  
korttransaksjonsdata.

---

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2004

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16 / gml. konkurranselov § 3-11)
- brot på forbodet i konkurranseelova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr
- inngrep mot åtferd som avgrensar konkurransen (gml. konkurranselov § 3-10)

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | **2004** | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2004

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2004-21 Joh-System AS	Joh-System AS sitt kjøp av Engrospartner AS blir forbode.	Ikkje påklaga.
V2004-14 NorBetong AS	Norbetong AS sitt erverv av NCC Roads AS si ferdigbetongverksemd i Vestfold og Telemark og kjøp av 51 % av aksjene i Åland betong blir tillate på vilkår.	Påklaga.
V2004-16 Nobø Electro AS,	Nobø Electro AS sitt oppkjøp av Siemens Electrical Heating AS blir forbode.	Påklaga og tillate i vedtak i departementet 26.10.2004.
V2004-28 TrioVing AS	Pålegg om å endre rabattordningar for låssystem og vilkår i lisensavtalar.	
V2004-24 Norges Apotekerforening	Inngrep mot at medlemsapoteka bruker eksklusivitetsavtalar.	
V2004-6 Bodø Boligbyggelag	Forbod mot å ta ekstragebyr frå bustadseljarar som bruker andre eigedomsmeklarar enn dei bustadbyggjelaget bruker.	
V2004-10: Tine BA	Forbod mot å gi lojalitetsrabattar til industrikundar som kjøper Hvitost.	

V2004-32 Ahlsells Holding AB - Bergens Rørhandel AS - Stavanger Rørhandel AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2004-33 Ticketmaster New Venture Holdings II AB - Ticnet AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	Påklaga. Departementet endrar på vilkåra.

---

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2005

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16)
- brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | **2005** | 2006 | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2005

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2005-18 Orkla ASA – Collett Pharma AS	Orkla får pålegg om å avhende alle rettar til Lofottran til ein uavhengig kjøpar.	Ikkje påklaga.
V2005-8 og V2005-12 Prior Norge BA – Norgården AS	Mellombels gjennomføringsforbod og forbod mot føretakssamanslutning.	Vedtaket innklaga, ikkje teke til følgje.
V2005-10 Bankenes Betalingsentral AS – ZebSign AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, forbod.	Påklaga, omgjort til godkjenning på vilkår.
V2005-11 National Oilwell, Inc. og Varco International, Inc.	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	Påklaga, vedtak oppheva.
V2005-3 Swarco Norge AS – Peek Trafikk AS	Forbod mot føretakssamanslutning.	Påklaga, vedtak oppheva.
V2005-9 SAS AB – prispolitikken til SAS-gruppen	Konkurranseskadeleg underprising, vedtak omgjort.	
V2005-6 Telenor Telecom Solutions AS - Tiscali AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	Ikkje påklaga.

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2006

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16)
- brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphør

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | **2006** | 2007 | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2006

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2006-223 Gilde – Prior	Konkurransetilsynet forbyr føretakssamanslutninga.	Påklaga, vedtaket oppheva av departementet.
V2006-490 Falck Danmark A/S – Viking Redningstjeneste AS	Forbod mot føretakssamanslutning.	Påklaga, FAD sette vilkår.
Orica Investments Pty Limited – Dyno Nobel ASA	Kommisjonen godkjende på vilkår.	

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2007

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16)
- brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | **2007** | 2008 | 2009

### Vedtak om inngrep i 2007

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2007-27 Nortura BA – Hå Rugeri AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår, forvaltar oppnemnd.	Ikkje påklaga.
V2007-10 Findus Norge AS – Gro Industrier AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår, forvaltar oppnemnd.	
V2007-13 Media Norge ASA – Aftenposten AS / Bergens Tidende AS / Fædrelandsvennen AS / Fædrelandsvennens Trykkeri AS / Stavanger Aftenblad ASA	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	
V2007-1 Trøndertaxi AS – Sør-Trøndelag Taxi AS – Konkurranselova § 16	Forbod mot føretakssamanslutning.	Påklaga, ikkje teke til følge.
V2007-17 Bankenes Betalingsentral (BBS) – Teller AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår. Forvaltar oppnemnd.	Ikkje påklaga.
V2007-2 Tine BA, misbruk av dominerande stilling	Pålegg om opphøyr.	Innklaga, blir behandla i rettsapparatet.
V2007- 9 Tide ASA – Veolia Transport Sør AS	Pålegg om opphøyr av samarbeid på enkeltruter.	Innklaga, klage framleis til behandling.



## Viktige vedtak i 2008

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16)
- brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | **2008** | 2009

### Vedtak om inngrep i 2008

Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2008-10 Rema 1000 AS - Lidl Norge GmbH	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	Ikkje påklaga.
V2008-22 Opplysningen Mobil AS – Aspiro Søk AS	Konkurransetilsynet forbyr føretakssamanslutning.	Påklaga, klagen ikkje teken til følge.
V2008-12 Eurofins Danmark A/S – Lantmännen Analycen Nordic AB / Analycen Ecotox AS	Inngrep mot føretakssamanslutning, tillate på vilkår.	
V2008-3 Norske Shell – Specific Assets of YX Energi Norge	Inngrep mot føretakssamanslutning, godkjent på vilkår.	
V2008-4 og V2008-5 Borregaard Industries Limited og Brenntag Nordic AS	Pålegg om opphøyr, lovbrotsgebyr.	Ikkje påklaga.
V2008-1 Bergen Sentrum øre-nese-hals – Lege Tor W. Søderstrøm	Pålegg om opphøyr av konkurranseskadeleg samarbeid.	Ikkje påklaga.
V2008-18: Håkonrune Rør AS og Oslo VVS Service AS	Lovbrotsgebyr og pålegg om opphøyr av samordna prissetjing.	Ikkje påklaga.

Publisert: 21.02.2011



## Viktige vedtak i 2009

- fusjonar og oppkjøp som er stoppa eller godkjende på vilkår (konkurranselova § 16)
- brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen (§ 10) eller misbruk av dominerande stilling (§ 11) – lovbrotsgebyr og/eller pålegg om opphøyr

1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | **2009**

### Vedtak om inngrep i 2009


Sak	Tilsynet sitt vedtak	Klagebehandling
V2009-17 Gran & Ekran AS og Grunnarbeid AS	Vedtak om lovbrotsgebyr for anbodssamarbeid, søksmål, Konkurransetilsynet fekk medhold i tingretten.	Saka er anka til lagmannsretten og skal behandlast der i 2011.
V2009-15 Norges Turbileierforbund	Pålegg om opphøyr og lovbrotsgebyr, søksmål, Konkurransetilsynet fekk medhold i tingretten.	Saka er anka til lagmannsretten og skal behandlast der i 2011.
V2009-14 Validus AS – Sunkost ASA	Konkurransetilsynet forbyr føretakssamanslutninga.	Påklaga, klage trekt.
V2009-7 Taxi Midt-Norge AS	Pålegg om opphøyr og lovbrotsgebyr.	Ikkje påklaga.

Publisert: 21.02.2011



## Medieomtale

Media er viktig for å skape større forståing for konkurranse. Nokre av sakene Konkurransetilsynet arbeider med, får mykje omtale i media. I 2010 hadde tilsynet 3682 presseoppslag medrekna omtale om kraftprisoversikta.



Her er ei oversikt over oppslag i pressa og utdjuing av saker som har fått ekstra medieomtale dei siste åra.

### 2002: Forbodet mot bonusprogram i norsk luftfart

I mars 2002 grip Konkurransetilsynet inn mot SAS, Braathens og Widerøe sine bonusprogram på innanriksrutene til flyselskapa og vedtek forbod mot bonusprogramma. Tilsynet meiner at slike bonusprogram kan ha ein sterk lojalitetsskapande verknad ved at dei gir kundane sterke insentiv til å halde seg til eitt flyselskap, noko som kan stengje konkurrentar ute frå marknaden. Dette gjeld særleg i Noreg, der det er fleire flyreiser per innbyggjar enn i dei fleste andre land.

Forbodet har medverka sterkt til at Norwegian Air Shuttle har kunna etablere seg og bli ein stor aktør.

I 2007 innfører Fornyings- og administrasjonsdepartementet ved ei eiga forskrift (krfl § 14) eit generelt forbod mot slike bonusprogram for alle flyselskap.

Etter at SAS og Norwegian i 2009 innførte ein ny type rabattprogram retta mot bedrifter, fann Konkurransetilsynet grunn til å undersøkje desse nærmare. I den samanhengen innhenta tilsynet informasjon frå både SAS og Norwegian. Etter gjennomgangen er det tilsynet si vurdering at desse rabattprogramma, slik dei var på det tidspunktet, ikkje avgrensar konkurransen.

Tilsynet vil følgje utviklinga i desse rabattprogramma nøye for å sikre at bonusforskrifta blir etterlevd. Konkurransetilsynet har i 2010 sett i gang ei ny undersøking av grunnlaget for bonusforbodet i norsk luftfart.

## **2003: Fusjonen mellom DNB og Gjensidige NOR**

I 2003 får Konkurransetilsynet søknad om godkjenning av fusjonen mellom DNB Holding ASA og Gjensidige NOR ASA. Konkurransetilsynet varslar at det vurderer å forby fusjonen fordi tilsynet er uroleg for at ein så stor aktør vil få marknadsmakt i fleire marknader, og at konkurransen vil bli vesentleg avgrensa. Ein fryktar at ein fusjonert storbank vil få ein marknadsdel på over 50 prosent på dei fleste område og få 60 til 70 prosent av befolkninga i Noreg som kundar.

Konkurransetilsynet godtek fusjonen mellom DNB og Gjensidige NOR, men på ei rekkje vilkår. Vilkåra inneber mellom anna sal av fleire selskap og eigardelar.

## **2004: Ny konkurranselov**

1. mai 2004 trer ny konkurranselov i kraft. Den nye lova er endra i forhold til konkurranselova frå 1993. Mellom anna blir det forbod mot misbruk av dominerande stilling og mot samarbeid som avgrensar konkurransen. Desse endringane inneber ei harmonisering til konkurransereglane i EØS-avtalen og EU-traktaten.

Lova gir næringsdrivande plikt til å melde frå til Konkurransetilsynet om fusjonar og oppkjøp. I tillegg får konkurransemyndigheitene høve til å gi kraftige administrative bøter ved brot på forboda i lova. Bøtene kan vere på inntil 10 prosent av den årlege omsetninga i selskapet. Bedrifter som hjelper Konkurransetilsynet med å avdekkje lovbrot, kan få reduserte bøter.

Den nye lova legg i stor grad opp til at føretaka sjølve må sørgje for at dei følgjer lova. Konkurransetilsynet styrkjer derfor tilsynsarbeidet sitt og jobbar hardt for å informere og rettleie om kva plikter den nye konkurranselova fører med seg.

## 2004–2010: Tine-saka

Granskinga av Tine og daglegvarekjedene startar i desember 2004, etter mistanke om at Tine har forhandla seg til eineleverandørposisjon hos Rema 1000.

Konkurransetilsynet vedtek i februar 2007 å gi Tine eit lovbrotsgebyr på 45 millionar kroner for utilbørleg utnytting av dominerande stilling og for samarbeid som avgrensar konkurransen. Tilsynet konkluderer med at det er stor fare for at Synnøve Finden heilt eller delvis ville blitt pressa ut av marknaden på grunn av Tines ekskluderande åtferd. Den reduserte konkurransen ville ha ramma forbrukarane i form av høgare prisar, mindre vareutval og mindre produktutvikling.

Tine aksepterer ikkje gebyret, og går til sak mot staten ved Konkurransetilsynet for å få vedtaket prøvd for retten.

I mars 2009 kjem Oslo tingrett fram til at Tine ikkje har handla i strid med konkurranselova. Konkurransetilsynet fremjar, i samråd med regjeringsadvokaten, ein anke for lagmannsretten. Anken omfattar både bevisvurderinga og rettsbruken i dommen frå tingretten. Tilsynet meiner at saka reiser ei rekkje prinsipielle spørsmål som det er viktig at retten tek stilling til.

Borgarting lagmannsrett konkluderer med at Tine har brote paragraf 11 i konkurranselova om utilbørleg utnytting av dominerande stilling i samband med årsforhandlingane med Rema 1000. Lagmannsretten vedtek òg at Tine skal betale eit lovbrotsgebyr på 30 millionar kroner. Tine blir frifunnen for påstanden om misbruk av dominerande stilling i samband med forhandlingane med ICA og for påstanden om konkurranseavgrensande samarbeid.

Tine ankar delar av lagmannsrettens konklusjon til Høgsterett.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Avviklinga av regionkontora

På 1990-talet var Konkurransetilsynet organisert med ei sentraleining i Oslo og eit regionapparat med i alt sju kontor. Det var regionkontor i Oslo/Hamar, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø og Tromsø.

Den 13. september 2000 informerte statsråd Jørgen Kosmo om at regionapparatet til tilsynet skulle avviklast. Stortingsfleirtalet slutta seg til innstillinga frå regjeringa, som var innarbeidd i forslaget til statsbudsjett for 2001. Omorganiseringa var grunngitt med strammare ressursrammer og ei nødvendig samling av ressursar i Oslo for å takle dei utfordringane konkurransestyremaktene stod overfor.

### **Omfattande planlegging og omstilling**

Den nye organisasjonen skulle vere på plass første halvår 2001. Avviklinga av regionkontora hadde direkte verknad for 56 medarbeidarar.

Målet for tilsynet var at ingen overtalige skulle bli arbeidslause. Leiinga prøvde å finne individuelle løysingar og tilpassingar for kvar tilsett. Det blei mellom anna utarbeidd avtalar for hospitering og vidareutdanning, jobbsøking og karriererådgiving. Konkurransetilsynet brukte i 2001 om lag 2,2 millionar kroner på kompetanseutviklande tiltak.

### **Viktig med informasjon**

Leiinga brukte aktivt ulike informasjonskanalar for heile tida å halde medarbeidarane orienterte om prosessen. Tilsynet engasjerte eksterne konsulentar med omstillingsprosessar som spesialområde. Konsulentane bidrog med råd og hjelp til leiinga i etaten og personleg oppfølging av overtalige medarbeidarar som ønskte slik hjelp.

Avviklingsprosessen varte gjennom heile 2001, og ved utgangen av året var det berre nokre få av dei overtalige medarbeidarane som ikkje var i ny jobb.

Frå 1. april 2001 var ikkje regionkontora lenger faglege einingar i tilsynet. Omstillingseiningar var verksame ut året. Konkurransetilsynet hadde i 2001 ein reduksjon i bemanninga frå om lag 150 til 100 årsverk. Samstundes blei produksjonar på kjerneområde ikkje vesentleg redusert.

Publisert: 21.02.2011

## Flyttinga til Bergen



- Knut Eggum Johansen og fleire av tilsynet sine tilsette var på byvandring hausten 2003 før flyttinga til Bergen. Foto: Arne Nilsen/Bergens Tidende

Juni 2003 vedtok Stortinget at Konkurransetilsynet skulle flyttast til Bergen. Regjeringa meinte at dette ville styrkje arbeidsmarknads- og kompetansebasen i bergensområdet, noko som blei sett på som ein stor fordel for heile regionen.

Flytteprosessen varte over ein periode på tre år, og den økonomiske ramma for omstillingsprosessen var 62,5 millionar kroner. Dette kom i tillegg til løyvingane til den ordinære drifta av tilsynet.

### **God planlegging og nært samarbeid**

Leiinga og dei tilsette samarbeidde nært om å planleggje flyttinga.

Tre interne arbeidsgrupper utarbeidde detaljerte planar og premissar for tre ulike fasar i flyttinga. Eit viktig verkemiddel i den innleiande fasen var avgjerda om «jobbgarantien» som konkurransedirektøren tok våren 2003. Avgjerda innebar at alle tilsette i Konkurransetilsynet blei garanterte jobb i Oslo i tre år. Dette medverka i høg grad til å skape ro og tryggleik i organisasjonen i den første tida etter at flyttevedtaket var gjort.

Den 1. juni 2004 var det offisiell opning av lokala til tilsynet i Telegrafbygningen midt i Bergen sentrum. Etter dette skjedde flyttinga gradvis, med systematisk oppbygging og overføring av oppgåver til Bergen parallelt med ei gradvis nedtrapping i Oslo.

Våren 2005 fekk Konkurransetilsynet ansvaret for KOFA-sekretariatet, med krav om flytting til Bergen innan utgangen av 2006. Også denne flyttinga blei gjennomført etter planen.

### **Samla i Bergen**

Etter ein kontinuerleg flytteprosess i nærmare to og eit halvt år var heile leiargruppa i Konkurransetilsynet samla i Bergen frå 1. september 2006.

Mange tilsette slutta i samband med flyttinga. Samtidig lykkast tilsynet i denne perioden med å rekruttere svært dyktige fagfolk i Bergen. Tilsynet hadde også den gongen eit godt omdømme, og talet på søkjarar til jobbar i tilsynet var svært høgt. Mange ønskte Konkurransetilsynet som arbeidsplass.

Konkurransetilsynet hadde 116 tilsette då flyttinga blei vedteken i 2003. Då flytteperioden var over 1. januar 2007, hadde 98 av dei slutta. Totalt 29 tilsette hadde skrive under avtale om flytting frå Oslo til Bergen. Av desse hadde 13 avtale om pendling i ein overgangsfase.

### **Krevjande saker i flytteprosessen**

Midt i den krevjande flytteprosessen måtte tilsynet handtere ei rekkje store saker som vekte stor merksemd i det politiske miljøet og i samfunnet elles. Særleg kravde sakene som var knytt til konkurranse i luftfarten og i daglegvaremarknadene, store ressursar. Forbodet mot misbruk av dominerande stilling var nytt i den norske konkurranselova i 2004, og spesielt sakene om Tine og konkurransetilhøve i norsk luftfart kravde mykje tid og ressursar.


[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011


## Fire ulike organisasjonskart fra perioden 1999–2010

1999 | 2001 | 2005 | 2010 |

Organisasjonskart fra 1999 med dei åtte regionkontora




Organisasjonskart fra 2001 med restruktureringa til marknadsområde




[Til toppen](#)

Organisasjonskart frå 2005 med marknadsavdelingar både i Oslo og i Bergen og det nye KOFA-sekretariatet



Konkurransetilsynet og KOFA i 2010





Publisert: 21.02.2011



## Dei tilsette



- I 2004 var dei første tilsette på plass i Telegrafbygningen i Bergen. Biletet er henta frå årsmeldinga for 2004. Foto: Ole Walter Jacobsen


**Utviklinga frå 1999 til i dag har vist at Konkurransetilsynet har vore ein relativt stabil organisasjon trass i to store omstillingar: avviklinga av regionkontora, og flyttinga til Bergen.**

### **To store omstillingar**

I 1999 var Konkurransetilsynet ei sentral verksemd plassert i Oslo, med sju regionkontor andre stader i landet. Det var i alt 154 tilsette i Konkurransetilsynet; 57 av dei var plasserte på regionkontora, mens 97 var knytte til sentraleininga.

Ved avviklinga av regionapparatet og utviklinga av ein ny organisasjon i 2001 blei talet på tilsette redusert frå 154 til 114.

**Grafen viser talet på tilsette frå 1999 til 2010**



[Les meir om avviklinga av regionkontora »](#)


I juni 2003 vedtok Stortinget at Konkurransetilsynet skulle flyttas til Bergen. Flyttinga skulle vere fullført i 2006. Dei første medarbeidarane var på plass våren 2004, verksemda i Bergen blei gradvis trappa opp samtidig som ein bygde ned i Oslo. Ved utgangen av 2006 var flyttinga gjennomført. Det var stor interesse for stillingane som blei oppretta i Bergen, og det var svært mange søkjarar til kvar utlyst stilling.

[Les meir om flyttinga til Bergen »](#)

## Aldersfordeling og tenestetid

Då regionkontora blei lagde ned, sakk gjennomsnittsalderen på dei tilsette i Konkurransetilsynet betrakteleg. Etter dette har gjennomsnittsalderen halde seg relativt stabil, mellom 35 og 38 år.

**Grafen viser gjennomsnittsalder i åra 2001 til 2010**



I 2007, då flyttinga til Bergen var fullført, hadde 47 prosent av alle økonomar og juristar som arbeidde i fagstillingar i tilsynet, vore tilsette i to år eller mindre, mens berre 21 prosent hadde ei tenestetid på fem år eller meir. I 2010 har 28 prosent vore tilsette i to år eller mindre, og 28 prosent har vore tilsette i fem år eller meir.

## Utsifting

Det har vore relativt store variasjonar i turnover dei siste ti åra. Turnoveren har vore spesielt høg i år med store omstillingar. Lågast turnover var det i 1999 og i 2003, med høvesvis 10,5 og 6,5 prosent. I samband med nedlegginga av regionkontora var det ein turnover på 18 og 16 prosent.

I 2005 og 2006, då flyttinga til Bergen pågjekk, var turnoveren på meir enn 30 prosent. Dette var ein periode då mange tilsette valde å ikkje følgje med til Bergen og det blei rekruttert mange nye til organisasjonen. Frå 2006 gjekk turnoveren gradvis nedover. Lågast var han i 2009 med 11 prosent. I 2010 er turnoveren på 17 prosent.

**Grafen viser turnover i prosent for åra 1999 til 2010**




Konkurransetilsynet bereknar turnover ved å sjå på kor mange som har slutta eit år, samanlikna med kor mange som var tilsette i byrjinga av året.

## Likestilling

I 1999 sette Konkurransetilsynet som mål at det skulle vere minst 30 prosent kvinner i leiinga. Frå 2000 har talet på kvinner i leiinga vore over 30 prosent, med unntak av 2009, då prosenttalet var 28. I 2010 var det 33 prosent kvinner i leiinga.

Samla sett har kvinneprosenten i tilsynet variert ein del dei siste ti åra: lågast var han i 1999 med 44. Høgast kvinneprosent var det i 2006, då var prosenttalet 53. Hovudtrenden er at det er fleire menn enn kvinner i tilsynet, men jamt over er talet ganske likt.

### Figuren viser prosentfordelinga mellom menn og kvinner




■ Menn ■ Kvinner

## Sjukefråvær

Sjukefråværet har vore varierende dei siste ti åra. Det var høgast i tilknytning til dei to store omstillingsperiodane. Etter at Konkurransetilsynet inngjekk avtale om eit inkluderande arbeidsliv i 2002, har sjukefråværet – med unntak av 2007 – vore under 5 prosent, i tråd med målet.

### Grafen viser sjukefråvær i åra 2001 til 2010




[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Løyvingar i perioden 1999–2010

**Inflasjonsjusterte løyvingar for perioden 1999 til 2010.**



Grunnlaget for utrekninga er årsgjennomsnittleg konsumprisindeks frå SSB samanlikna med 2010.

Tilleggsløyvingar, belastingsfullmakter og kompensasjon for lønnsoppgjjer er ikkje rekna med her. For eksempel fekk Konkurransetilsynet tilleggsløyvingar på 10,8 millionar kroner i 2001 og 5,9 millionar kroner i 2008.

Publisert: 21.02.2011

## Internasjonalt samarbeid er viktig for konkurransen



- Konkurransetilsynet arbeider internasjonalt gjennom konkurransefaglege organisasjonar og nettverk.

### **Konkurransetilsynet har eit stort internasjonalt nettverk.**

På området konkurranserett har Noreg felles kjeldegrunnlag med EU. Derfor er det mykje å hente på å samarbeide med dei 29 andre EØS-landa, og med Europakommisjonen. Dette gjeld uavhengig av at Noreg ikkje er medlem i Europakommisjonen. Gjennom EØS-avtala har vi rett og plikt til å samarbeid med ESA og Europakommisjonen.

Konkurransetilsynet arbeider internasjonalt både i regelverkssaker, enkeltsaker, ved intern opplæring og utviklingsarbeid, og gjennom dei nettverka som danner grunnlaget for vår kontakt med aktørar frå andre land. Å samanlikne oss med andre land er også eit instrument for å måle om vi gjer ting rett.

Konkurransetilsynet prioriterer og opplæring gjennom å delta i internasjonale konferansar og kurs. Dette gjer vi for å halde eit høgt kompetansenivå på utviklinga innan konkurranseretten i mellom anna EU. Eit av fleire eksempel på slik opplæring er kurs ved Kings College i London, der tilsynet jamnleg sender kandidatar.

Store deler av Konkurransetilsynet sin internasjonale kontaktbase blir halden ved like og utvikla gjennom internasjonale nettverk. Ei oversikt over dei mest sentrale av Konkurransetilsynets internasjonale nettverk og samarbeid er gitt i teksten under.

### **Oversikt over tilsynet sitt internasjonale nettverk og samarbeid**

#### **Nordiske konkurransestyresmakter**

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har hatt eit godt samarbeid



i over 50 år. Dei gjennomfører årlege møte med utveksling av erfaringar. Dei har også jamleg kontakt. Island, Finland, Sverige, Danmark og Noreg har ei avtale om vidare utveksling av informasjon som er underlagt teieplikt. Kvart år blir det utarbeidd ein felles nordisk rapport om eit aktuelt tema av felles interesse.

### **EU/EØS**

Tilsynet assisterer Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet med implementering av EØS-regelverk i norsk rett i samsvar med våre plikter etter EØS-avtala.

Tilsynet representerer Noreg i rådgjevande komité for konkurranse- og fusjonssaker, som Europakommisjonen og EFTAs overvåkingsorgan (ESA) konsulterer i konkrete saker. Tilsynet assisterer ESA og Europakommisjonen ved bevissikringar i Norge.

- **European Competition Network (ECN)**. Samarbeidsforum for Europakommisjonen og konkurransetilsyna i EU sine medlemsstatar. Konkurransetilsynet er ikkje formelt medlem, men deltek i møte om policyspørsmål og tek imot informasjon som blir utveksla i nettverket.
- **European Competition Authorities (ECA)**. Nettverk mellom konkurransedirektørane i EØS. Tilsynet tek også del i arbeidsgrupper i dette nettverket.

**OECD.** Tilsynet er med i OECD sin konkurransekomité og i to arbeidsgrupper under komiteen.

**International Competition Network (ICN).** Skal auke graden av internasjonalt samarbeid og bidra til harmonisering av regelverk.

Det framgår av boksen over at OECD er eit av fleire viktige internasjonale nettverk. Eit oversyn over Konkurransetilsynet sine bidrag til OECDs Competition Committee eller underkomiteane *Working Party No. 2 on Competition and Regulation* og *Working Party No. 3 on Co-operation and Enforcement* er gitt i tabellen under.

#### **Konkurransetilsynet sine bidrag til OECD sine møte i 2010**

<b>OECD-møte</b>		<b>Tittel på Konkurransetilsynet sitt bidrag</b>
<b>Februar -møta</b>	OECD Global Forum on Competition	<a href="#">Collusion and corruption in public procurement (pdf)</a>
	Working Party No. 2 on	<a href="#">Electricity: renewables and smart grids (pdf)</a>

<b>Juni- møta</b>	Competition and Regulation	<a href="#">Roundtable on competition and sports (pdf)</a>
	Working Party No. 2 on Competition and Regulation	
<b>Oktober -møta</b>	OECD Competition Committee	<a href="#">Annual report 2009</a>  <a href="#">Competition Policy and Green Growth (pdf)</a> - Note by the Delegations of Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden
	Working Party No. 2 on Competition and Regulation	<a href="#">Emission permits (pdf)</a> - Note by the Delegations of Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Viktige lovendringer i 2010



- Det mellombelse unntaket frå konkurranselova for klinisk veterinærvakt skal gjere det lettare for kommunane å sørgje for ei veterinærvaktordning.

### **Forskrift om anvendelse av konkurranseloven § 10 tredje ledd på grupper av avtaler, beslutninger og samordnet opptreden på forsikringsområdet.**

I samband med revisjonen av EU-regelverket knytt til avtalar, vedtak og samordna praksis på forsikringsområdet blei det 31. mai 2010 vedteke ny forskrift om bruk av konkurranselova § 10 tredje ledd på grupper av avtalar, vedtak og samordna praksis på forsikringsområdet. For visse typar samarbeid på forsikringsområdet gjer forskrifta etter nærmare vilkår unntak frå forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid i konkurranselova § 10 første ledd. Forskrifta tredde i kraft 31. mai 2010 og gjeld til 31. mars 2017.

### **Forskrift om anvendelse av konkurranseloven § 10 tredje ledd på grupper av vertikale avtaler og samordnet opptreden.**

I samband med revisjonen av EU-regelverket knytt til vertikale avtalar blei det 21. juni 2010 vedteke ny forskrift om bruk av konkurranselova § 10 tredje ledd på grupper av vertikale avtalar og samordna praksis. For visse typar vertikale samarbeidsavtalar gjer forskrifta etter nærmare vilkår unntak frå forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid i konkurranselova § 10 første ledd. Forskrifta tredde i kraft 31. mai 2010 og gjeld til 31. mai 2022.

### **Forskrift om anvendelse av konkurranseloven § 10 tredje ledd på grupper av vertikale avtaler og samordnet opptreden i motorvognsektoren.**

I samband med revisjonen av EU-regelverket knytt til vertikale avtaler og samordna praksis i motorvognsektoren blei det 24. august 2010 vedteke ny forskrift om bruk av konkurranselova § 10 tredje ledd på grupper av vertikale avtaler og samordna praksis i motorvognsektoren. For visse typar samarbeid i motorvognsektoren gjer forskrifta etter nærmare vilkår unntak frå forbodet mot konkurranseavgrensande samarbeid i konkurranselova § 10 første ledd. Forskrifta tredde i kraft 1. juni 2010 og gjeld til 31. mai 2023.

### **Forskrift om mellombels unntak frå konkurranseloven for avtaler om klinisk veterinæravtalt blei vedteken 17. desember 2010.**

Forskrifta har som formål å avgrense bruken av forboda i konkurranselova, slik at det kan gjerast rammeavtalar og avtalar om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinæravtalt. I tråd med dette formålet gjer forskrifta unntak frå konkurranselova §§ 10 og 11 for avtalar og ein-sidede handlingar utførte av veterinærar eller organisasjonane deira, så sant den aktuelle åtferda er nødvendig for å kunne forhandle fram og gjennomføre avtalar mellom desse og kommunane for å følgje opp det ansvaret kommunane har for å sørge for ei veterinæravtaltordning. Forskrifta tredde i kraft 1. januar 2011 og gjeld til 30. juni 2012.

### **Forskrift om takstberekning og maksimalprisar for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn blei vedteken 30. september 2010.**

Forskrifta innfører mellom anna eit nytt takstsystem for løyvepliktig drosjetransport, parallelltakst, og fastset takstar for maksimalprisregulert drosjetransport. Forskrifta trer i kraft 1. september 2011.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Mål og resultatkrav for 2010



- Vedlikehold av kraftprisoversikta til Konkurransetilsynet er eit av aktivitetskrava frå departementet.

**Kvart år får Konkurransetilsynet eit tildelingsbrev frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet med rammer for tilsynet si verksemd det komande året.**

I tildelingsbrevet legg departementet dei økonomiske rammene for Konkurransetilsynet i 2010, og fastset mål, resultatkrav og krav til rapportering. Dette går fram av kapittel 3 i tildelingsbrevet, «Mål og resultatkrav».

Departementet seier i tildelingsbrevet at det legg vekt på at resultatrapporteringa frå Konkurransetilsynet skal innehalde vurderingar av kva resultat ein faktisk oppnår, med utgangspunkt i resultatkrava i tildelingsbrevet.

For å sikre samanheng mellom føringane i St.prp. nr. 1, tildelingsbrevet og resultatrapportering frå tilsynet skal Konkurransetilsynet i årsrapporteringa til departementet ta utgangspunkt i resultatrapporteringstabellen som følgde med tildelingsbrevet.

Her følgjer ei oppsummering av dei viktigaste aktivitetane og resultatane i samsvar med resultatrapporteringstabellen, mens ei meir utfyllande framstilling er gitt i dei neste kapitla.

Dei viktigaste aktivitetane og resultatane er oppsummerte her under overskriftene [samfunnseffektar](#), [brukareffektar](#) og [interne prioriteringar](#).

## Samfunnseffektar



- Tilsynet gjennomfører marknadsovervaking av mellom anna matvaresektoren.

### MÅL 1

**Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt.**

### RESULTATKRAV

**1.1)** Konkurransetilsynet skal, i årleg gjennomsnitt over ein treårs periode, bringe til opphøyr minst to tilfelle av alvorlig, forbode konkurranseregulerande samarbeid eller misbruk av dominerande stilling.

### AKTIVITETAR Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**1.1)** Satsinga frå 2009 på å avdekkje kartellverksemd har halde fram. Tilsynet har mellom anna

- gjennomført fleire møte med offentlege innkjøparar, med særskilt fokus på å førebyggje og avdekkje kartellverksemd
- arbeid for å gjere sjekklista for å førebyggje og avdekkje ulovleg anbodssamarbeid meir kjend
- delteke med innlegg i seminar der anbodssamarbeid og lempingsordninga har vore tema
- delteke i internasjonale fora for samarbeid om å førebyggje og avdekkje ulovleg samarbeid
- vidareført opplæring av medarbeidarar i etterforskingssamarbeid, mellom anna sikring og analyse av elektroniske beslag

Tilsynet anka Tine-dommen inn for Borgarting lagmannsrett. Anken omfattar både bevisvurderinga og rettsbruken.

To entreprenørselskap i Trøndelag gjekk til sak mot Konkurransetilsynet for å få prøvd eit vedtak om gebyr for brot på konkurranselova.

Norges Turbileierforbund gjekk til sak mot Konkurransetilsynet for å få prøvd eit vedtak om gebyr for brot på konkurranselova.

Tilsynet gjennomfører markedsobservasjon av matvaresektoren, meierisektoren og kraftsektoren.

### **1.1.1) Tilsynet skal behandle alle meldingar om føretakssammanslutningar innan fastsette fristar.**

KT har fått 414 meldingar om føretakssammanslutningar i 2010 (294 meldingar i 2009). Det blei bede om fullstendig melding i 9 tilfelle (8 i 2009).

## **RESULTATRAPPORTERING**

Kravet til resultat knytte til forbodsføresegnene skal sjåast i eit treårs perspektiv, sidan etterforsking av denne typen saker gjennomgåande tek meir enn eitt år. I 2009 fatta tilsynet 3 vedtak for brot på forboda. Tilsynet har i løpet av 2010 behandla ei rekkje saker knytte til brot på forboda og vil venteleg fatte vedtak i fleire saker i 2011. Det er derfor sannsynleg at tilsynet vil innfri resultatkravet over ein treårsperiode.

Når det gjeld etterforsking av saker i 2010 har tilsynet mellom anna:

- gjennomført bevissikringar i 4 saker på 19 stader
- gjennomført 32 forklaringsopptak
- vurdert indikasjonar på brot på forbodsreglane, mellom anna tips og klagar
- sett i verk etterforsking i fleire saker, mellom anna i bygg- og anleggssektoren
- behandla fleire lempingssøknader

Borgarting lagmannsrett slo i september fast at Tine braut konkurranselova då selskapet hausten 2004 forhandla seg til eineleverandørposisjon hos Rema 1000. Retten har konkludert med at Tine må betale eit lovbrotsgebyr på 30 millionar kroner. Tine har anka dommen.

Sør-Trøndelag tingrett avsa i juni dom i saka der to entreprenørar fekk gebyr av Konkurransetilsynet for ulovleg anbodssamarbeid. Gebyra er på til saman sju millionar kroner. Dommen er anka.

Oslo tingrett avsa i mars dom i saka mellom Norges Turbileierforbund og Konkurransetilsynet. Retten held fast på gebyret på 400 000 kroner for brot på konkurranselovera. Dommen er anka.

Tilsynet gjennomfører marknadsovervaking av matvaresektoren, meierisektoren og kraftsektoren.

Alle meldingar om føretakssamanslutningar er behandla innan fastsette fristar. Konkurransetilsynet har bede om fullstendig melding i fleire saker, men har ikkje hatt inngrep mot føretakssamanslutningar i 2010.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Ulovleg åtfærd](#)

[Samfunnseffektar > Fusjonar og oppkjøp](#)

[Samfunnseffektar > Andre konkurransesaker](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 2

---

**Forsterke dei preventive verknadene av konkurranselovera**

### RESULTATKRAV

---

**2.1)** Tilsynet skal dokumentere auka kjennskap til konkurranselovera og Konkurransetilsynet si handheving.

### AKTIVITETAR

---

Nettstaden til tilsynet, [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no), er ein viktig kanal for informasjon retta mot publikum, næringslivet og media og skal medverke til å auke kjennskapen til konkurranselovera og konkurransetilsynet si handheving.

Kvar veke blir pressemeldingar og annan informasjon lagde ut på nettstaden. Dei viktigaste sakene blir òg sende ut som e-post. Konkurransetilsynet lanserte nettsider på samisk 15. juni 2010.

KonkurransaNytt er no blitt ein elektronisk publikasjon og kom ut to gonger i 2010. Magasinet inneheld konkurransefaglege artiklar og informasjon om arbeidet i tilsynet. Det blir sendt ut som e-post og lagt ut på nettstaden.



Konkurransetilsynet oppfordrar dei tilsette til å delta i den offentlege debatten for å auke kunnskapen om konkurransepolitikken. I 2010 har ei rekkje artiklar og innlegg vore på trykk både i dagspressa og i fag- og bransjetidsskrift.

I juni 2010 arrangerte tilsynet den årlege konferansen i konkurranserett. I tillegg har tilsynet arrangert fleire seminar om konkurransefaglege spørsmål. Tilsette i tilsynet held også foredrag i andre samanhengar.

Konkurransetilsynet har utarbeidd ein informasjonspakke til innkjøparar med tips og råd om korleis dei kan førebyggje og avdekkje anbodssamarbeid. Pakken er sendt ut til ei rekkje innkjøparar i det offentlege.

Medieomtale er viktig for å nå breitt ut med informasjon, og Konkurransetilsynet opplever generelt stor interesse frå media.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Nesten 520 000 personar besøkte konkurransetilsynet.no i 2010. Det er dobbelt så mange som i 2009.

Nyheitssaker på nettstaden: 89 (mot 88 i 2009).

Nyheitsbrev som e-post: 56 utsendingar. Talet på abonnentar steig frå 1900 til 2800 i 2010.

Dei samiske nettsidene hadde 174 besøk frå 15. juni til 31. desember.

KonkurransaNytt: 2 utgåver.

Medieklipp: 2952 (mot 2360 i 2009).

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Preventive verknader](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 3

---

**Behandle EØS-enkeltsaker slik at norske interesser blir sikra i samsvar med rettane og pliktene våre etter EØS-avtalen**

### RESULTATKRAV

---

**3.1)** Konkurransetilsynet skal vurdere utfallet av dei EØS-sakene der tilsynet på vegner av Noreg har gitt merknader til

Europakommisjonen. Utfallet av sakene skal vurderast ut frå formålet med merknadene.

## **AKTIVITETAR** Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**Konkurransetilsynet skal rapportere til departementet om utfallet av sakene. Tilsynet sine vurderingar av utfallet skal følgje med i rapporteringa.**

Konkurransetilsynet har kontinuerleg rapportert til konkurransepolitisk avdeling i departementet om framdrifta i og utfallet av dei enkeltsakene tilsynet har engasjert seg i. Tilsynet si vurdering av utfallet har følgd med rapporteringa i dei sakene dette var aktuelt.

Konkurransetilsynet har kontinuerleg meldt aktuelle norske saker etter artikkel 53 og 54 til ESA.

Tilsynet har etablert interne rutinar for å prioritere saker der det blir gitt merknader, og etablert rutinar som sikrar at desse sakene blir evaluerte, med tilbakemelding til departementet. Tilsynet har vidareutvikla interne rapporteringssystem for melde saker.

Tilsynet har òg kontinuerleg følgd utviklinga i relevante pågåande saker for ESA, og i utvalde prinsipielle saker for EU.

Vidare har tilsynet delteke i høyring og rådgivande komité for utvalde relevante enkeltsaker i EU. Sakene blei lagde fram for departementet for kommentar og mandat før møtedeltaking.

## **RESULTATRAPPORTERING**

Det blei gjort vedtak i ei enkeltsak for EFTAs overvakingsorgan ESA i 2010. Det var i saka mot Posten Noreg AS. Saka er anka til EFTA-domstolen.

## **MEIR INFORMASJON**

[Samfunnseffektar > EØS – enkeltsaker](#)

[Til toppen](#)

## **MÅL 4**

**Behandle regelverkssaker i EØS slik at norske interesser blir sikra i samsvar med rettane og pliktene våre etter EØS-avtalen**

## RESULTATKRAV

---

**4.1)** Konkurransetilsynet skal aktivt følge regelverksarbeidet i EU/EØS og assistere departementet med korrekt implementering av EØS-regelverket.

## AKTIVITETAR

---

Konkurransetilsynet har fulgt og sett seg inn i alle EØS-relevante regelverkssaker i dialog med departementet. Konkurransetilsynet har med få unntak delteke i alle relevante møte om regelverksendringar i EU. Konkurransetilsynet har gjennomført høyring i Noreg for alle relevante regelverkssaker.

Konkurransetilsynet har fulgt opp etablerte retningslinjer i samarbeid med departementet.

Konkurransetilsynet har fått omsett ferdigstilte regelverk i samråd med FAD og UD.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Døme på relevante regelverkssaker som tilsynet har behandla i 2010, er revisjon av gruppefritak for forsikring, motorvogner og linjekonsortium og revisjon av regelverket for vertikale og horisontale avtalar

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > EØS – regelverkssaker](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 5

---

**Synleggjere resultata av arbeidet i Konkurransetilsynet**

## RESULTATKRAV

---

**5.1)** Bruke pris eller ein annan høveleg indikator for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken. Tilsynet skal velje tiltak og marknader som er representative for verksemda i tilsynet. Verknadene for forbrukarane skal òg synleggjerast.

## AKTIVITETAR *Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet*

---

**5.1.1) Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om opphøyr av eit grovt brot på forboda i konkurranselova.**

Konkurransetilsynet gjorde tre vedtak om brot på konkurranselova § 10 i 2009. Det eine blei evaluert i årsmeldinga for 2009. Dei to andre er framleis ikkje endeleg avgjorte i rettssystemet og er derfor dårleg eigna for ein slik evaluering. Det er heller ikkje gjort vedtak i slike saker i 2010. Tilsynet har derfor valt å rapportere verknadene av innføringa av forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett.

#### **5.1.2) Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning.**

Det er ikkje gjort vedtak om inngrep mot fusjonar eller oppkjøp i 2010. Tilsynet har valt å rapportere frå ein analyse av konkurransen i drivstoffmarknaden.

#### **5.1.3) Tilsynet skal vurdere verknadene av minst éi påpeiking etter § 9e i konkurranselova.**

Konkurransetilsynet har evaluert ei påpeiking til Trondheim kommune om organiseringa av Trondheim Renholdsverk AS og gjennomføring av anbudsprosessar i avfallssektoren.

## **RESULTATRAPPORTERING**

I 2010 var det i overkant av 2000 privatpersonar som annonserte bustad for sal på nettportalane. Dei fleste privatannonsane blei publiserte på Finn.no, og annonsane utgjorde om lag 2 prosent av alle bustadannonsane i 2010.

Lokal konkurranse er viktig for drivstoffprisane.

Trondheim kommune har endra organiseringa av renovasjonstenestene.

## **MEIR INFORMASJON**

[Samfunnseffektar > Verknader av konkurransepolitikken](#)

[Til toppen](#)

## **MÅL 6**

**Fremme konkurranse i utvalde næringar med konkurranseutfordringar**

## RESULTATKRAV Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**6.1)** Vurdere konkurransesituasjonen og behovet for tiltak for å styrkje konkurransen i minst to marknader. Tilsynet avgjer sjølv kva marknader som skal vurderast, på grunnlag av dei prioriteringane som er gitt i Prop. 1 S (2009–2010) *Fornyings- og administrasjonsdepartementet*.

## AKTIVITETAR Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

### 6.1.1) Konkurransetilsynet skal assistere departementet i oppfølginga av Soria Moria II-erklæringa om utgreiing av styrkeforholda i verdikjeda for mat.

Konkurransetilsynet har gjennomført ein nærmare [analyse av konkurransesituasjonen i drivstoffmarknaden](#).

Konkurransetilsynet har analysert [konkurransen i marknaden for offentlig tenestepensjon](#). Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD).

Konkurransetilsynet har vedteke å forlengje meldeplikta for årsavtalane som daglegvaregrupperingane har med marknadsleiande leverandørar.

Konkurransetilsynet har vidareført overvakingsordninga for bruttomargarar i meierisektoren.

Ei ny forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett tredde i kraft 1.1.2010. Forskrifta blei vedteken etter forslag frå Konkurransetilsynet.

Konkurransetilsynet har overvakt marknadene for betalingskort. Nye reglar gjer at handelsnæringa no kan ta betalt for dei høge gebyra som kortselskapa tek for bruk av internasjonale betalingskort. Slik kan forbrukarane få insentiv til å velje dei mest effektive betalingsmidla.

Konkurransetilsynet har drive kontinuerleg marknadsovervaking av engrosmarknaden for kraft i samarbeid med NVE.

Konkurransetilsynet har halde fram med å overvake TV-marknadene og har

- vore med i arbeidsgruppa som Kulturdepartementet oppretta for å vurdere tilbodet til TV-sjåarane med tanke på valfridom og mangfald.

- samarbeidd med Medietilsynet om å utarbeide prosedyre for førehandsgodkjenning av nye NRK-tenester der Konkurransetilsynet har fått som oppgåve å vurdere eventuelle konkurranseavgrensande verknader av kringkastingsforskrifta.

---

Konkurransetilsynet har tilrådd avvikling av fastprisordninga på bøker.

---

Konkurransetilsynet har gjennomgått rabattprogramma SAS og Norwegian har for bedrifter, for å vurdere om dei kan vere i strid med forskrifta som forbyr opptening av bonuspoeng på innanriksruter i Noreg.

Tilsynet har sett i gang ei utgreiing av om forbodet mot bonusprogram i norsk luftfart bør strammast inn, bli vidareført som det er, eller bli oppheva.

---

Konkurransetilsynet har saman med representantar frå NVE, NordPool, Statnett, kraftintensiv industri, kraftprodusentar og kraftleverandørar sete i referansegruppa til ekspertutvalet som har sett på drifta av kraftsystemet.

Den finske energiregulatoren gav Gaia Consulting Oy i oppdrag å lage ein rapport om bakgrunnen for pristoppene vinteren 2009/2010. Nordiske energiregulatorar og konkurransemyndigheiter utgjorde styringsgruppa for konsulentselskapet.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Konkurransetilsynet er representert i sekretariatet til utvalet som granskar styrkeforholda i verdikjeda for mat.

---

Undersøkinga av drivstoffmarknaden styrkjer oppfatninga av at den lokale konkurransen har mykje å seie for bensinprisane.

For å styrkje konkurransen i drivstoffmarknaden er tilsynet oppteke av å redusere eventuelle etableringshindringar både på nasjonalt og lokalt nivå.

Marknaden for drivstoff er viktig for norske forbrukarar, og Konkurransetilsynet vil prioritere å følgje pris- og konkurranseutviklinga i denne marknaden nøye også i tida framover.

---

Konkurransen i marknaden for offentleg tenestepensjon er avgrensa. Det er få som tilbyr produktet, og arbeidsgivarane orienterer seg i liten grad i marknaden. Det er likevel eit stort potensial for sterkare konkurranse i denne marknaden.

Meldeplikta for daglegvarekjedene gjer at Konkurransetilsynet kan føre eit meir effektivt tilsyn med konkurransen i daglegvaremarknaden.

Ordninga gjer at tilsynet kan undersøkje avtalane og vurdere om dei har konkurranseskadelege verknader.

Meldeplikta verkar disiplinerande på aktørane.

Overvakingsordninga for bruttomarginar i meierisektoren hindrar prisåtferd som er til skade for konkurransen.

---

Bustadeigarar har fått tilgang til å annonsere bustaden sin for sal på Finn.no og liknande portalar.

---

Marknadsovervaking er eit viktig ledd i arbeidet med å avdekkje eventuelt misbruk av marknadsmakt i kraftmarknaden.

---

Konkurransetilsynet har ikkje fått gjennomslag for tilrådinga om å avvikle av fastprisordninga på bøker.

---

Slik rabattprogramma for bedrifter var utforma på tidspunktet for gjennomgangen, vurderte tilsynet at dei ikkje avgrensa konkurransen i norsk luftfart.

I desember 2010 varsla Konkurransetilsynet at ein vil undersøkje om forbodet mot bonusprogram i norsk luftfart bør strammast inn, bli vidareført som det er, eller bli oppheva.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar > Utvalde næringar](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 7

---

**Medverke til at det blir lagt vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der regjeringa ønskjer konkurranse**

## RESULTATKRAV

---

**7.1)** Saksbehandlinga skal innrettast med sikte på at mottakarar av påpeiking etter § 9e tek omsyn til merknader frå tilsynet.

---

**7.2)** Saksbehandlinga skal innrettast slik at konkurranseomsyn blir synlege og mottakarar av høyringssvar tek omsyn til merknader frå tilsynet.

## AKTIVITETAR

---

**7.1)** I 2010 har Konkurransetilsynet ikkje sendt påpeikingar etter § 9e.

Tilsynet legg stor vekt på kontakt med mottakarar av påpeikingar før og etter at påpeikinga blir send. To døme på det er nærmare presenterte i årsmeldinga:

- Konkurransemessige sider ved ordninga for privatpraktiserande fysioterapeutar
- Spørsmål om anskaffingslova og kommunal tenestepensjon

**7.2)** I 2010 har Konkurransetilsynet gitt 18 høyringsfråsegner (for 2009 blei det gitt 39 høyringsfråsegner).

Tilsynet har levert eit skriftleg bidrag om avanserte målarar og styringssystem (AMS) til OECD, som fokuserer på innføringa av smarte elektrisitetsmålarar i Noreg.

Fråsegn til Finansdepartementet om forholdet mellom § 10 i konkurranselova og gjennomføring av etteroppgjer for CO2-avgift på gass.

## RESULTATRAPPORTERING

---

**7.1)** I brev frå Helse- og omsorgsdepartementet av 3. september 2009, som er svar på påpeikinga frå Konkurransetilsynet, blei det varsla at dei problematiske sidene ved ordninga med privatpraktiserande fysioterapeutar i første omgang vil bli følgde opp med ein dialog med KS og dei involverte yrkesorganisasjonane, der det vil bli diskutert korleis ein skal gjennomgå avtale- og regelverket på området.

I 2010 sette regjeringa ned ei interdepartemental arbeidsgruppe for å greie ut korleis val av pensjonsleverandør for tilsette i helseføretak kan og bør gjennomførast.

**7.2)** Det er gjort ei innstramming med omsyn til kva saker som skal prioriterast for høyringsfråsegner. Dette gir større fokus på dei høyringsfråsegnene som blir prioriterte.

Høyringsfråsegna og ei kort pressemelding blir publiserte på Internett kvar gong tilsynet uttalar seg.

## MEIR INFORMASJON

---

[Samfunnseffektar](#) > [Offentlege tiltak og reguleringar](#) > [Påpeikingar](#)



[Samfunnseffektar > Offentlege tiltak og reguleringar > Høringsfråsegn](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Brukareffektar



- Konkurransetilsynet si kraftprisoversikt er eit nyttig verktøy for å finne beste kraftprisavtale.

### MÅL 8

#### Halde oppe omdømmet til Konkurransetilsynet

#### RESULTATKRAV

**8.1)** Konkurransetilsynet skal innrette saksbehandling og kontakt med brukarar slik at tilsynet framstår som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

#### AKTIVITETAR Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

##### 8.1) Gjennomføre omdømmeundersøking

Ei arbeidsgruppe har gjennomgått innhaldet og spørsmåla i ei ny omdømmeundersøking for å sikre godt ankerfeste i dei strategiske måla tilsynet har. Undersøkinga vil bli gjennomført i byrjinga av 2011.

Konkurransetilsynet har også i 2010 arbeidd aktivt og systematisk med kompetansebygging, slik at det framstår som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

Som eit ledd i forbetningsarbeidet i tilsynet blei det hausten 2010 gjennomført ei felles fagsamling for alle tilsette, inkludert tilsette i KOFA-sekretariatet. Vidare har tilsynet gjennomført leiarsamlingar for å drøfte forbetningar i organisering og rolleavklaring.

Tilsynet har hausten 2010 arrangert eit omfattande kurs for nytilsette og har gjennomført ei rekkje interne fagseminar om jus og økonomi. I tillegg har mange av medarbeidarane delteke på kurs og konferansar i inn- og utland, i samsvar med individuelle kompetanseplanar.

Sommaren 2009 blei det etablert ei prosjektgruppe som skulle vurdere forslag om tiltak som er nødvendige for at arbeidet med større saker i tilsynet skal organiserast og behandlast på ein måte som gir effektiv saksbehandling, godt arbeidsmiljø og avgjerder av høg fagleg kvalitet.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Konkurransetilsynet har ikkje gjennomført ei eiga omdømmeundersøking i 2010. Undersøkinga vil bli gjennomført tidleg i 2011.

Konkurransetilsynet blir kvart år evaluert av Global Competition Reviews «Rating enforcement», og fekk i 2010 same rating som året før.

Nettstaden til KT fekk fem av seks stjerner i Difi si årlege kvalitetsvurdering.

I januar 2010 gjennomførte leiargruppa fleire tiltak for å klargjere roller og ansvar i tråd med prosjektgruppa sitt forslag.

## MEIR INFORMASJON

---

[Brukareffektar > Omdømme](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 9

---

**Forbrukarar og andre etterspørjarar skal ha tilstrekkelig informasjon til at etterspurnadssida i marknaden fungerer effektivt**

## RESULTATKRAV

---

**9.1)** Tilsynet skal vurdere om det er marknader som treng prisinformasjon for å få marknaden til å fungere betre. Andre tiltak enn prisinformasjon skal òg vurderast.

## AKTIVITETAR Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

### 9.1.1) Tilsynet skal halde kraftprisbasen ved like

KT held kraftprisoversikta kontinuerleg ved like og har i 2010 gjennomført ei omfattande oppgradering.

Konkurransetilsynet utarbeidde og sende ut på høyring eit forslag til ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport i 2009.

I desember 2010 utsatte Konkurransetilsynet den planlagde innføringa av eit nytt takstsystem for alle drosjar i landet, såkalla parallelltakst, til 1. september 2011. Utsetjinga var nødvendig på grunn av at ein del løyvehavarar ikkje vil klare å gå over til parallelltakst innan den opphavlege fristen, som var 1. januar 2011.

Dei andre føresegnene i forskrifta blir ikkje endra.

## RESULTATRAPPORTERING

Kraftprisoversikta gjer det enklare for forbrukarane å samanlikne kraftprisar og orientere seg i marknaden slik at dei lettare kan vurdere om det lønner seg å byte kraftleveringsavtale eller kraftleverandør. Kraftprisoversikta har hatt 707 000 besøk i 2010.

### Samarbeid

Konkurransetilsynet har samarbeidsavtalar med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. I tillegg til eit kontinuerleg samarbeid i aktuelle saker har dei tre organisasjonane faste samarbeidsmøte to gonger i året. Det er etablert faste samarbeidsmøte for diskusjon av daglegvaremarknadene mellom Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Statens institutt for forbruksforskning og Konkurransetilsynet.

Parallelltakstsystemet vil innebere eit nytt og lettare forståeleg system for berekning av pris på drosjetenester.

## MEIR INFORMASJON

[Brukareffektar > Informasjon til forbrukarane](#)

[Til toppen](#)

## MÅL 10

**Leggje til rette for effektiv og forsvarlig saksbehandling i sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp**

## RESULTATKRAV

---

**10.1)** Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i KOFA for vanlege klagesaker skal vere mindre enn tre månader.

**10.2)** Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker der det er påstand om ulovlege direkte innkjøp, skal vere mindre enn fire månader.

## AKTIVITETAR

---

2010 er eit rekordår med 396 mottekne klagar. Det er 38 prosent høgare enn i 2009. Av dei mottekne sakene var 104 gebyrsaker.

I same perioden behandla klagenemnda i alt 221 rådgjevande saker og 55 gebyrsaker.

## RESULTATRAPPORTERING

---

Saksbehandlingstid for rådgjevande saker var på 6,8 månader (203 dagar).

Saksbehandlingstid for moglege gebyrsaker var på 6,5 månader (195 dagar). Det blei i alt gitt 14 lovbrotsgebyr.

## MEIR INFORMASJON

---

[Brukareffektar > Offentlege innkjøp](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Interne prioriteringar



- Rekneskapen til KT for 2009 er i 2010 godkjend av Riksrevisjonen utan merknader.

### MÅL 11

**Tilsynet sine administrative rutinar skal vere i samsvar med krava i økonomireglementet og andre krav til forsvarleg saksbehandling i forvaltninga**

### RESULTATKRAV

**11.1)** Tilsynet skal ha rutinar som sikrar behandling av høg kvalitet og at fristar blir haldne i arbeidet knytt til oppgåver frå og opp mot departementet.

### AKTIVITETAR Utheva skrift er aktivitetskrav frå departementet

**11.1.1)** Tilsynet skal halde tidsfristane i styringskalenderen i rapporteringa til departementet.

**11.1.2)** Tilsynet skal bruke risikovurdering i styringsdialogen.

### RESULTATRAPPORTERING

Konkurransetilsynet har i 2010 rapportert til Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) i samsvar med årshjulet for styringsdialogen mellom FAD og tilsynet.

Risikovurderinga for manglande måloppnåing er ein del av rapporteringa frå FAD.

Rekneskapen til Konkurransetilsynet for 2009 er i 2010 godkjend av Riksrevisjonen utan merknader.

## **MEIR INFORMASJON**

---

[Organisering og ressursbruk > Administrative rutinar](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Avdekking av kartell har topp prioritet



- Satsinga på å informere om lempingsordninga begynner å gi resultat. Seks søknader om lemping kom inn i 2010.

**Misbruk av dominerande stilling og samarbeid som avgrensar konkurransen er forbode etter konkurranselova.**

### Aktivitetar

Ulovleg pris- og anbudssamarbeid kan føre til sær store skadar for økonomien og for fellesskapet. Ei av dei viktigaste oppgåvene til Konkurransetilsynet er derfor å avdekkje slikt samarbeid.

Mens 2009 på mange måtar blei eit år der Konkurransetilsynet aktivt søkte saker sjølv, blei 2010 eit år der resultatet av fjorårets arbeid skulle behandlast. Dette slik at saker som var avdekte året før, skulle etterforskast, og at fjorårets informasjonskampanjar gav resultat i fleire meldingar om mogleg ulovleg samarbeid mellom konkurrentar i 2010. Året blei prega av ein auke i sakstilgangen både for saker til behandling som etterforskingssaker og for ferdige vedtak til rettsleg prøving. Utdrinkinga for tilsynet i ei slik utvikling har vore å gjennomføre prioriteringar slik at dei einskilde sakene fekk nok ressursar.

2010 er det første heile året med fullstendig timeregistrering. Det gjer det lettare å skape ei bevisst haldning til korleis ressursar skal nyttast best. Det skal synast at forbodsreglane er prioriterte. (Registreringa av tidsbruken starta i januar 2009, men tilsynet tek atterhald om at registreringa kan vera noko usikker det første året systemet blei prøvd ut).



Avdekking av kartell, mellom anna ulovleg anbodssamarbeid, har dei siste åra hatt høgste prioritet for Konkurransetilsynet. Dette blei ført vidare i 2010.

Kartellverksemd er eit samleomgrep for fleire typar samarbeid som på ulike måtar set konkurransen i marknaden heilt eller delvis ut av spel. Det inneber at to eller fleire aktørar innanfor ein bransje samarbeider om forhold dei skulle ha konkurrert om. I staden for å konkurrere om kontraktar og leveransar, slik kundane føreset, inngår kartelldeltakarane til dømes avtalar om deling av marknader, storleiken på rabattar og prisar og storleiken på tilbod ved anbod.

Konsekvensen av konkurransekriminalitet er mellom anna høgare prisar. Internasjonale studiar syner at prisane aukar med 10–30 prosent ved ulovleg samarbeid. Statlege og kommunale styresmakter kjøper årleg inn varer og tenester for over 300 milliardar kroner. Dersom aktørane samarbeider om offentlege anbod, kan tapa bli formidable.

Forholdet mellom ressursbruk som gjekk til behandling av saker etter § 10–11, § 16 og § 9e i 2010, går fram av figuren til høgre.

### **Betre kunnskapen om konkurranselova**

Konkurransetilsynet har gjennom 2010 halde fram arbeidet med å auke kunnskapen om konkurranselova i norsk næringsliv. Ei sjekkliste til bruk for offentlege innkjøparar for å avdekkje ulovleg anbodssamarbeid er resultat av eit internasjonalt samarbeid i regi av OECD der Konkurransetilsynet har delteke aktivt. Sjekklista ligg på tilsynet si heimeside og er formidla i ei rekkje møte med innkjøparar, mellom anna i regi av KS, KOFA, fleire private innkjøpsfora og innkjøps- og anbodsansvarlege i dei store byane og anlegga. Satsinga er ei vidareføring av aktivitet tilsynet starta i 2009.

Satsinga har gitt resultat. Mykje tyder på at innkjøparar er blitt meir bevisste på innkjøpsrutinar og måtar å identifisere ulovleg samarbeid på. Innkjøparar viser til møte og kontaktar med tilsynet når dei kjem med innspel og tips. Vidare kan det nemnast at Oslo kommune har innarbeidd ei tilvising til Konkurransetilsynet og sjekklista i innkjøpsreglementet sitt.

Ei anna viktig satsing som er ført vidare, er informasjon om lempingsordninga. Kartellverksemd kan straffast med høge bøter, men det første selskapet som bryt ut og varslar Konkurransetilsynet, kan gå fri. Andre deltakarar i kartellet kan få redusert bøkene sine ved å samarbeide under etterforskinga. Ordninga blir kalla lemping, og erfaringar frå EU, USA og andre land syner at eit godt fungerande lempingsprogram er det viktigaste verkemiddelet for å avsløre kartellverksemd.

Konkurransetilsynet har dei siste åra hatt fleire informasjonskampanjar om ordninga. Også gjennom 2010 har vi arbeidd for å spreie

bodskapen om faren for ulovleg anbodssamarbeid og høvet til å søkje om lemping ved ei rekkje foredrag i eigne seminar, og som gjester i andre seminar.

Det kan synast som om satsinga på å informere om lempingsordninga no begynner å gi resultat. Lemping blei innført med konkurranselova av 3. mai 2004. Fram til 2009 hadde ein motteke to lempingssøknader. Talet er no komme opp i elleve, der seks av lempingssøknadene kom inn i 2010. Fleire av sakene som i dag er under aktiv etterforsking, er resultat av lempingssøknader.

### Lempingssøknader

	2007	2008	2009	2010
Talet på søknader om lemping	2	0	3	6

### Bevissikringar og forklaringsopptak i fleire saker

Konkurransetilsynet har hatt god nytte av dei kompetansehevande tiltaka for etterforskarar som blei gjennomførte dei siste to åra. I 2010 er kompetanseheving gjennomført ved deltaking på eksterne kurs for tilsyn og ved internopplæring av nye medarbeidarar. Elles er det «learning by doing». Kunnskap har blitt omsett i praksis.

Konkurransetilsynet har i 2010 gjennomført bevissikringar i 4 saker på 19 ulike stader mot til saman 11 føretak. Det er teke opp 32 formelle forklaringar i samband med etterforskinga av 6 forskjellige saker.

### Etterforskingsskritt

Aktivitet	2006	2007	2008	2009	2010
Bevissikring § 25 – saker/stader	2/4	2/6	3/5	2/7	4/19
Forklaringsopptak § 24 – saker/stader	2/7	3/12	4/12	2/9	6/32

### Andre viktige aktivitetar

#### Internasjonalt arbeid knytt til førebygging og avdekking av kartell i 2010

Kartella blir stadig meir internasjonale i samarbeidet sitt og i samarbeidsmetodar. Konkurransetilsynet er derfor avhengig av gode internasjonale kontaktar og eit godt samarbeid for å møte utfordringane framover. Konkurransetilsynet deltek aktivt i internasjonale fora der enkeltsaker, etterforskingmetodar og erfaringsutveksling står på dagsordenen, mellom anna ECN (European Competition Network), OECD og ICN (International Competition Network). Kartellsamarbeidet mellom dei nordiske

konkurransemyndighetene er blitt omtala i internasjonale fora som eit godt eksempel på regionalt samarbeid.

## **Rettsaker sette sitt preg på året**

### **Rettsaka mot Tine**

I 2009 blei vedtaket der Konkurransetilsynet ila næringsmiddelkonsernet Tine eit gebyr på 45 millionar kroner for misbruk av dominerande stilling i marknaden for ost, oppheva av Oslo tingrett. I 2010 blei tilsynets anke over frifinninga handsama i Borgarting lagmannsrett. Ankeforhandlinga blei like lang som tingrettssaka. Konsernet blei dømt til å betale 30 millionar kroner i gebyr. Dommen i lagmannsretten er anka til Høgsterett av Tine, og tilsynet har deretter sendt inn ein avleda anke.

### **Rettsak mot Norges Turbileierforbund**

I eit vedtak ila Konkurransetilsynet Norges Turbileierforbund 400 000 kroner i gebyr for å ha oppfordra medlemmene sine til å auke prisane. I fleire artiklar i medlemsbladet sitt tok forbundet til orde for prisauke og kom mellom anna med forslag til omfang og korleis dette kunne gjerast ved hjelp av ein priskalkulator som blei gjord tilgjengeleg for medlemmene. I vedtaket blei det òg pålagt opphøyr av den ulovlege verksemda. Etter hovudforhandling i éi veke blei gebyret stadfesta av Oslo tingrett. Turbileigarforbundet har anka avgjerda.

### **Rettsak mot entreprenørar i Steinkjer**

I eit vedtak ila Konkurransetilsynet entreprenørane Gran og Ekran AS og Grunnarbeid AS høvesvis 2 og 5 millionar kroner i gebyr for ulovleg å ha samarbeidd om å gi kvar sine tilbod på vedlikehald av fem bruer i Steinkjer. Konkurransetilsynet meiner dei to selskapa ikkje konkurrerte reelt, og at dei to boda blei gitt for å auke prisen og gi inntrykk av konkurranse. Etter hovudforhandling i éi veke blei gebyra stadfesta av Sør-Trøndelag tingrett. Begge domfelte har anka avgjerda.

[Til toppen](#)

## **Resultat**

---

I 2009 gav tilsynet pålegg om opphøyr og gebyr i tre saker som handla om ulovleg konkurranseregulerande samarbeid. To av desse sakene er altså framleis til behandling i rettssystemet. Rettsaker med omfattande førebuing samtidig med etableringa av fem større parallelle etterforskingssaker med mistanke om ulovleg, konkurransehemmande samarbeid dette året har vist seg å vere krevjande for ein liten organisasjon. For fleire saker er det no sett i gang forundersøkingar, og det skal setjast inn meir personell om sakene går til full etterforsking. Resultata av Konkurransetilsynet si etterforsking kjem i etterkant av analysar og evalueringar av beslag og forklaringar. Dette kan vere ein

tidkrevjande og personellkrevjande prosess som ofte medfører at ei sak ikkje blir avgjort same året som ho blei oppretta.

Kontrollverksemda og forbodsreglane i konkurranselova er kjende hos dei fleste næringsdrivande og dei juridiske rådgivarane deira. Det er òg kjent at tilsynet følgjer opp indikasjonar på større konkurransereguleringar som ein har fått kjennskap til. Sakene blir grundig etterforska og følgde opp med nødvendige reaksjonar, om nødvendig også i rettsapparatet. Samla kan det derfor vere grunn til å gå ut frå at verksemda til Konkurransetilsynet òg har ein god preventiv effekt.

[Til toppen](#)

### Verksemda vidare framover

---

2010 har vore eit år der dei saksrelaterte aktivitetane til tilsynet har teke seg kraftig opp etter at 2009 var prega av finanskrisa. Konkurransetilsynet har gitt arbeidet med avdekking av kartell topp prioritet i fleire år og har brukt tida til å byggje kompetanse og informere næringslivet om lova og forbodsreglane i tillegg til lemping. Resultata av denne innsatsen viser seg i form av fleire saker eigna for etterforsking. I 2011 skal fleire pågåande saker avsluttast og nye prosjekt startast opp.

Arbeidet med å auke kjennskapen til konkurranselova held fram, og det blir på nyåret mellom anna sendt ut ein informasjonspakke til innkjøparar og andre næringslivsaktørar som forklarar korleis ein kan medverke til å avdekkje og førebyggje ulovleg samarbeid. Konkurransetilsynet vil òg gje arbeidet for å spreie kjennskap til lempingsordninga høg prioritet.

#### Tipstelefonen

Konkurransetilsynet får stadig fleire tips gjennom tipstelefonen. Mange av tipsa har gitt relevante opplysningar i konkurransesaker. Nummeret til tipstelefonen er 55 59 75 55.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011




## Fusjonar og oppkjøp

### Aktivitetar

#### Fleire føretakssamanslutningar i 2010

Konkurransetilsynet fekk 414 meldingar om føretakssamanslutningar i 2010. Til samanlikning fekk tilsynet 294 meldingar i 2009. Det blei bede om fullstendig melding i 9 tilfelle (8 i 2009).

Mottekne meldingar (gjennomsnitt for 3 mnd):



[Til toppen](#)

### Resultat


Konkurransetilsynet har behandla alle meldingar om føretakssamanslutningar innan fastsette fristar.

Tilsynet har ikkje hatt inngrep mot føretakssamanslutningar i 2010.

Publisert: 21.02.2011



## Andre viktige aktivitetar og resultat i 2010



- Rapporten om grøn vekst og konkurransepolitikk var utarbeidd av dei nordiske konkurransetilsyna i fellesskap.

### Aktivitetar

#### Konkurranse og miljøpolitikk

Rapporten «*Competition Policy and Green Growth – interactions and challenges*» blei lagd fram for konkurransekomiteen i OECD i oktober. Komiteen var samla for å drøfte kva rolle velfungerande marknader og konkurransepolitikk bør spele i ein grøn vekststrategi. Målet med grøn vekst er å utforme eit økonomisk og sosialt rammeverk som legg til rette for økonomisk vekst og utvikling utan at miljøet blir skadelidande. Rapporten var utarbeidd av dei nordiske konkurransetilsyna i fellesskap.

Eit viktig poeng i rapporten er at godt fungerande marknader er ein føresetnad for effektiv miljøpolitikk, og at konkurranse- og miljøpolitikk må sjåast i samanheng. Saman med fornuftig utforma miljøpolitiske verkemiddel vil velfungerande konkurranse gje dei mest effektive miljøløysingane. I rapporten blir det poengtert at ein grøn vekstpolitikk må vere del av ein heilskapleg strategi som omfattar både tilbods- og etterspørselssida i dei ulike marknadene. Spesielt viktig er det at marknadene for omsetning av utsleppskvotar blir mest mogleg omfattande, og at dei fungerer godt.

Konkurransetilsynet vil følgje opp rapporten gjennom å vere på vakt mot offentlege tiltak som avgrensar konkurransen på miljøområdet, og å føre nøye tilsyn med konkurransen i dei ulike miljømarknadene. Konkurransetilsynet har òg oppretta ein eigen seksjon som har dette som eit særskilt ansvar.

[Til toppen](#)

## Resultat

---

### **Nettportalane opna for private bustader frå 1. januar**

Tidlegare har nettportalar som Finn.no hatt ein praksis der berre profesjonelle har fått lov til å annonsere private bustader. Etter forslag frå Konkurransetilsynet blei det i september 2009 vedteke ei ny forskrift som pålegg nettportalane å gi alle tilgang til å annonsere bustader på ikkje-diskriminerande vilkår. Reglane blei sette i verk 1. januar 2010.

Frå årsskiftet er nettportalane altså pålagde å gi alle tilgang til å annonsere bustaden på nett, det vil seie at no kan også privatpersonar sjølv leggje ut bustadannonsar på nettportalane sine bustadsider.

Det har heile tida vore lovleg å selje bustad utan å nytte meklar, men seljaren har måtta nytte eigedomsmeklar eller advokat for å få annonsere på ein av nettportalane. Forskrifta gjer at folk får velje om dei vil gjere delar av salsjobben sjølv. Dei nye reglane vil føre til auka konkurranse mot eigedomsmeklarar og advokatar og større valfridom for forbrukarane. Dette kan gi lågare kostnader når ein skal selje bustad, noko som vil komme både kjøparar og seljarar til gode.

[Les nærmare omtale av at nettportalane opna for private bustader](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Informasjon førebyggjer lovbrøt og fremmer sunn konkurranse

### Aktivitetar

---

#### Informasjon på Internett

Heimesida til Konkurransetilsynet er ein viktig kanal for informasjon retta mot publikum, næringslivet og media. Kvar veke blir nyheiter og pressemeldingar frå Konkurransetilsynet lagde ut på nettstaden, og dei viktigaste sakene blir i tillegg sende ut på e-post. E-postlista har om lag 2800 e-postabonnentar, og talet har auka det siste året.

I tillegg til nyheiter kan ein på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no) gjere seg kjend med konkurransereglane, lese tilsynet sine vedtak, avgjerder, påpeikingar og fråsegner og laste ned eller bestille publikasjonar. Meldingar om føretakssamanslutningar under behandling blir lagde ut etter kvart, slik at ein kan gjere seg kjend med kva for fusjonar og oppkjøp som er til behandling i tilsynet til kvar tid.

Nettsidene til Konkurransetilsynet følgjer kvalitetskrava for offentlege nettstader, og dei oppnådde fem av seks moglege stjerner i Difi si kvalitetsvurdering hausten 2010. Nettstaden finst i fleire språkversjonar: bokmål, nynorsk, samisk og engelsk.

#### Nyheitsbrev

I november 2010 var Konkurransenytt tilbake som ein elektronisk publikasjon, etter at papirmagasinet med same namn blei avvikla i 2008. Konkurransenytt blir sendt ut på e-post og lagt ut på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no). Som før inneheld magasinet korte nyheiter, forbrukarstoff, kommentarar om aktuelle saker og informasjon om viktige tema som tilsynet jobbar med. Hovudsaka i det første nummeret var kronikken *Sunn konkurranse er miljøpolitikkenes beste venn* av konkurransedirektør Knut Eggum Johansen. I det andre nummeret kunne ein lese kronikken *Gebyret du kan ønske velkommen* av rådgivar Øyvind Nilssen.

#### Mediearbeid

Medieomtale er viktig for å nå ut med informasjon om verksemda i tilsynet. Konkurransetilsynet opplever generelt stor interesse frå media, og 2010 viser ein auke i talet på medieoppslag samanlikna med 2009 (sjå under Resultat). Mange av oppslaga var i medium med brei dekning og med lesarar som utgjer sentrale målgrupper for tilsynet.

#### Offentleg debatt

Konkurransetilsynet har medarbeidarar med stor kjennskap til korleis



ulike marknader fungerer. For å auke kunnskapen om konkurransereglane og konkurransepolitikken og sørge for at konkurransefaglege synspunkt kjem fram i den offentlege debatten, oppfordrar tilsynet dei tilsette til å skrive artiklar og kronikkar. For å samordne og drive fram dette arbeidet har tilsynet etablert eit internt redaksjonsråd.

### Andre aktivitetar

Ei oversikt over ulike aktivitetar som mellom anna tek sikte på å styrke allmenpreventive effektar av tilsynets handheving, månad for månad er vist i tabellen under.

Månad	Tema
Februar	<p><b>Kraftprisoversikta med tekniske problem</b> Pågangen på Konkurransetilsynet si kraftprisoversikt var så stor at tenesta til tider var utilgjengeleg. På det meste besøkte over 17 000 personar prisoversikta på ein dag.</p>
Mars	<p><b>Konkurransepolitisk seminar</b> Konkurransetilsynet arrangerte eit felles konkurranseretts- og konkurranseøkonomisk forum der professor Erling Hjelmeng diskuterte om minoritetsdelar og informasjonsutveksling gir eit større potensial for intervensjon etter konkurranselova.</p> <p><b>KOFA med ny internettløsning</b> Klagenemnda for offentlege anskaffingar lanserte nye nettsider. KOFA-sekretariatet ligg administrativt under Konkurransetilsynet, og informasjonsstaben i tilsynet har hovudansvaret for drift og vedlikehald av nettsida kofa.no.</p> <p><b>Konkurransetilsynet på topp i etikk-kåring</b> Konkurransetilsynet nådde heilt til topps då økonomistudentar skulle velje kva norsk verksemd dei meiner har høgast etisk standard. Undersøkinga blei utført av Universum.</p>
April	<p><b>Konkurranseminister Rigmor Aasrud</b> Fornyings-, administrasjons- og kyrkjeminister Rigmor Aasrud er på sitt første besøk til Konkurransetilsynet og KOFA. Ministeren inviterte òg til samråd på Noregs Handelshøgskole, der temaet var korleis konkurransepolitikken kan bidra til eit framtidsretta næringsliv.</p> <p><b>Konkurransepolitisk seminar</b> Konkurransetilsynet arrangerte eit felles konkurranseretts- og konkurranseøkonomisk forum der Post- og teletilsynet presenterte ei utgreiing om utbygging av høgkapasitetsnett for TV-, data- og teletenester med fokus på auka valfridom for brukarane.</p>

Juni

**Årleg konferanse i konkurranserett**

Konkurransetilsynet arrangerte den årlege konferansen i konkurranserett for sjuande gong. På programmet stod aktuelle tema innan vertikale avtalar og ikkje-horisontale føretakssamanslutningar. Konferansen aktualiserte EU-kommisjonens nye forordning innan dette området. Evalueringa av seminaret viser at dei fleste er godt nøgde med både temaet for og gjennomføringa av konferansen.

Foredragshaldarane var blant dei fremste ekspertane på området:

- Magdalena Brenning-Louko, senioranalytiker i Europakommisjonen  
*Vertical restraints – an overview of the new EU regime and the main changes*
- Richard Whish, professor ved King's College i London  
*The GlaxoSmithKline saga – object or effect?*
- Advokat Beret Sundet, BA-HR  
*Ikkje-horisontale føretakssamanslutningar – nyare utvikling og praksis*
- Advokat Katinka Mahieu og advokat Jens Christian Gjesti, Advokatfirmaet Selmer DA  
*Selektiv distribusjon og e-handel*
- Tore Lunde, professor ved Universitetet i Bergen  
*Eksklusivitetsavtaler under det nye gruppeunntaket for vertikale avtaler*
- Tommy Staahl Gabrielsen, sjeføkonom i Konkurransetilsynet  
*Bindande vidaresalgsprisa – eit økonomisk perspektiv*

**Ny kraftprisoversikt**

Konkurransetilsynet lanserte ei forbetra kraftprisoversikt på konkurransetilsynet.no. Den nye oversikta gjer det enklare å samanlikne både prisar og føresetnader for ulike straumprodukt.

**Nye nettsider på samisk**

På dei samiskspråklege nettsidene kan ein finne informasjon om forboda i konkurranselova mot ulovleg samarbeid og misbruk av dominerande stilling, og om plikta til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet.

Oktober

**Nordisk rapport**

Rapporten *Competition Policy and Green Growth* blir presentert under eit OECD-møte i Paris. Rapporten er utarbeidd av dei nordiske konkurransemyndigheitene i fellesskap, og rapporten er eit innspel til arbeidet i OECD

	<p>med å utvikle ein strategi for grøn vekst. Rapporten vil òg gi eit grunnlag for arbeidet med å handheve konkurranselova på område som er viktige for miljøet og miljøpolitikken.</p> <p><b>Informasjon om straumavtalar</b> Konkurransetilsynet forklarar i programmet <a href="#">Forbrukerinspektørene</a> på NRK kva slags straumavtalar det lønner seg å ha.</p> <p><b>Rapport om den norske drivstoffmarknaden</b> Stadig fleire forbrukarar kjøper bensin på lågprisdagar, viser ei <a href="#">undersøking tilsynet har utført</a>. Prisenivået varierer mykje frå stad til stad, og tilsynet legg til rette for sterkare konkurranse om bensinkundane.</p>
November	<p><b>Rapport om konkurransesituasjonen for offentleg tenestepensjon</b> Ein rapport viser at <a href="#">konkurransen i marknaden for offentleg tenestepensjon er avgrensa</a>. Det er få som tilbyr produktet, og arbeidsgivarane orienterer seg i liten grad i marknaden. Konkurransetilsynet har utarbeidd rapporten på oppdrag frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD). Rapporten blei publisert både på nynorsk og bokmål.</p> <p><b>Tilsynet i ekspertutval for kraftsystemet og om den nordiske grossistmarknaden for kraft</b> Eit ekspertutval som har sett på drifta av kraftsystemet, har gitt tilrådingar om framtidige endringar i systemet. Konkurransetilsynet er ein av fleire organisasjonar som har vore ein del av referansegruppa til ekspertutvalet. Konkurransetilsynet har òg delteke i eit felles nordisk arbeid der energiregulatorane og konkurransestyresmaktene såg på pristoppene i den fellesnordiske grossistmarknaden saman.</p>
Desember	<p>Utdeling av pris for beste masteroppgåver i konkurranserett og i konkurranseøkonomi:</p> <p><b>Betalingskortsystem og formidlingsgebyr.</b> Prisvinnar for beste oppgåve i konkurranseøkonomi er Eirik Lothe Hess frå Universitetet i Bergen. Oppgåva tek for seg ei nyare og viktig teoriretning innanfor økonomifaget, litteraturen om tosidige marknader.</p> <p><b>Den konkurranserettslege tilnærminga til minoritetsserverv</b> Prisvinnar for beste oppgåve i konkurranserett er Silje Bragstad frå Universitetet i Oslo. Oppgåva behandlar spørsmål rundt den konkurranserettslege tilnærminga til minoritetsserverv.</p>

[Til toppen](#)

## Resultat


Konkurransetilsynet har ikkje gjennomført ei eiga omdømmeundersøking i 2010.

## Andre viktige resultat

### Dobling på Internett

Nesten 520 000 personar besøkte konkurransetilsynet.no i 2010. Dette er dobbelt så mange som i 2009. I snitt har nettstaden nærmare 50 000 unike besøkjande kvar måned. Tal frå kraftprisoversikta viser at denne tenesta er spesielt populær. Kraftprisoversikta hadde over 408 000 unike besøkjande i 2010. Om lag 80 prosent av besøka til konkurransetilsynet.no gjeld kraftprisoversikta.

### Unike besøkjande på nettsidene per måned i 2010



### Fleire medieoppslag

I 2010 fekk Konkurransetilsynet nær 3000 medieoppslag, og dette er ein auke samanlikna med 2009. Mange av oppslaga var i medium med brei dekning og med lesarar som utgjer sentrale målgrupper for tilsynet. Breidda kjem til syne i oversikta over dei fem media med flest omtalar av tilsynet. Her finn vi

næringslivs- og økonomimedia Dagens Næringsliv og e24.no, regionavisa Bergens Tidende (nettutgåva) og distrikts-/riksavisa Nationen.


### Pressemeldingar og medieoppslag

	2008	2009	2010
Pressemeldingar på konkurransetilsynet.no *	85	88	89
Medieoppslag om Konkurransetilsynet **	3183	2360	2952

\* KOFA-saker er ikkje rekna med her.

\*\* Medieomtale av kraftprisoversikta er ikkje rekna med her.

### Pressemeldingar og medieoppslag per måned i 2009



Sjå også den historiske oversikta over medieomtale for åra 2001 til 2010 lenger framme i årsmeldinga.

### Artiklar og innlegg

I 2010 har ei rekkje medarbeidarar i Konkurransetilsynet hatt artiklar og innlegg på trykk både i dagspressa, som Dagens Næringsliv, Aftenposten, Dagbladet, Bergens Tidende, Adresseavisen og Nationen – og i fag- og bransjetidsskrift, som Samfunnsøkonomen, Samferdsel og Dagligvarehandelen. Mange av artiklane er òg lagde ut på [konkurransetilsynet.no](http://konkurransetilsynet.no).

[Til toppen](#)



## EØS – enkeltsaker



- ESA vedtok 14. juli 2010 å ileggje Posten Noreg AS ei bot på 12,89 millionar euro, om lag 102 millionar NOK, for brot på artikkel 54 i EØS-avtalen.

### Aktivitetar

Konkurransetilsynet har kontinuerleg meldt aktuelle norske saker etter artikkel 53 og 54 til ESA. Tilsynet har vidareutvikla interne rapporteringssystem for melde saker. Tilsynet har òg jamleg følgd utviklinga i relevante pågåande saker for ESA, og i utvalde prinsipielle saker for EU. Vidare har tilsynet delteke i høyring og rådgivande komité for saker i ESA og utvalde relevante enkeltsaker i EU. Sakene blei lagde fram for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet for kommentar og mandat før møtedeltaking.

### Resultat

Konkurransetilsynet har regelbunde rapportert til konkurransepolitisk avdeling i departementet om framdrifta i og utfallet av dei enkeltsakene der tilsynet har engasjert seg.

Det blei gjort vedtak i ei enkeltsak for EFTAs overvaksingsorgan ESA i 2010. Det var i saka mot Posten Noreg AS. ESA vedtok 14. juli 2010 å ileggje Posten Noreg AS ei bot på 12,89 millionar euro, om lag 102 millionar NOK, for brot på artikkel 54 i EØS-avtalen. ESA slo fast at Posten misbrukte den dominerande posisjonen sin ved etableringa av Post-i-butikk-tenesta i Noreg i perioden 2000 til 2006.

For ytterlegare opplysningar om saka, sjå [pressemelding på nettstaden til ESA](#) og [etterfølgjande publisering av avgjerda](#).

Saka er anka til EFTA-domstolen.

Konkurransetilsynet har òg følgd andre saker hos ESA som ikkje er avslutta. Detaljar i desse sakene kan av konfidensialitetsomsyn ikkje refererast her.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## EØS – regelverkssaker



- Europakommisjonen vedtok 27. mai 2010 eit nytt gruppefritak for vertikale avtalar på motorvognsektoren (ettermarknaden).

### Aktivitetar

Konkurransetilsynet har følgd og sett seg inn i alle EØS-relevante regelverkssaker i dialog med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD). Konkurransetilsynet har med få unntak delteke på alle relevante møte om regelverksendringar i EU.

[Til toppen](#)

### Resultat

Konkurransetilsynet har gjennomført høyring i Noreg for alle relevante regelverkssaker. Konkurransetilsynet har fått omsett ferdigstilte regelverk i samråd med FAD og Utanriksdepartementet.

Døme på relevante regelverkssaker som tilsynet har behandla i 2010, er revisjon av gruppefritak for forsikring, motorvogner og linjekonsortium og revisjon av regelverket for vertikale og horisontale avtalar.

#### Revisjon av regelverket for vertikale avtalar

Når det gjeld bakgrunnen for saka, viser vi til [årsmeldinga for 2009](#). I det følgjande er det berre gjort greie for resultat i 2010.

Nytt regelverk blei vedteke i april 2010 og tredde i kraft 1. juni 2010.

[Les meir om forordninga og annan offentleg dokumentasjon frå kommisjonen knytt til regelverket.](#)



[Nye vertikale retningslinjer blei vedtekne av kommisjonen 19. mai 2010.](#)

Gjeldande gruppefritak blei oppheva 31. mai 2010. Nytt gruppefritak er implementert i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett, og teke inn som forskrift etter konkurranselova § 10 fjerde ledd.

Vidare har Noreg delteke skriftleg i rådgivande komité for innføring av nye vertikale retningslinjer for ESA som blei vedtekne 15. desember 2010. Disse svarer i all hovudsak til dei vertikale retningslinjene frå kommisjonen som blei vedtekne 19. mai 2010. [Det står meir om desse retningslinjene i pressemeldinga frå ESA.](#)

### **Revisjon av regelverket for horisontale avtalar**

Europakommisjonen vedtok 14. desember reviderte gruppefritak for forskings- og utviklingsavtalar og spesialiseringsavtalar, og nye retningslinjer for horisontale samarbeidsavtalar. Gruppefritaka tredde i kraft 1. januar 2011. Konkurransetilsynet deltok i førebuinga av regelverket og gjennomførte norsk høyring i samband med at kommisjonen sette i gang revisjonsarbeidet. Konkurransetilsynet fekk ingen materielle høyringssvar.

Det er meir informasjon om gruppefritaka og retningslinjene i desse kjeldene:

[Pressemelding frå EU-kommisjonen](#)

[Gruppefritaket for forskings- og utviklingsavtalar](#)

[Gruppefritaket for spesialiseringsavtalar](#)

[Retningslinjer om horisontale samarbeidsavtalar](#)

EFTA-sekretariatet begynte i slutten av 2010 arbeidet med å implementere gruppefritaka i EØS-avtalen. Konkurransetilsynet har i 2011 sett i gang arbeidet med å omsetje gruppefritaka.

### **Revisjon av gruppefritaket for motorvogner**

Kommisjonen sende forslaget til regelverk på offentleg høyring i veke 51 (2009). Rådgivande komité blei oppnemnd 11. mars 2010. Nytt regelverk blei vedteke ultimo mai 2010.

Gjeldande gruppefritak blei oppheva 31. mai 2010. Nytt gruppefritak er implementert i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett, og teke inn som forskrift etter konkurranselova § 10 fjerde ledd.

### **Revisjon av gruppefritaket for forsikring**

Forordninga for revidert gruppefritak for forsikring blei vedteken i tråd med forslaget frå kommisjonen 24. mars 2010, som forordning 267/2010. Den nye forordninga tredde i kraft 1. april 2010 og varer til 31. mars 2017. Forordninga er implementert i EØS-avtalen og

gjennomført i norsk rett, og teken inn som forskrift etter konkurranselova § 10 fjerde ledd.

### **Gruppefritaket for linjekonsortium**

Nytt gruppefritak blei vedteke 28. september 2009 (kommisjonsforordning 906/2009) og tredde i kraft 25. april 2010. Det er gjort visse innskrenkingar i gruppefritaket jamført med det som tidlegare gjaldt (kommisjonsforordning 823/2000).

Det reviderte gruppefritaket varer fram til 25. april 2015. Signal frå kommisjonen peiker i retning av at forordninga etter dette tidspunktet truleg vil bli oppheva. Gruppefritaket for linjekonferansar blei nyleg oppheva og erstatta av eigne retningslinjer for bruken av konkurransereglane for maritim transport.


Gruppefritaket er implementert i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett. Gruppefritaket er ikkje teke inn som forskrift etter konkurranselova § 10 fjerde ledd, og dette vil truleg heller ikkje bli gjort ettersom dei sektorspesifikke gruppefritaka på transportområdet heller ikkje tidlegare har vore tekne inn som forskrift etter § 10 fjerde ledd.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Verknader av konkurransepolitikken



- Rapporten Konkurransen i Norge frå 2009 ser på verknader av konkurransepolitikken i enkelte viktige marknader.

Konkurransepolitikken har både direkte og indirekte verknader og verkar gjennom mange ulike mekanismar. Mens enkelte tiltak vil ha relativt umiddelbare verknader, vil andre tiltak verke på noko lengre sikt. Dei indirekte verknadene kan vere vanskelege å observere og å måle, sjølv om det er ganske openbart at dei er til stades og at dei kan vere betydelege.

[Les meir om indirekte verknader av konkurransepolitikken i rapporten Konkurransen i Norge »](#)

Direkte verknader av konkurransepolitikken er dei som følgjer direkte og umiddelbart av konkurransepolitiske handlingar i ulike marknader. Inngrep mot kartellverksemd eller misbruk av dominerande stilling vil kunne ha direkte og umiddelbare verknader i dei aktuelle marknadene. Det same gjeld saker der konkurransestyresmaktene grip inn og stoppar eller stiller vilkår for ein fusjon – eller for den saks skuld der ein ikkje grip inn.

### Evaluering av konkrete saker

- Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om opphøyr av eit grovt brot på forboda.
- Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eitt vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning.
- Tilsynet skal vurdere verknadene av minst éi påpeiking etter konkurranselova § 9e.

Konkurransetilsynet har valt følgjande saker for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken:

- [Tilgang til bustadannonsering på Internett](#)
- [Konkurransen i drivstoffmarknaden](#)
- [Organisering av renovasjon i Trondheim](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Større valfridom for bustadseljarar



- I samarbeid med forbrukarmyndighetene har Konkurransetilsynet sørgt for at informasjonen på Finn.no om forskjellen på ein privatannonse og ein meklarannonse er endra og no er forklart på ein objektiv måte.

Frå 1. januar 2010 blei det mogleg for privatpersonar og aktørar utan eigedomsmeklarbevilling å annonsere bustad for sal på Internett. Tidlegare blei slike kundegrupper nekta av nettportalar som Finn.no å annonsere bustad for sal. Etter forslag frå Konkurransetilsynet blei det vedteke ei ny forskrift som påla nettportalane å gi alle tilgang til annonseringstenesta på ikkje-diskriminerande vilkår. Dei nye reglane sikrar større valfridom for bustadseljarar og legg til rette for auka konkurranse i eigedomsmeklarmarknaden.

### Like synlege og søkbare

Reglane er forankra i konkurranselova, og det er Konkurransetilsynet som har ansvaret for å handheve dei. Konkurransetilsynet har i 2010 overvakt marknaden og hatt dialog med nettportalane for å sjå til at ingen kundegrupper som vil annonsere bustad på nettportalane, blir diskriminerte. Då forskrifta blei sett i verk, bad Konkurransetilsynet nokre nettportalar om å endre tekniske løysingar for å sikre at privatannonser er like søkbare og synlege som meklarannonser.

Det har alltid vore lovleg å selje bustaden utan å bruke meklar. Likevel var nettportalane og meklarbransjen skeptiske til at privatpersonar og aktørar utan eigedomsmeklarbevilling skulle få annonsere bustad for sal på Internett. I samarbeid med forbrukarmyndighetene har Konkurransetilsynet sørgt for at informasjonen på Finn.no om forskjellen på ein privatannonse og ein meklarannonse er endra og no er forklart på ein objektiv måte.

Undersøkingar som Konkurransetilsynet har gjort, viser at nettportalane har hatt svært få negative erfaringar med at dei nye kundegruppene bruker annonseringstenesta.

I 2010 var det i overkant av 2000 privatpersonar som annonserte bustad for sal på nettportalane. Dei fleste privatannonsane blei publiserte på Finn.no, og annonsane utgjorde om lag 2 prosent av alle bustadannonsane i 2010.

### **Like mykje lest**

Undersøkingane som Konkurransetilsynet har gjort, viser at ein privatannonse blir minst like mykje lesen av potensielle bustadkjøparar som ein meklarannonse. Dette viser at privatpersonar no har ein reell tilgang til å annonsere bustad på Internett.

Den nye tilgangen legg til rette for at bustadseljarar kan velje å selje bustaden til ein lågare kostnad enn når dei bruker tradisjonelle eigedomsmeklartenester. Sjølv om dei fleste bustadseljarane framleis helst bruker tradisjonelle meklartenester, meiner Konkurransetilsynet at større valfridom for bustadseljarar medverkar til auka konkurranse i eigedomsmeklarmarknaden. Bustadseljarar som vel å selje bustaden gjennom meklar, vil dermed òg kunne få lågare prisar og betre kvalitet på meklartenester som ei følgje av forskrifta.

### **Nye føretak blir etablert**

I 2010 har Konkurransetilsynet òg vore merksam på føretak som ikkje har meklarbevilling, og som ønskjer å annonsere bustad på nettportalane. Som ei følgje av forskrifta har det komme nye føretak som ønskjer å tilby tenester knytte til kjøp og sal av bustad. Slike føretak tilbyr eit mindre pakka tenestetilbod enn den tradisjonelle meklartenesta og gir dermed bustadseljarar fleire val.

Konkurransetilsynet vil framleis arbeide for at nettportalane skal gi slike føretak ein tilgang til bustadannonsering som ikkje verkar diskriminerande jamført med den tilgangen eigedomsmeklarar har. Ein slik tilgang er viktig for at føretaka kan vere eit reelt alternativ for bustadseljarar. På den måten kan føretaka i endå større grad øve eit konkurransepress på eigedomsmeklarar.

### **Må grunngi for prisforskjellar**

For at dei positive verknadene som forskrifta medverkar til, fullt ut skal realiserast, er det viktig at nettportalane ikkje diskriminerer visse kundegrupper. Forskrifta gir nettportalane pålegg om å tilby privatpersonar og føretak utan eigedomsmeklarbevilling ein pris per annonse som ikkje er diskriminerande jamført med den prisen meklarar betaler. Store prisforskjellar mellom meklarar og andre kundegrupper vil avgrense valfridommen for bustadseljarar og føre til færre privatannonsar. Nettportalane må derfor ha ei objektiv grunngiving for prisforskjellar mellom ulike kundegrupper. For å sikre at alle kundegrupper får reell tilgang til bustadannonsering på ikkje-

diskriminerande vilkår, vil Konkurransetilsynet halde fram med å overvake dei gjeldande prisane på nettportalane.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Lokal konkurranse har mykje å seie for bensinprisen



- Konkurransesituasjonen i små lokale område kan vere ein viktig faktor for prisnivået for drivstoff.

Marknaden for drivstoff er viktig for forbrukarane. Konkurransetilsynet har hatt fleire saker knytte til denne marknaden, både etter § 16 og relatert til påstandar om ulovleg prissamarbeid etter § 10.

### Undersøkte verknader

Som ledd i vurderinga etter § 16 av føretakssamanslutninga mellom AS Norske Shell og YX Energi Norge AS i 2008 undersøkte Konkurransetilsynet verknader i dei områda der dei aktuelle stasjonane var lokaliserte. Konklusjonen blei at føretakssamanslutninga ville svekkje konkurransen innanfor sal av drivstoff i dei to lokale marknadene i Egersund-området og på Fåvang. I Egersund-området ville talet på aktørar bli redusert frå tre til to, mens Shell ville bli einaste attverande aktør på Fåvang. Føretakssamanslutninga blei derfor godteken på visse vilkår, som innebar at Shell ikkje fekk overta stasjonen på Fåvang og ein av dei to YX-stasjonane i Egersund-området.

### Krav frå Europakommisjonen

Europakommisjonen kravde i 2008 at Statoil skilde ut og vidareselde alle 40 JET-stasjonane i Noreg. Dette var eit av vilkåra Europakommisjonen sette for å godkjenne at Statoil kjøpte JET Scandinavia. Kommisjonen fann at den opphavleg melde transaksjonen ville ha skapt alvorleg bekymring for konkurransen i Noreg og Sverige. I Noreg ville transaksjonen ha forsterka ein struktur med få aktørar. For å møte desse bekymringane tilbydde Statoil mellom anna å skilje ut heile JET-nettverket i Noreg. I lys av tilbodet om utskiljing konkluderte kommisjonen med at transaksjonen ikkje lenger ville skape alvorleg uro for konkurransen i Noreg. Saka blei behandla under EUs



fusjonsreglar, og Europakommisjonen tok alle avgjerder i saka, men Konkurransetilsynet hadde eit nært samarbeid med kommisjonen under saksbehandlinga. Statoil selde JET-stasjonane i Noreg til det finske selskapet St1. Stasjonane som tidlegare høyrde til JET, blei i 2010 profilerte om til St1-stasjonar.

### Ikkje ulovleg samarbeid

I 2008 var det òg stort mediefokus på bensinprisar og eit prismønster der drivstoffprisen auka sterkt måndag ettermiddag og fall gradvis gjennom veka for så å nå lågaste nivå i helga og måndag morgon. Etter undersøkingar blant aktørane i marknaden fann Konkurransetilsynet ikkje indikasjonar på at årsaka til dette prismønsteret gjennom veka var eit ulovleg samarbeid mellom drivstoffkjedene eller mellom forhandlarar.


[Sjå brev frå Konkurransetilsynet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet](#)

Konkurransetilsynet har etter dette gjennomført ein brei analyse av konkurransen i drivstoffmarknaden. Undersøkinga byggjer på ei datainnsamling frå dei norske drivstoffkjedene i slutten av 2008. Målsetjinga var å skaffe meir kunnskap om marknaden.

Analysen var avgrensa til blyfri 95-oktanbensin, men det er grunn til å tru at resultatata vil gjelde også for andre typar drivstoff, til dømes diesel.

[Resultata av analysen blei offentleggjorde hausten 2010.](#)

Eit viktig funn i analysen er at dei forholda ein til vanleg ventar skal påverke konkurranseintensiteten i marknaden, og dermed prisnivået, viser seg å ha ein effekt. Undersøkinga viser at det ikkje berre er nasjonal konsentrasjon som er viktig for konkurransen i drivstoffmarknaden, men at konkurransesituasjonen i små lokale område kan vere ein viktig faktor.



- Margin - ingen stasjonar innan 10 minutt køyretid
- Margin - meir enn tre stasjonar innan 10 minutt køyretid

### **Talet på stasjonar har innverknad**

Analysen viser mellom anna at talet på stasjonar i eit område har stor innverknad på konkurransen – og prisane. Det går fram av figuren ovanfor at prisane er høgare på stasjonar utan konkurrentar innanfor 10 minutt køyretid, enn på stasjonar med fleire konkurrentar innanfor relativt kort køyretid. Samtidig er det interessant å merke seg at det gjennom veka er hardare priskonkurranse på stasjonar med fleire konkurrentar i nærleiken, ettersom prisen fell kraftigare for desse stasjonane. Differansen mellom høgaste og lågaste margin gjennom veka er 15 øre for stasjonar utan konkurrentar innanfor 10 minutt køyretid. Differansen for stasjonar med minst tre konkurrentar innanfor 10 minutt køyretid er 55 øre, altså ein forskjell på 40 øre.

Funna stadfestar med andre ord dei vurderingane ein gjorde i samband med føretakssamanslutninga mellom AS Norske Shell og YX Energi Norge AS i 2008 etter § 16 om at konkurranseintensitet (lokalt) påverkar drivstoffprisane forbrukarane må betale.

### **Fann eit mønster på pris i veka**

Ein annan observasjon er at eit vekeprismønster med høg pris måndag ettermiddag og deretter fallande prisar gjennom veka, som fekk stor publisitet våren 2008, tydeleg har etablert seg i marknaden. Men dei undersøkingane Konkurransetilsynet gjennomførte i 2008, gav ikkje indikasjonar på at prismønsteret kom av ulovleg samarbeid mellom aktørane i marknaden for sal av drivstoff. Det innsamla materialet viste at aktørane på sjølvstendig grunnlag tilpassar seg konkurransesituasjonen i marknaden, og at prismønsteret spegla dette. Slik einsidig praksis i marknaden blir ikkje ramma av forbodet i konkurranselova mot horisontalt prissamarbeid.

### **Vil redusere etableringshindringar**

For å styrkje konkurransen i drivstoffmarknaden er tilsynet oppteke av å redusere eventuelle etableringshindringar både på nasjonalt og lokalt nivå. Analysane indikerer at prisane kan bli lågare når det finst ubetente stasjonar. Ein framvekst av ei landsdekkjande kjede av ubetente stasjonar utan bindingar til betente stasjonar vil derfor truleg vere positivt for konkurransen både på nasjonalt nivå og i mange lokale område.

Konkurransetilsynet vil prioritere å følgje pris- og konkurranseutviklinga i denne marknaden nøye også i tida framover.

[Til toppen](#)

## Trondheim kommune omorganiserer renovasjonen (§ 9e)



- Konkurransetilsynet arbeider for meir ryddige konkurranseforhold innan avfallshandsaming.

I 2005 utarbeidde eit forskarutval oppnemnt av Konkurransetilsynet rapporten «På like vilkår». I tråd med tilrådingane i rapporten har Konkurransetilsynet fleire gonger peikt på at konkurranseutsett kommunal verksemd bør organiserast i eigne juridiske einingar som har eige personell og eiga leiing, og som er fysisk skilde frå den skjerma verksemda.

I 2006 vende Veolia Miljø AS seg til Konkurransetilsynet for å få vurdert organiseringa av Trondheim Renholdsverk AS (TRV) og gjennomføring av anbudsprosessar i avfallssektoren. Reinhaldsverket har monopol på handtering av hushaldsavfall i Trondheim, mens Retura er konkurranseutsett innanfor næringsavfall.

### Konkurranse på like vilkår

Når eit offentleg selskap driv verksemd som ikkje er konkurranseutsett, og samtidig driv verksemd i konkurranse med private selskap, er det ikkje uvanleg at aktørane i marknaden kan bli usikre på om konkurransen skjer på like vilkår. Veolia Miljø AS meinte at konkurransen mellom Retura og private selskap ikkje skjedde på like vilkår. Veolia Miljø AS viste mellom anna til rapporten «Revisjonens gjennomgang av Trondheim Renholdsverk 1996–2006», som er utarbeidd av Trondheim kommunerevisjon. Veolia Miljø AS meinte rapporten viste at konkurranseforholda mellom TRV og dei private aktørane i avfallsmarknaden ikkje var ryddige.

Konkurransetilsynet tok etter innspelet frå Veolia Miljø AS kontakt med Trondheim kommune for å få klarlagt forholda. Trondheim kommune hadde då sjølv sett i gang arbeid med problemstillingar knytte til

organiseringa av TRV etter at rapporten frå kommunerevisjonen blei lagd fram. Dette blei i 2008 følgt opp med ei påpeiking etter § 9e i konkurranselova der Trondheim kommune som eigar av TRV blei beden om å gjere nødvendige endringar i organiseringa av TRV og i organiseringa av anbudsprosessane i avfallssektoren for å sikre sunn og reell konkurranse på like vilkår i avfallsmarknaden i Trondheimsområdet.

### **Skarpere skilje mellom selskapa**

Gjennom vedtak i 2009 og 2010 bad Trondheim bystyre generalforsamlinga for TRV om å gjennomføre endringar som fører til eit skarpere skilje mellom dei ulike selskapa i TRV-konsernet. Bystyret vedtok mellom anna at Trondheim Renholdsverk ikkje skal ha same daglege leiar som andre selskap i konsernet. I tillegg skal det fellast ned i vedtektene til reinhaldsverket at hushaldsrenovasjon skal drivast til sjølvkost. Vidare skal det vere eit større skilje mellom selskapa når det gjeld styresamansetning.

Konkurransetilsynet meiner at endringane vil gi eit tydelegare skilje mellom konkurranseutsett verksemd og lovpålagd verksemd. Dette vil medverke til meir ryddige konkurranseforhold og til å redusere faren for – og mistanken om – ulovleg konkurranseskadeleg åtferd i konkurranseutsette marknader.

### **Liknande saker**

Konkurransetilsynet har hatt liknande saker til handsaming tidlegare. I ei påpeiking i 2005 etter § 9e i konkurranselova bad Konkurransetilsynet eigarkommunane i Bergensområdet interkommunale renovasjonsselskap AS (BIR) om å vurdere tiltak for å sikre konkurranse på like vilkår i avfallsbransjen i Bergen og omland. Etter påpeikinga frå Konkurransetilsynet blei det mellom anna sett i verk tiltak som gjorde at BIR Privat AS ville få eit eige styre og ein eigen dagleg leiar.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Konkurransesituasjonen i utvalde næringer



- I desember 2010 varsla Konkurransetilsynet at ein vil undersøkje om forbodet mot bonusprogram i norsk luftfart bør strammast inn, bli vidareført som det er, eller bli oppheva. Foto: SAS

### Aktivitetar

#### Styrkeforholda i verdikjeda for mat

Konkurransetilsynet er representert i sekretariatet til utvalet som granskar styrkeforholda i verdikjeda for mat.

#### Drivstoffmarknaden

Konkurransetilsynet har gjennomført ein nærmare [analyse av konkurransesituasjonen i drivstoffmarknaden](#).

#### Offentleg tenestepensjon

Konkurransetilsynet har analysert [konkurransen i marknaden for offentlig tenestepensjon](#).

#### Daglegvaremarknaden

Konkurransetilsynet har vedteke å forlengje den meldeplikta som daglegvaregrupperingane har for årsavtalar med marknadsleiande leverandørar. Meldeplikta blei første gongen innført i 2005, med verknad til 2010. Den nye meldeplikta gjeld til 2015.

Meldeplikta inneber at Norgesgruppen, Coop, Rema 1000 og Ica må sende avtalane sine med 19 marknadsleiande leverandørar til Konkurransetilsynet.

#### Meieriovervaking

Bruttomarginovervakinga i meierisektoren blei ført vidare i 2010. Formålet med ordninga er å kontrollere om Tine har så låge

bruttomarginar at dei kan utgjere ein konkurranseskadeleg marginskvis i strid med § 11 i konkurranselova.

### **Ny forskrift om tilgang til bustadannonsering**

Ei ny forskrift om tilgang til bustadannonsering på Internett blei sett i verk 1.1.2010. Forskrifta blei vedteken etter forslag frå Konkurransetilsynet. Tilsynet har handheva at nettportalane følgjer forskrifta.

### **Marknadene for betalingskort**

Konkurransetilsynet har overvakt marknadene for betalingskort. Nye reglar gjer at handelsnæringa no kan ta betalt for dei høge gebyra som kortselskapa tek for bruk av internasjonale betalingskort. Slik kan forbrukarane få insentiv til å velje dei mest effektive betalingsmidla.

### **Kraftmarknaden**

Konkurransetilsynet har drive kontinuerleg marknadsovervaking av engrosmarknaden for kraft i samarbeid med NVE. Marknadsovervaking er eit viktig ledd i arbeidet med å avdekkje eventuell misbruk av marknadsmakt i kraftmarknaden.

Konkurransetilsynet har saman med representantar frå NVE, NordPool, Statnett, kraftintensiv industri, kraftprodusentar og kraftleverandørar sete i referansegruppa til ekspertutvalet som har sett på drifta av kraftsystemet.

Den finske energiregulatoren gav Gaia Consulting Oy i oppdrag å lage ein rapport om bakgrunnen for pristoppene vinteren 2009/2010. Nordiske energiregulatorar og konkurransemyndigheiter utgjorde styringsgruppa for konsulentselskapet.

Det er meir informasjon om rapporten frå ekspertutvalet og tilrådingane derifrå i [pressemelding frå Olje- og energidepartementet](#).

[Rapporten er tilgjengeleg på nettstaden til NordREG.](#)

### **Overvaking av TV-marknadene**

Konkurransetilsynet overvaker framleis TV-marknadene. Tilsynet har òg vore med i den arbeidsgruppa Kulturdepartementet oppretta for å vurdere om det trengst tiltak for å sikre valfridommen og mangfaldet for TV-sjåarane, og samarbeidde med Medietilsynet om å utarbeide prosedyre for førehandsgodkjenning av nye NRK-tenester der Konkurransetilsynet har fått som oppgåve å vurdere eventuelle konkurranseavgrensande verknader i lys av kringkastingsforskrifta.

### **Bokmarknaden**

Konkurransetilsynet har tilrådd avvikling av fastprisordninga for bøker, men har ikkje fått gjennomslag for dette.

### **Rabattprogram retta mot bedrifter**

Konkurransetilsynet gjekk våren 2010 gjennom dei rabattprogramma SAS og Norwegian har for bedrifter, for å vurdere om dei kunne vere i

strid med forskrifta som forbyr opptening av bonuspoeng på innanriksruter i Noreg. Slik desse programma var utforma på tidspunktet for gjennomgangen, vurderte tilsynet det slik at dei ikkje avgrensa konkurransen i norsk luftfart.

I desember 2010 varsla Konkurransetilsynet at ein vil undersøkje om forbodet mot bonusprogram i norsk luftfart bør strammast inn, bli vidareført som det er, eller bli oppheva. Bakgrunnen for utgreiinga er utviklinga i marknaden for innanriks luftfart og innføringa av ulike fordelsprogram.

[Til toppen](#)

## Resultat

---

### **Anbudsplikt kan gi betre konkurranse i pensjonsmarknaden**

Produktet offentleg tenestepensjon er ei standardisert teneste der premie og pris er regulerte gjennom tariffavtalar, lovgiving og aktuarprinsipp. Det er likevel rom for konkurranse både på pris og kvalitet.

Offentleg tenestepensjon som produkt har små eller ingen forskjellar på tvers av yrkesgrupper og tilsette innanfor offentleg sektor. Det finst likevel ikkje nokon heilskapleg marknad for offentleg tenestepensjon når det gjeld konkurranse. Statlege arbeidsgivarar er bundne til Statens pensjonskasse. Det er heller ikkje noka form for konkurranse når det gjeld pensjonsordningar for tilsette i helseføretak, som følgje av ei avtale mellom organisasjonane i arbeidslivet. Val mellom alternative tilbydarar, og dermed reell konkurranse, er berre mogleg for kommunar og fylkeskommunar.

Rapporten, som er utarbeidd på oppdrag frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), viser at marknaden for tenestepensjon i kommunal sektor er sterkt konsentrert og prega av svak kundemobilitet. Den største leverandøren, KLP, har mykje større marknadsdel enn Vital og Storebrand, og desse marknadsdelane har vore relativt stabile dei siste åra. Etableringshindringane i marknaden er såpass høge at det i liten grad eksisterer potensiell konkurranse. Analysen peiker òg på at det finst både bytekostnader og innelåsande effektar i denne marknaden. Det synest sikkert at både Vital og Storebrand er fullt ut i stand til å respondere, men for å kunne konkurrere er dei avhengige av at det faktisk blir gjennomført anbuds konkurransar.

Trass i dei faktorane som talar for at konkurransen er avgrensa, tilseier analysen av responsmoglegheiter at det ligg til rette for konkurranse

mellom dei tre eksisterande leverandørane, og for at kundane kan utøve kjøparmakt.

Konkurransen er sterk når det blir gjennomført anbodskonkurransar. Problemet er at nesten ingen kommunar gjer det. Av om lag 450 kommunar og fylkeskommunar er det berre ti i året som gjennomfører anbodskonkurransar. Det er derfor eit stort potensial for sterkare konkurranse i denne marknaden, går det fram av rapporten.

Ei plikt til å leggje tenestepensjonsordningar ut på anbod med jamne mellomrom vil utløyse auka konkurranse i pensjonsmarknaden. Sterkare konkurranse er viktig for at pensjonar skal forvaltast effektivt og rimeleg i framtida.

### **Den lokale konkurransen har mykje å seie for bensinprisane**

Undersøkinga styrkjer denne oppfatninga. For å styrkje konkurransen i drivstoffmarknaden er tilsynet oppteke av å redusere eventuelle etableringshindringar både på nasjonalt og lokalt nivå. Marknaden for drivstoff er viktig for norske forbrukarar, og Konkurransetilsynet vil prioritere å følgje pris- og konkurranseutviklinga i denne marknaden nøye også i tida framover.

Nærmare omtale [finst her](#) og i rapporten «[Det norske drivstoffmarkedet](#)».

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011





## Påpeikingar



- Tilsynet har i 2010 arbeidd vidare med dei uheldige konkurransemessige sidene ved ordninga for privatpraktiserande fysioterapeutar.

### Aktivitetar

---

Det har ikkje vore påpeikingar etter § 9e i 2010.

[Til toppen](#)

### Resultat

---

Det blei ikkje sendt påpeikingar etter § 9e i 2010. Påpeikingane som blir prioriterte, inngår ofte i eit langsiktig arbeid med prioriterte problemstillingar, slik at påpeikinga er eitt av fleire verkemiddel for å oppnå resultat.

Tilsynet legg stor vekt på kontakt med mottakarar av påpeiking før og etter at påpeikinga blir send. Det blir òg gjennomført ei oppfølging etter at det er sendt påpeiking. To døme på det frå 2010 er presenterte nedanfor.

#### **Uheldige konkurransemessige sider ved ordninga for privatpraktiserande fysioterapeutar**

Konkurransetilsynet sende eit brev til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) i mai 2009 der det blei peikt på ei rekkje uheldige konkurransemessige sider ved ordninga for privatpraktiserande fysioterapeutar.

I brev frå HOD av 3. september 2009, som er svar på påpeikinga frå Konkurransetilsynet, blei det varsla at dei problematiske sidene av ordninga med privatpraktiserande fysioterapeutar i første omgang vil bli følgde opp med ein dialog med KS og dei involverte yrkesorganisasjonane, der det vil bli diskutert korleis ein skal gjennomgå avtale- og regelverket på området.

Konkurransetilsynet sende eit oppfølgingsbrev til HOD i januar 2010 der det blei uttrykt ønske om å medverke i det vidare oppfølgingsarbeidet for å rette opp dei konkurransemessig uheldige sidene ved ordninga for privatpraktiserande fysioterapeutar og eventuelle uheldige sider ved ordningar for andre privatpraktiserande i helsetenesta. Konkurransetilsynet ber òg om å bli involvert i det varsla arbeidet.

### **Spørsmål om anskaffingslova og kommunal tenestepensjon**

Konkurransetilsynet sende i mars 2009 eit brev til Fornyings- og administrasjons- og kyrkjedepartementet der det peikte på ein uheldig innkjøpspraksis når det gjeld kommunal tenestepensjon. Det er vanleg praksis at kommunane forlengjer gjeldande avtalar om tenestepensjon utan å gjennomføre anbodskonkurransar.

I brevet peikte tilsynet på at denne praksisen fører til avgrensa konkurranse i marknaden for offentleg tenestepensjon. Tilsynet stilte vidare spørsmål om kommunane har ein praksis som er i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar, og bad departementet om ei avklaring. I kontakt med FAD har tilsynet etterlyst svar på brevet både i 2009 og 2010.

I 2010 sette regjeringa ned ei interdepartemental arbeidsgruppe for å greie ut korleis val av pensjonsleverandør for tilsette i helseføretak kan og bør gjennomførast. Ei sentral oppgåve for arbeidsgruppa er å vurdere det rettslege handlingsrommet ved val av pensjonsleverandør, særleg med tanke på regelverket for offentlege anskaffingar. Konklusjonen til arbeidsgruppa vil ifølgje FAD vere svært viktig for spørsmålet som Konkurransetilsynet har reist om praksisen til kommunane.

I samband med utgreiinga til arbeidsgruppa bad FAD i 2010 tilsynet om å skrive ein rapport om konkurransen i marknaden for offentleg tenestepensjon. Rapporten viser at konkurransen er avgrensa, og at praksisen til kommunane er ei viktig årsak til dette. [Sjå òg eigen omtale av rapporten.](#)

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Høringsfråsegn



- Konkurransetilsynet har fleire gonger gitt uttrykk for at bokavtalen er konkurranseavgrensande, og at fastprisordninga i bokbransjen bør avviklast.

### Aktivitetar

Ved utgangen av 2010 hadde KT gitt 18 høringsfråsegner. Det var ingen påpeikingar etter § 9e i 2010. Nokre av dei viktigaste høringsfråsegnene er omtala under, mens ei full oversikt er gitt i ein eigen tabell.

#### Høringsfråsegn – ny verdipapirhandellov

Høyringa gjeld nye reglar i verdipapirfondlova om marknadsføring av verdipapirfond på den felleseuropeiske marknaden.

Norske forvaltningsselskap kan i praksis berre oppnå produkt differensiering ved å opprette såkalla skuggefond/speglingsfond. Denne praksisen fører med seg auka kostnader jamført med utanlandsregistrerte fond som er delte opp i andelsklassar og blir marknadsførte i Noreg. Dei auka kostnadene for norske fond med bruk av skuggefond representerer såleis ei konkurranseulempe. Konkurransetilsynet støttar forslaget om at det i tillegg skal vere høve til å opprette andelsklassar internt i det enkelte verdipapirfondet, slik at konkurransen skjer på like vilkår.

Vidare er høvet til å låne ut eigedelane til norske fond til same mellommann eller motpart avgrensa til 5 prosent. Det blir allereie marknadsført utanlandsregistrerte fond i Noreg utan slik avgrensing. Konkurransetilsynet ser derfor positivt på at det blir lempa på

restriksjonane for utlån av finansielle instrument, slik at dei norske reglane nærmar seg reglane i andre europeiske land.

### **Bokavtalen – unntak frå § 10 i konkurranselova for samarbeid ved omsetning av bøker**

Konkurransetilsynet har fleire gonger gitt uttrykk for at bokavtalen er konkurranseavgrensande, og at fastprisordninga i bokbransjen bør avviklast.

FAD sende ut høyringsbrev 30. august 2010 med forslag om å forlengje forskrifta om unntak frå § 10 i konkurranselova for samarbeid ved omsetning av bøker. Forslaget inneheldt få vesentlege endringar jamført med eksisterande unntaksforskrift. Den største endringa var forslaget om at fastprisordninga ikkje lenger skulle gjelde for fagbøker (bokgruppe 2), noko regjeringa ikkje tok til følgje i den endelege unntaksforskrifta.

Konkurransetilsynet skreiv i høyringsbrev 15. oktober 2010 at bokavtalen er konkurranseavgrensande og til skade for forbrukarane både i eit kortsiktig og eit meir langsiktig perspektiv. Subsidiært og i relasjon til det konkrete høyringsforslaget meiner tilsynet det bør vurderast å endre systemet for fastsetjinga av fastprisperioden, slik at lengda på fastprisperioden blir fastsett for kvar enkelt bokutgiving. Tilsynet meiner òg at ny fastprisperiode for bøker som blir gitt ut på nytt, berre kan avtalast dersom innhaldet i boka er mykje endra, fordi det kan føre til at grensene for fastprisordninga blir uklare dersom endringar som nytt omslag, ny papirkvalitet, nytt forord eller redusert omfang av ny tekst gir høve til å avtale ny fastprisperiode.

### **Høyringsfråsegn – anbod regionale flyruter**

Høyringa gjeld utforminga av anbod på regionale ruteflygingar i Noreg (FOT-rutene).

Tidlegare anbodskonkurransar om FOT-ruter ser ut til å vere prega av svak konkurranse. I høyringsfråsegna frå Konkurransetilsynet er det knytt nokre generelle merknader til utforminga av anbodskonkurransane som kan medverke til sterkare konkurranse.

Konkurransetilsynet tilrår å forlengje kontraktperioden og å spreie anbodsutlysingane for ulike ruteområde over tid. Konkurransetilsynet meiner òg at tidsrommet mellom tildelings- og oppstartstidspunkt bør vere slik at anbodsprosessen i seg sjølv ikkje påfører interesserte aktørar unødvendig risiko. Slik Konkurransetilsynet ser det, bør det i tillegg opplystast i konkurransegrunnlaget kor langt dette tidsrommet vil vere. Det bør vidare ikkje stillast unødvendige krav til leverandørane. Avslutningsvis tilrår Konkurransetilsynet å avvege faren for redusert konkurranse mot positive synergieffektar når det blir vurdert om visse ruter og pakkar skal kombinerast.

Konkurransetilsynet held fast på dei tidlegare høyringsfråsegnene sine om verknader knytte til forbodet mot bonusprogram, fordelar og ulemper med ein oppseiingsklausul og meir rom for å kombinere anbod, og oppfordring til meir fleksible krav til setekapasitet, forlenging av kontraktperioden og oppfordring til sekvensielle utlysingar.

[Til toppen](#)

## **Oversikt: Høyringsfråsegn frå Konkurransetilsynet i 2010**

### [Forslag til forskrift om utleige av vasskraftanlegg og om bruk av driftsoperatørar \(utleigeforskrifta\)](#)

Konkurransetilsynet ser positivt på ei utleigeordning som gir eigarar av vasskraftproduksjon høve til å leige ut vassfall og kraftverk, men peiker på at ordninga bør utformast på ein måte som legg til rette for at alle aktørar på like vilkår kan få tilgang til samla leige av vassfall og kraftverk, og at rett utforming av utleigeordninga vil kunne medverke til auka konkurranse i kraftmarknaden.

### [Lov om elektronisk kommunikasjon – Varsel frå Post- og teletilsynet om vedtak i sluttbrukarmarknaden for fasttelefoniabonnement og sluttbrukarmarknadene for fasttelefonitrafikk](#)

Konkurransetilsynet er generelt einig i konklusjonane som Post- og teletilsynet legg opp til i utkastet til vedtak. Telenor ASA – i eigenskap av aktør med SMP (Significant Market Power) i den relevante marknaden – får pålegg om å tilby fast forval og forval ved bruk av prefiks til kostnadsorienterte prisar og på ikkje-diskriminerande vilkår, og å utarbeide og publisere standardavtale for desse tenestene. Men tilsynet saknar ei meir utførleg drøfting av om eigenskapar, bruksområde og prisutvikling tilseier at tradisjonell telefoni og breibandstelefoni er i den same produktmarknaden.

[Varsel om vedtak om utpeiking av tilbydarar med sterk marknadsstilling og pålegg om særskilde plikter i marknadene for terminering av tale i individuelle offentlege kommunikasjonsnett](#)  
Konkurransetilsynet konstaterer at varselet om vedtak og tilhøyrande vedlegg er godt gjennomarbeidde, men har nokre kommentarar knytte til val av kostnadsmodell for prisreguleringa i dei relevante marknadene.

### [Klimakur 2020. Tiltak og verkemiddel for å nå norske klimamål mot 2020](#)

Konkurransetilsynet understrekar at supplerande verkemiddel for å nå norske klimamål, både for kvotepliktige og ikkje-kvotepliktige sektorar, må utformast slik at det ikkje går ut over konkurransen og konkurranseevna. Vidare meiner tilsynet det er viktig at verkemiddelbruken legg prinsippet om kostnadseffektivitet til grunn, det vil seie at det i størst mogleg grad blir brukt marknadsbaserte

verkemiddel også for ikkje-kvotepiktig sektor. Det er eit heilt sentralt element i klimapolitikken at det blir etablert rette prisar på utslepp. Konkurransetilsynet peiker på at velfungerande konkurranse støttar opp under kostnadseffektiv måloppnåing i miljøpolitikken.

#### CO2-avgift på naturgass og LPG

Konkurransetilsynet åtvarar mot at forskriftsendringar som inneheld reduserte satsar eller avgiftsfritak for gass levert til enkelte sektorar, kan føre til uheldige konkurransevridingar mellom sektorar eller føretak. Tilsynet understrekar at det er viktig å ha ein godt utforma miljøpolitikk som stimulerer til konkurranse på like vilkår.

#### Forslag til ny verdipapirfondlov og forskrift

Konkurransetilsynet meiner prinsipielt at ein for å sikre like vilkår for marknadstilgang og dermed stimulere konkurransen bør prøve å unngå særnorske reglar. Det er derfor i utgangspunktet formålstenleg å få norsk rett på linje med rettsstilstanden i dei fleste av dei andre europeiske landa på dette området ved at andelsklassar òg blir tillatne for norske verdipapirfond.

#### Implementation Plan for a Common Nordic Electricity Retail market (NordREG)

Konkurransetilsynet anerkjenner arbeidet som NordREG hittil har gjort i samband med tilrettelegging for ein felles nordisk sluttbrukarmarknad. NordREG ser ut til å vere merksam på viktige krav for å oppnå ein effektiv felles nordisk marknad.

#### Forslag til endring av forskrift om omsetning av visse reseptfrie legemiddel utanom apotek

Konkurransetilsynet har støtta ordninga med sal av legemiddel utanom apotek etter at ordninga blei innført. Fleire undersøkingar har vist at prisveksten har vore lågare på dei legemidla som er godkjende for omsetning i daglegvarehandelen. Konkurransetilsynet støttar såleis forslaget frå Legemiddelverket om at kundar sjølve skal kunne velje legemiddel frå hylla i daglegvarebutikken, såkalla sjølvval. Ordninga med legemiddel i daglegvarehandelen kombinert med sjølvval vil føre til eit effektivt konkurransepress på apoteka.

#### Endring i ekomlov og -forskrift 2010

Konkurransetilsynet støttar i hovudsaka endringsforslaga i ekomlova, men peiker på at bruken av restriksjonar på frekvensane bør minimaliserast, og at styresmaktene i praktisering av kompetansen sin til å påleggje eller nekte sal og leige av frekvensar bør vere restriktive og føreseielege for aktørane i marknaden.

#### NOU 2010: 2 Handheving av offentlege anskaffingar

Konkurransetilsynet peiker på at systemet for handheving av anskaffingsreguleringa bør formast ut på ein slik måte at det i størst mogleg grad legg til rette for at offentlege innkjøparar handlar som alle andre økonomisk rasjonelle aktørar. Handhevingsregimet bør i størst

mogleg grad utformast med sikte på å tene formålet med anskaffingsregelverket og sikre rask og effektiv handheving. Tilsynet er redd for at forslaget frå fleirtalet til handhevingsregime i for stor grad hevar terskelen for å ta opp saker om ulovlege direkteanskaffingar, og at det ikkje er teke nok omsyn til hovudformålet med regelverket.

#### Utkast til forskrift av vegtrafikklova § 7 a om kjøprising

Konkurransetilsynet meiner det er viktig at det finst mekanismar som sikrar at transportørar som har fått fritak etter forskrifta § 9 første ledd bokstav b, ikkje i praksis også oppnår tilsvarende fritak ved bruk av køyretøyet for annan type transport. Mangel på slike mekanismar kan føre til at fritaket får verknad ut over det regelen var tiltenkt, med potensielt uheldige konkurransemessige verknader for konkurrerende transportørar som ikkje har fått eit tilsvarende fritak.

#### Ny forskrift om avgifter m.m. til Patentstyret

Konkurransetilsynet meiner at ein meir prinsipiell diskusjon om samanhengen mellom avgifts- og gebyrnivået til Patentstyret og insentiva til å søkje patentvern burde ha komme før diskusjonen om avgift vs. gebyr og avgifts-/gebyrstorleik.

#### Forslag om endringar i forskrift om unntak frå konkurranselova § 10 for samarbeid ved omsetning av bøker

Konkurransetilsynet meiner at bokavtalen er konkurranseavgrensande og til skade for forbrukarane både i eit kortsiktig og meir langsiktig perspektiv. Subsidiært og i relasjon til det konkrete høyringsforslaget meiner tilsynet at det bør vurderast å endre systemet for fastsetjinga av fastprisperioden, slik at lengda på fastprisperioden blir fastsett for kvar enkelt bokutgiving. Tilsynet meiner òg at ny fastprisperiode for bøker som blir gitt ut på nytt, berre kan avtalast dersom innhaldet i boka er mykje endra, fordi det kan føre til at grensene for fastprisordninga blir uklare dersom endringar som nytt omslag, ny papirkvalitet, nytt forord eller redusert omfang av ny tekst gir høve til å avtale ny fastprisperiode.

#### Anbod regionale flyruter frå 1. april 2012

Anbodskonkurransar for regionale flyruter (såkalla FOT-ruter) bør utformast slik at fleire aktørar kan kjempe om anboda. Tilsynet peiker på fleire forhold ved utforminga av anbod som kan styrkje konkurransen i denne marknaden.

#### Forslag til endring i kapittel 6 i forskrift om måleiningar og måling

På same måten som det er viktig at forbrukarane har informasjon om den faktiske prisen på produktet, er det viktig at dei kan ha tillit til at dei får det dei har betalt for. Når Justervesenet utfører oppgåvene sine i tråd med formålet sitt, medverkar det såleis til auka transparens i marknaden. Ettersom alle kostnadene ved drift av Justervesenet blir velta over på brukarane i form av gebyr, og slik blir ein del av kostnadsstrukturen til brukarane og føretaka, som igjen kan påverke

relativ konkurranseevne, er det òg viktig å ha gode insentiv til kostnadseffektiv drift av aktiviteten til Justervesenet.

#### [Høyringsvar – unntak frå konkurranselova for avtalar om klinisk veterinærvakt](#)

Konkurransetilsynet held fast på sine tidlegare utsegner om at tilsynet ikkje meiner det er nødvendig med ein sentral avtale som krev samordning mellom veterinæranne gjennom Den norske veterinærforening og Kommunenes Sentralforbund i strid med konkurranselova § 10 og/eller § 11.

#### [Høyringsvar – regulering av konkurranse-, kunde- og ikkje-rekrutteringsklausular](#)

Reglane i konkurranselova vil kunne gjelde for konkurranseklausular, kundeklausular og ikkje-rekrutteringsklausular i tilsetjingsavtalar, medrekna avtalar mellom samanslutningar av arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Det kan vere grunn til å presisere og avklare forholdet til konkurranseavgivinga nærmare.

#### [Forslag til direktiv om oppretting av eit felles europeisk jernbaneområde \(omarbeiding\) KOM\(2010\)475](#)

Konkurransetilsynets peiker på at for å sikre effektiv utnytting av infrastrukturen og god konkurranse når det gjeld tenestene som blir ytte, bør det vurderast å separere eigarskapen av nødvendig infrastruktur frå eigarskapen til konkurranseutsett verksemd.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011





## Kvalitetsarbeid og omdømmebygging



- Konkurransetilsynet kom på 13. plass i ei undersøking av omdømmet til norske offentlege verksemder.

### Aktivitetar

Konkurransetilsynet har ikkje gjennomført ei eiga omdømmeundersøking i 2010. Undersøkinga vil bli gjennomført tidleg i 2011.

Tilsynet har også i 2010 arbeidd aktivt og systematisk med kompetansebygging, slik at det framstår som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

Konkurransetilsynet arrangerte hausten 2010 omfattande kurs for nytilsette og har gjennomført ei rekkje interne fagseminar i jus og økonomi. I tillegg har mange av medarbeidarane i tilsynet delteke på kurs og konferansar i inn- og utland, i samsvar med individuelle kompetanseplanar. Resultatet er ein stab med eit svært godt konkurranseøkonomisk og juridisk fagleg grunnlag for saksbehandling av høg kvalitet. Vidare framstår tilsynet som ein arbeidsplass med gode tilhøve for fagleg utvikling.

[Til toppen](#)

### Resultat

#### Prosjektorganisering i Konkurransetilsynet

Sommaren 2009 blei det etablert ei prosjektgruppe som skulle vurdere forslag til tiltak som er nødvendige for at arbeidet med større og kompliserte saker i tilsynet skal organiserast og behandlast på ein måte

som gir effektiv saksbehandling, godt arbeidsmiljø og avgjerder av høg fagleg kvalitet. Prosjektgruppa leverte fleire forslag til forbetring og klargjering av roller og ansvar, og i januar 2010 vedtok leiargruppa å innføre desse.

Konkurransetilsynet har i 2010 blitt evaluert av Global Competition Reviews «Rating enforcement». I tillegg kjem «RepTrak Offentlig 2010» og Difi si årlege kvalitetsvurdering av tilsynets nettsider. Hovudpoeng frå desse evalueringane er tekne med i det følgjande.

### **Global Competition Review**

Konkurransetilsynet får tre av fem stjerner i Global Competition Reviews «Rating enforcement». Det same som året før. Global Competition Review gjennomfører kvart år ei evaluering av konkurransemyndigheitene i ei rekkje land. Evalueringa er gjort på grunnlag av to spørjeundersøkingar: éi blant konkurransemyndigheitene og éi blant brukarar som har eit forhold til desse myndigheitene, til dømes juristar, økonomar og andre akademikarar, rådgivarar for verksemder og advokatar.

I evalueringa blir det halde fram at tilsynet har lukkast i å redusere personellmessig turnover frå året før. Vidare heiter det at «*While the authority has a good staff and agency head Knut Eggum Johansen is well respected by Norway's competition community, lawyers say it needs to take a bolder approach to enforcement.*»

### **Godt omdømme**

Konkurransetilsynet kom på 13. plass i ei undersøking av omdømmet til norske offentlege verksemder, som Apeland Informasjon og Reputation Institute har gjennomført. Undersøkinga, som går under namnet RepTrak Offentlig 2010, byggjer på vurderingar frå over sju tusen nordmenn og dekkjer seks ulike dimensjonar: samfunnsrolle, tenester, leiing, forvaltning, arbeidsmiljø og fornying. Respondentane har berre vurdert verksemder dei «kjenner godt» eller «kjenner litt». Konkurransetilsynet får ein score på 72,4 prosent, medan Forbrukarrådet ligg på topp med 87,3 prosent.

I ei anna undersøking, utført av Synovate, kjem det fram at kjennskapen til Konkurransetilsynet er relativt svak. Om lag halvparten av dei spurde svarar «veit ikkje» eller «verken godt eller dårleg» på spørsmålet om kva for inntrykk dei har av Konkurransetilsynet. Dette er på same nivå som i 2009.

### **Difi si årlege kvalitetsvurdering**

Kvalitetsvurderinga er eit ledd i å synleggjere kvaliteten på dei offentlege internettsidene og å stimulere til å auke kvaliteten på dei offentlege elektroniske tenestene. Kvalitetsmålinga går ut på å vurdere nettstaden etter tilgjengelegheit, brukartilpassing og nyttig innhald. Nettsidene til Konkurransetilsynet følgjer kvalitetskrava for offentlege nettstader, og dei oppnådde fem av seks moglege stjerner i Difi si

kvalitetsvurdering hausten 2010. På kriteriet «tilgjengelegheit» fekk tilsynets internettsider ein score på 93 prosent. Landsgjennomsnittet for tilgjengelegheit er 64 prosent.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Informasjon til forbrukarane



- Konkurransetilsynet har samarbeidd med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet mellom anna om bustadannonsering på Internett.

### Aktivitetar

#### Kraftprisoversikta

Kraftprisoversikta på nettstaden til Konkurransetilsynet blei oppretta så tidleg som i 1998. Konkurransetilsynet lanserte i 2010 ei forbetra kraftprisoversikt.

#### Parallelltakstsystemet for drosjetransport

Konkurransetilsynet har i 2010 vedteke ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport. Forskrifta trer i kraft 1. september 2011.

#### Samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet

Konkurransetilsynet har samarbeidsavtalar med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. I tillegg til eit regelbunde samarbeid i aktuelle saker har dei tre organisasjonane faste samarbeidsmøte to gonger i året. Tema for møta i 2010 var mellom anna mobilmarknaden, TV-marknaden, bustadannonsering på Internett, kraftmarknaden, bokmarknaden, forsikringsmarknaden og drosjemarknaden.

Det er òg etablert faste samarbeidsmøte for diskusjon av daglegvaremarknadene mellom Forbrukarrådet, Forbrukarombodet, Statens institutt for forbruksforskning og Konkurransetilsynet.

[Til toppen](#)


### Resultat

#### Kraftprisar

Kraftprisoversikta har hatt ca. 707 000 besøk i 2010. Dette er ein auke

på ca. 130 prosent samanlikna med 2009. Talet på besøk har altså auka kraftig og har i somme månader vore om lag tre gonger høgare enn tilsvarande månad i året før. Kraftprisoversikta gjer det lettare for forbrukarane å samanlikne kraftprisar og orientere seg i marknaden for å vurdere om det lønner seg å byte kraftavtale eller kraftleverandør.


### Figuren viser talet på unike besøkande per måned



Det har vore mykje merksemd rundt straumleverandørar som krev forskotsbetaling, altså at forbrukaren betaler for straumen før han blir brukt. Av den nye kraftprisoversikta går det tydeleg fram kva produkt som krev forskotsbetaling. Det har blitt enklare for brukarane å samanlikne produkt, ikkje berre basert på pris, men òg på produktvilkår (til dømes forskotsvis og etterskotsvis fakturering). Det har i tillegg blitt enklare for kraftleverandørane å registrere produkta sine i oversikta.

Ein svært stor del av leverandør-/avtalebyta som skjer, har tilknytning til kraftprisoversikta. Konkurransetilsynet får òg ei rekkje telefonar og e-postar frå forbrukarar som ønskjer hjelp til å finne ein billigare avtale for levering av elektrisk kraft. Dette kan til dømes handle om forbrukarar som ikkje har tilgang til Internett, brukarar som treng hjelp eller har spørsmål om kraftmarknaden, kraftprisoversikta og dei innmelde prisane.

### Medieoppslag om kraftprisoversikta



■ 2010 ■ 2009

### Enklare drosjetakstar skal gi betre konkurranse

Konkurransetilsynet fastset maksimalprisar for drosjetenester i store delar av landet. I dei fleste større byane og i nokre andre område er det fri prissettning. Både i prisregulerte område og i område med fri prissettning er dagens takstsystem (brytingtakst) svært vanskeleg tilgjengeleg. Det gjer det vanskeleg å samanlikne tilbod frå ulike aktørar, noko som igjen medverkar til å svekkje konkurransen i marknaden.

Derfor har Konkurransetilsynet i 2010 utarbeidd og vedteke ny forskrift om takstberekning og maksimalprisar for drosjetransport. Forskrifta trer i kraft 1. september 2011.

Den nye forskrifta inneber at parallelltakstsystemet blir innført i både regulerte og uregulerte område. Dette er eit nytt og lettare forståeleg system for berekning av pris på drosjetenester. Parallelltakst inneber både avstands- og tidsprising under heile drosjeturen, uavhengig av kva fart drosjen held.

Det er gjort unntak for såkalla kontraktkøyring, det vil seie at forskrifta ikkje gjeld for drosjekøyring der vilkåra for transporten er fastsette i avtale inngått etter forhandlingar mellom oppdragsgivar og tilbydar, eller i avtale inngått etter anbodskonkurranse. Eit døme på dette er anbod om pasienttransport.

Takstane for drosjetransport som er maksimalprisregulert, blir regulert i eit eige kapittel i den nye forskrifta.

Konkurransetilsynet har i arbeidet med forskrifta gjennomført ein fullstendig gjennomgang av dagens prisregulering med sikte på å gjere maksimalprisane lettare tilgjengelege for både tilbydarar og forbrukarar. Konkurransetilsynet meiner at forskrifta, saman med betre prisoppslag på større drosjehaldeplassar og i drosjane, vil gjere det enklare for forbrukarane å samanlikne prisar og gjere informerte val av tilbydarar og slik styrkje konkurransen mellom aktørane i

drosjemarknaden. Konkurransetilsynet har eit samarbeid med forbrukarmyndigheitene og Norges Taxiforbund om å få til betre prisopplysning.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Sikrar konkurranse om offentlege innkjøp



- Oslo kommune fekk i 2010 et gebyr på 42 millionar kroner for manglande konkurranseutsetjing av TT-transport.

### Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) behandlar klager om brot på innkjøpsregelverket.

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA) behandlar klagar om brot på innkjøpsregelverket. Sekretariatet til nemnda ligg administrativt under Konkurransetilsynet. Sjølv om KOFA og Konkurransetilsynet handhevar to ulike regelsett, er formålet det same: effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Begge regelsetta er viktige for å hindre økonomisk kriminalitet, som for eksempel korrupsjon. Mange av korrupsjonssakene som er avdekte dei siste åra, er saker som gjeld ulovleg tileigning av offentlege midlar, og der det skulle ha vore gjennomført ein tilbudsprosess.

#### Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA)

KOFA er eit nasjonalt klageorgan som tek stilling til om ein offentlig oppdragsgivar har brote regelverket for offentlege innkjøp. I tillegg til å gi rådgivande utsegner fekk KOFA frå og med 1. januar 2007 òg fullmakt til å ileggje lovbrotsgebyr for ulovlege direkte anskaffingar.

Formålet med innkjøpsregelverket er å få mest mogleg ut av samfunnet sine ressursar. Nemnda har 10 medlemmer som er oppnemnde av regjeringa. Leiar av nemnda er advokat Bjørg Ven. Sekretariatet til klagenemnda bestod ved utgangen av 2010 av tolv juristar og ein sekretær. Sekretariatet ligg administrativt under Konkurransetilsynet og held til i dei same lokala som tilsynet.



### **Viktige synergjar mellom KOFA og Konkurransetilsynet**

KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider om å skape eit felles fagmiljø for å møte dei utfordringane samfunnet står overfor når det gjeld økonomisk kriminalitet. Konkurransedirektøren ønskjer i samband med dette å knyte verksemda til KOFA tettare opp mot verksemda i tilsynet.

Eit ledd i denne integreringa var å gjere stillinga som leiar av KOFA-sekretariatet om til ei direktørstilling med særleg ansvar for offentlege anskaffingar. Endringa blei gjort med verknad frå 1. november 2009.

Direktøren inngår i leiargruppa til Konkurransetilsynet. Direktøren har i tillegg det faglege ansvaret og personalansvaret for sekretariatet. Endringa inneber at det blir henta ut synergi og kunnskap på tvers av dei to verksemdsområda, mellom anna ved at verksemda i KOFA og tilsynet blir betre koordinert, at den eksterne profileringa av den samla verksemda til tilsynet blir styrkt, og at KOFA og tilsynet held felles foredrag.

### **Rekordhøgt gebyr til Oslo kommune for ulovleg direkte anskaffing**

Oslo kommune fekk eit lovbrotsgebyr på 42 millionar kroner, noko som svarte til 13,9 prosent av verdien av anskaffinga, på grunn av at kommunen i ei årrekke hadde unnlata å konkurransetsette TT-køyring.

42 millionar kroner er det høgaste gebyret – både i kroner og prosent – KOFA nokon gong har ilagt etter at klagenemnda fekk gebyrfullmakt 1. januar 2007. Storleiken på gebyret blei fastsett på grunnlag av dei kostnadene Oslo kommune hadde hatt med desse drosjetenestene sidan 24. juni 2007 og fram til gebyret blei ilagt – i alt 302 millionar kroner. Det blei òg lagt vekt på at Oslo kommune i fleire år hadde vore klar over plikta til å kunngjere konkurranse om kontrakten, og at kontrakten blei gitt til Oslo Taxi AS utan noka form for konkurranse.

Oslo kommune blei varsla om gebyret 10. februar 2010, og kommunen erkjente då at kontrakten om TT-ordninga utgjorde ei ulovleg direkte anskaffing. Endeleg gebyr blei ilagt 9. mars 2010.

### **Aktivitetar**

---

KOFA har hatt stor auke i saksomfanget. 2010 er til no eit rekordår med 396 mottekne klagar. Dette er 38 prosent meir enn i 2009. Blant dei mottekne sakene var 104 såkalla gebyrsaker. I same periode behandla klagenemnda totalt 276 saker, av dei var 55 gebyrsaker. Det blei totalt ilagt 14 lovbrotsgebyr. Innføringa av gebyrmyndigheit har resultert i at KOFA har fått mykje større merksemd. I tillegg er sakene

ofte svært kompliserte, både med omsyn til faktum og jus, og talet på klagarar som nyttar advokat, har òg gått opp.

[Sjå saksstatistikken for KOFA >>](#)

KOFA ser at det er stort behov for kunnskap om korleis regelverket om offentlege anskaffingar er å forstå, og korleis det skal nyttast, og opplever stor etterspørsel etter rettleiing. KOFA og Konkurransetilsynet samarbeider derfor om å spreie kunnskap til offentlege oppdragsgivarar om anskaffingsregelverket og om reglane i konkurranselova om ulovleg anbodssamarbeid.

KOFA arrangerte i 2010 òg sitt årlege ettermiddagsseminar for oppdragsgivarar, der temaet var implementeringa av EUs nye handhevingsdirektiv i norsk rett (NOU 2010/2). Det blei også gitt ei nærmare utgreiing om trendar og utviklingstrekk i sakene, og ein gjennomgjekk dei viktigaste avgjerdene frå 2010. Konkurransetilsynet og KOFA har òg eit samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI).

[Til toppen](#)

## Resultat


---

Saksbehandlingstid for saker som ikkje var gebyrsaker, var 203 dagar i 2010, det vil seie 6,8 månader. Saksbehandlingstid i saker som var moglege gebyrsaker, var 195 dagar, det vil seie 6,5 månader.

Saksrestansen auka frå 129 saker ved inngangen til 2010 til 219 ved utgangen av året.

Mengda av innkomne saker til KOFA viser framleis ein stor auke i 2010 – det er no godt over dobbelt så mange saker som i 2006 og 2007, då nemnda mottok færrest saker. Retten til å leggje gebyr i saker om ulovlege direkteanskaffingar har medført ein særleg auke i arbeidsmengda i sekretariatet, og talet på faste juristar er derfor ved utgangen av 2010 auka til 12 saksbehandlarar, inkludert leiar og i tillegg sekretær i 100 % stilling. Sjølv om dette er ein merkbar auke frå tidlegare, er det tvilsamt om sekretariatet klarer å arbeide ned saksrestansane med den auken det til no har vore i innkomne saker. Den lengste saksbehandlingstida har ein no på såkalla «uprioriterte saker», som er saker der kontrakt allereie er inngått.

## Tal på saker og saksbehandlingstid i KOFA 2003–2010



KOFA skreiv i 2010 ut 14 gebyr for ulovlege direkte anskaffingar. Dette er dobbelt så mange som nemnda skreiv ut i 2009. Totalt har nemnda skrive ut 25 gebyr etter at organet fekk retten til å skrive ut gebyr frå 1. januar 2007. Ei ulovleg direkte anskaffing er ei anskaffing som ikkje er kunngjord i tråd med kunngjeringsreglane i regelverket for offentlege anskaffingar. Ulovlege direkte anskaffingar blir rekna som det alvorlegaste brotet på regelverket fordi slike anskaffingar omgår kravet til konkurranse, som er hovudgrunngevinga bak regelverket.

I 2010 fekk klagenemnda inn 104 klagar på ulovlege direkte anskaffingar, meir enn dobbelt så mange som i 2009. Nokre av desse klagane kom som i fjor frå Næringslivets hovedorganisasjon (NHO). Bakgrunnen for desse klagane var at Riksrevisjonen i rapporten om årleg revisjon og kontroll for budsjettåret 2009, Dokument 1 (2010–2011), hadde merknader til fleire anskaffingar som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Statens Pensjonskasse og Forsvaret hadde gjennomført. Desse sakene kom inn på slutten av 2010, og behandlinga av dei er derfor enno ikkje begynt. I tillegg gjaldt 13 av sakene ein kontrakt som Sykehuset Innlandet HF og 12 kommunar hadde inngått med Tekstilvask Innlandet AS om vaskeri- og reinsertjenester. Åtte av sakene gjaldt separate avtalar inngått av åtte forskjellige sørlandskommunar om drift av veglys.


Det store talet på inkomne saker som gjeld ulovleg direkteanskaffing, viser at kunnskapen om at dette er eit alvorleg regelbrot som kan bli møtt med eit gebyr, har auka dei siste åra. Klagenemnda har ikkje fullmakt til sjølv å etterforske saker der det er mistanke om at ein

oppdragsgivar har unnlate å kunngjere ei anskaffing. Dette inneber at ikkje alle ulovlege direkte anskaffingar kjem på KOFA sitt bord. I mangel av myndigheit til å etterforske er klagenemnda avhengig av at leverandørar, organisasjonar, politikarar og andre klagar anskaffingar som burde vore kunngjorde, inn for KOFA.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Organisering og ressursbruk



Publisert: 21.02.2011



## Administrative rutinar


### Aktivitetar

Konkurransetilsynet har, i samarbeid med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD), utvikla eit system for risikovurdering i styringsdialogen. Risikovurderinga for manglande måloppnåing inngår som del av rapporteringa frå tilsynet til FAD.

### Ny løysing for verksemdsrapportering

For å utvikle og forbetre arbeidsprosessar og utnytte eigne ressursar på ein betre måte innførte Konkurransetilsynet ei ny løysing for innsamling av data i verksemda frå januar 2009.

### Fordeling av ressursbruk knytt til saksbehandling etter sakstype



\* Registreringa av tidsbruken starta i januar 2009, og vi tek atterhald om at tala kan vere noko usikre det første året systemet blir prøvd ut.

\*\* Inkluderer ikkje ressursbruk til ikkje-saksrelaterte aktivitetar, men i motsetning til i årsmeldinga i 2009 er ressursbruk på generell rettleiing som er gitt i e-post og telefon, teken med under § 9e: rettleiing

[Til toppen](#)

## Resultat

---

Konkurransetilsynet har i 2009 rapportert til FAD i samsvar med årshjulet for Styringsdialogen mellom FAD og tilsynet.

Rapporteringa har vore i samsvar med tidsfristane, og alle rapportar er godkjende av FAD.

Rekneskapen til tilsynet for 2009 er i 2010 godkjend av Riksrevisjonen utan merknader.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011



## Organisasjon og personale



- Medarbeidarar i Konkurransetilsynet har gode vilkår for kompetanseutvikling. Dei lærer gjennom å løyse saker, delta i undervisningstilbod og eigne studium.

### **Konkurransetilsynet har ein stab med solid konkurranseøkonomisk og konkurranserettsleg fagkunnskap.**

Konkurransetilsynet har 109 tilsette, medrekna tilsette i permisjon. I tillegg er det to lærlingar. Tabellen viser stillingsfordelinga i Konkurransetilsynet for kvinner og menn per 31.12.2010.

#### **Stillings- og kjønnsfordelinga i Konkurransetilsynet per 31.12.2010**

Stilling	Totalt	Kvinner		Menn	
Leiarar	18 6		(33 %)	12	(67 %)
Seniorrådgivarar	34	10	(29%)	24	(71 %)
Rådgivarar	34 24		(70 %)	10	(30 %)
Førstekonsulentar	22 17		(77 %)	5	(23 %)
Konsulentar	1	0	(0 %)	1	(100 %)
Lærlingar	2	0	(0 %)	2	(100 %)
<b>Totalt (inkl. lærlingar)</b>	<b>111</b>	<b>57</b>	<b>(51 %)</b>	<b>54</b>	<b>(49 %)</b>

### **Eit ungt miljø**

Konkurransetilsynet har framleis ein ung og ny arbeidsstokk. I 2010 var gjennomsnittsalderen 37 år. Figuren nedanfor viser fordelinga på ulike alderskategoriar.




Det er blitt fleire tilsette med tenestetid i Konkurransetilsynet på meir enn fire år, men det er òg rekruttert mange direkte frå universitet og høgskular, slik at det framleis er mange med kort fartstid i tilsynet.


28 prosent av alle økonomar og juristar som arbeider i fagstillingar, har vore tilsette i to år eller mindre, og 28 prosent har vore tilsette i fem år eller meir. Dette er likevel ei betring frå tida etter flyttinga ([sjå historikken](#)).

Utsiftinga (turnoveren) for 2010 er 17 prosent, mot 11 prosent i 2009.

#### Talet på tilsette fordelt på alderskategoriar per 31.12.2010



#### Tenestetid i Konkurransetilsynet per 31.12.2010



■ Fagstillinger ■ Alle tilsette

## Høg kompetanse

Konkurransetilsynet har mange tilsette med høg utdanning. 90 prosent av alle tilsette har høgare utdanning. 74 prosent har høgare utdanning som jurist eller økonom. I 2010 hadde tilsynet seks tilsette med doktorgrad.

### Utdanningsnivå i Konkurransetilsynet per 31.12.2010

Utdanning	Totalt		Kvinner		Menn	
Samfunns- og siviløkonomar	33	(30 %)	10	(30 %)	23	(70 %)
Juristar	48	(44 %)	31	(65 %)	17	(35 %)
Anna høg utdanning	17	(16 %)	9	(53 %)	8	(47 %)
Utdanning av lågare grad	11	(10 %)	7	(64 %)	4	(36 %)
<b>Totalt</b>	<b>109</b>	<b>(100 %)</b>	<b>57</b>	<b>(52 %)</b>	<b>55</b>	<b>(48 %)</b>

## Leiarutvikling

Konkurransetilsynet legg stor vekt på at dei tilsette skal ha gode vilkår for vidareutvikling. Det grunnleggjande frå kompetanseutviklingsprogrammet frå 2006 er ført vidare ved at medarbeidarane lærer gjennom å løyse saker, deltar i undervisningstilbod og eigne studium. Det blir òg gitt grunnleggjande

konkurransedefagleg opplæring i eigen regi med interne og eksterne foredragshaldarar, og utvikling av spisskompetanse i konkurranseøkonomi og konkurranserett i ekstern regi.

Tilsynet har i fleire år lagt vekt på gode utviklingsprogram for mellomleiarar. Dei fleste mellomleiarane i Konkurransetilsynet har vore på AFFs Solstrandkurs for nye og unge leiarar. Konkurransetilsynet har òg brukt store ressursar på kompetansehevande tiltak i tilknytning til etterforsking.

I 2010 har tilsynet satsa mykje på opplæring i prosjektleiing. Det blei gjennomført kurs for tolv tilsette med oppfølging i reelle prosjekt etterpå. Vidare blei det oppretta eit prosjektleiarforum som òg vil halde fram i 2011.

Konkurransetilsynet brukte 3–4 prosent av det totale budsjettet til kompetanseheving i 2009 og 2010, i overkant av 30 000 kroner per tilsett.

## Likestilling

Likestillingsarbeid i Konkurransetilsynet skjer på fleire område. Ved intern og ekstern rekruttering til alle stillingar, og særleg ved rekruttering til leiarstillingar, blir det lagt vekt på å oppnå ei jamn kjønnsfordeling. Kvinner blir særskilt oppfordra til å søkje alle typar stillingar i verksemda.

Det er fleire menn enn kvinner i høgare stillingar, seniorrådgivarar og leiarar, mens det på lågare stillingsnivå er flest kvinner. Konkurransetilsynet har gjennomført og planlegg tiltak for å få fleire kvinner opp i høgare stillingar.

I 2010 var det 33 prosent kvinner i leiinga.

## Helse, miljø og sikkerheit

Konkurransetilsynet har i 2010 oppdatert HMS-systemet sitt. Tilsynet skal arbeide systematisk med HMS for å sikre trygge arbeidsforhold og likebehandling i verksemda. Gode resultat innanfor helse, miljø og sikkerheit krev eit sterkt engasjement frå leiinga og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Konkurransetilsynet legg vekt på eit arbeidsmiljø som er helsefremjande og prega av tryggleik, openheit og respekt.

Konkurransetilsynet fokuserer på helsetiltak til det beste for kvar arbeidstakar og til det beste for verksemda. Gjennom eit systematisk HMS-arbeid vil tilsynet verne om helsa og arbeidsmiljøet til dei tilsette.

I 2010 gjennomførte Konkurransetilsynet som planlagt medarbeidarundersøking, medarbeidarsamtalar, førebyggjande helsekampanje og førstehjelpskurs for alle tilsette. I tillegg er det

gjennomført opplæring i ergonomisk bruk av kontorarbeidsplassane og opplæring i helse, miljø og sikkerheit for alle leiarar. Konkurransetilsynet har investert i dei beste kontorløysingane for dei tilsette.

Konkurransetilsynet inngjekk avtale om inkluderande arbeidsliv i 2002 og har arbeidd aktivt med å redusere sjukefråværet. Målet er eit sjukefråvær på under 5 prosent. I 2010 var sjukefråværet 3 prosent.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Rekruttering



- Konkurransetilsynet får kvart år besøk av skuleklassar som er interesserte i kva tilsynet jobbar med.

Konkurransetilsynet lyste ut åtte stillingar i 2010. Til saman 383 personar søkte. Det blei tilsett i alt 25 personar i 2010, 18 kvinner og 8 menn. Av dei blei 3 tilsette i administrative stillingar. 18 tilsette slutta i 2010, og til saman var 15 tilsette er ute i fødselspermisjon eller omsorgspermisjon i 2010.

Tilsynet har god tilgang på kvalifiserte søkjarar, både økonomar og juristar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere personar med lang erfaring i konkurranserett, og økonomar og juristar med leiarerfaring.

Konkurransetilsynet har i 2010 delteke på bedriftspresentasjonar i Bergen. Studentar frå universitet og høgskular har òg besøkt tilsynet. Tiltaka gir ein fin kontakt med studentar og andre som ønskjer å jobbe i tilsynet. Det er gode tilbakemeldingar etter slike arrangement, noko som tyder på at Konkurransetilsynet er ein attraktiv arbeidsgivar. Talet på søkjarar stadfestar dette.

Konkurransetilsynet har òg henta inn sommarvikarar for å gi eit innblikk i kva tilsynet arbeider med, og for å auke interessa for å arbeide i tilsynet når studia er avslutta. Det var 142 personar som søkte på sommarjobbane i 2010. Av dei fire som var sommarvikarar i 2004, blei to fast tilsette etter at dei søkte på utlyste stillingar seinare på hausten.

### Rekruttering av innvandrarar

Konkurransetilsynet har fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Tilsynet har òg som mål å auke dette talet. Det er likevel få

innvandrere som søker stilling i Konkurransetilsynet, selv om det går fram av utlysinga at innvandrere blir oppfordra til å søkje.

Talet på tilsette med innvandrerbakgrunn auka i 2010.

## Rekruttering av lærlingar

Konkurransetilsynet blei i 2008 godkjent som lærlingbedrift av Hordaland fylkeskommune. Tilsynet etablerte i 2008 ei god ordning for lærlingane, med både fagansvarlege og instruktører. Desse har fått opplæring internt og har i 2009 og 2010 delteke på opplæring i regi av Hordaland fylkeskommune. Ein har valt å ta inn éin lærling i tilknytning til kontorfaget og éin innanfor IKT.

Våren 2010 hadde tilsynet to lærlingar som var ferdig utdanna med gode resultat. Hausten 2010 blei det teke inn to nye lærlingar som skal ha opplæring i tilsynet dei neste to åra.

[Til toppen](#)

Publisert: 21.02.2011

## Informasjons- og kommunikasjonsteknologi



- Konkurransetilsynet har i 2010 mellom anna fått nye PC-ar og doble skjermar.

### Betre utstyr til alle tilsette

I 2010 blei det gjort eit omfattande lyft på klientsida. Alle tilsette har fått nye PC-ar med nye versjonar av operativsystem og kontorstøtteprogramvare. Alle har fått opplæring i den nye programvara. I tillegg er alle kontorplassar og stillerom oppdaterte med 24-tommars skjermar.

Tilsette som får dekt mobiltelefon, er no utstyrte med smarttelefonar. Dette gjer det mogleg for dei å utføre delar av arbeidsoppgåvene sine sjølv om dei ikkje er på kontoret.

### Betre møterom

Utstyr som har gjort det mogleg å halde videomøte i Konkurransetilsynet, har tidlegare redusert reiseaktiviteten. Videokonferansesystema er no oppgraderte til HD, noko som gir mykje betre biletkvalitet. Det er venta at dette på sikt vil redusere reiseaktiviteten knytt til møte ytterlegare.

### Betre løysingar

Kraftprisdatabasen er flytta over på ei moderne og støtta plattform som gjer det mogleg å utvikle basen vidare i samsvar med dei krava som i dag blir stilte til moderne nettsider.

Det er utlyst og signert nye rammeavtalar på området kommunikasjon og telefoni. Telefonsentralen er òg oppgradert. Sentralbordet har fått betre oversikt over kven som er til stades til kvar tid. Med innføringa av IP-telefoni er det no installert fasttelefonar på Oslo-kontoret, og det er

mogleg å betene sentralbordet derifrå. Det gjer at tilsynet får utnytta ressursane sine betre.

For å få betre datasikring og oppfylle krav til mest mogleg miljøvennleg drift er det installert ei sikker utskriftsløysing for alle skrivarane til tilsynet. Dette inneber at tilsette må bruke nøkkelkort på skrivaren for å hente ut sine egne utskrifter.

Etterforsking er styrkt ved anskaffing av eit system som gjer det mogleg å hente ut informasjon frå mobiltelefonar. Tilsette har fått opplæring i å hente inn og arbeide vidare med informasjon frå ulike system og maskiner. Det er sett i gang arbeid med å sjå på prosessar og rutinar knytte til IT-løysingane som blir nytta i etterforskningsarbeidet.

Publisert: 21.02.2011





## Grøn stat



- Bruk av videokonferanse kan erstatte flyreiser til andre byar.

### **Arbeidet med Grøn Stat inngår som ein del av den ordinære verksemda i Konkurransetilsynet.**

Konkurransetilsynet har ein policy for at alle tilsette skal vere klar over at ein kan gjennomføre videomøte framfor å reise til andre byar for å delta på møte der. Etter kvart som videomøte er relativt godt innarbeidd i tilsynet, har ein slutta med å halde rekneskap over kor mange videomøte som er haldne kvart år.

Konkurransetilsynet har likevel stor merksemd på å halde fram med denne praksisen. Videomøte med andre statlege etatar føreset at desse òg har møterom med videoutstyr. Etter kvart som dette blir innarbeidd dei fleste stader, vil talet på videomøte kunne aukast endå meir.

Publisert: 21.02.2011

## Rekneskap – Konkurransetilsynet

### Rekneskapsoppsett Konkurransetilsynet kap 1550 post 01 – ordinær drift

Note	2008	2009	2010
<b>MIDDEL</b>			
Overføringer frå forrige år		121 000	535 000
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev	79 209 000	80 057 000	80 934 000
Tilleggsloøyvingar	5 900 000	2 500 000	0
Kompensasjon for lønsoppgjjer	2 381 000	566 000	1 463 000
Refusjonar	1	2 439 000	1 953 000
Fullmakt til å overskride løyvingar 2007	2		
Inndekning av overskriding frå 2007	2	-1 000 000	-1 529 000
<b>Til disposisjon</b>	<b>88 929 000</b>	<b>83 668 000</b>	<b>85 356 000</b>
<b>FORBRUK</b>			
<b>LØNSUTGIFTER</b>			
Marknadsovervaking	39 956 000	38 824 000	42 877 000
Informasjon	1 613 000	1 158 000	1 315 000
Administrasjon	9 881 000	10 276 000	11 278 000
<b>Sum lønsutgifter</b>	<b>51 450 000</b>	<b>50 258 000</b>	<b>55 470 000</b>
<b>VARER OG TENESTER</b>			
IT og arkiv	13 214 000	12 425 000	8 426 000
Informasjon	1 794 000	1 584 000	915 000
Lokale	9 143 000	9 592 000	8 819 000
Kompetanse	3 254 000	3 445 000	3 053 000
Rekruttering	1 040 000	379 000	134 000
Reiser og møte	3 875 000	2 037 000	2 608 000
HMS-tiltak	636 000	763 000	642 000
Andre driftsutgifter	3	4 402 000	2 650 000
<b>Sum varer og tenester</b>	<b>37 358 000</b>	<b>32 875 000</b>	<b>27 496 000</b>
<b>SUM FORBRUK</b>	<b>88 808 000</b>	<b>83 133 000</b>	<b>82 966 000</b>
<b>SALDO</b>	<b>121 000</b>	<b>535 000</b>	<b>2 390 000</b>

**Inntekter gebyr konkurranselova (kap 4550 post 03)**

	2008	2009	2010
Lovbrottsgebyr	3 665 000	1 075 000	150 000

**Note 1**

Refusjonar av fødsels- og sjukepengar, og refusjonar i samband med arbeidsmarknadstiltak og lærlingar.

**Note 2**

Konkurransetilsynet hadde i 2007 fullmakt til å overskride løyvinga på post 01 med inntil fem prosent mot tilsvarande innsparing i perioden 2008–2010. Overskridinga i 2007 var kr 2 529 000, medan innsparinga var kr 1 000 000 i 2008 og kr 1 529 000 i 2009.

**Note 3**

Andre driftsutgifter omfattar m.a. kontorrekvisita, aviser, porto, venteløn og konsulenttenester.

[Til toppen](#)

---

Publisert: 21.02.2011



## Rekneskap – KOFA

### Rekneskapsoppsett kap 1550 post 23 – KOFA

Note	2008	2009	2010
<b>Middel</b>			
Overføringer frå forrige år	39 000		53 000
Løyvingar i samsvar med tildelingsbrev	5 000 000	5 220 000	5 387 000
Tilleggsløyvingar 1		3 650 000	2 000 000
Belastingsfullmakt FAD kap 1500 post 21			2 400 000
Fullmakt til å overskride løyvingane mot meirinntekt 2		177 000	148 000
Refusjonar 3			80 000
<b>Til disposisjon</b>	<b>5 039 000</b>	<b>9 047 000</b>	<b>10 068 000</b>
<b>Forbruk</b>			
Lønsutgifter	4 275 000	7 137 000	9 222 000
Varer og tenester	841 000	1 857 000	880 000
<b>Sum forbruk</b>	<b>5 116 000</b>	<b>8 994 000</b>	<b>10 102 000</b>
<b>Saldo</b> 2	<b>-77 000</b>	<b>-53 000</b>	<b>-34 000</b>

### Inntekter KOFA-gebyr (kap 4550 post 02)

	2008	2009	2010
Budsjett	201 000	210 000	217 000
Gebyr	1 127 000	4 854 000	50 514 040
<b>Mindre-/meirinntekt</b>	<b>926 000</b>	<b>4 644 000</b>	<b>50 297 040</b>

#### Note 1

Tilleggsløyvinga til KOFA blei gitt for å auke kapasiteten ved behandling av klagesaker slik at restansane og at saksbehandlingstida blei redusert. Tilsynet fekk òg fullmakt til å belaste departementet sitt kapittel og post med 2,4 millionar kroner.

#### Note 2

Konkurransetilsynet nytta i 2007 ei fullmakt til å overskride driftsløyvingane på kap 1550 post 23 – KOFA med inntil to prosent av løyvinga på posten mot tilsvarende

meirinntekt på kap 4550 post 02 (KOFA-gebyr). Etter denne fullmakta kan tilsynet overskride budsjettet med inntil kr 177 000 i 2009 og kr 148 000 i 2010. Fullmakta blei ved ein inkurie ikkje gitt i 2008 og meirutgifta kan sjåast i samanheng med dette.

**Note 3**

Refusjonar av fødsels- og sjukepengar, og refusjonar i samband med arbeidsmarknadstiltak og lærlingar.

---

Publisert: 21.02.2011

## Saksstatistikk – Konkurransetilsynet

### Mottekne saker

	2007	2008	2009	2010
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§ 16)	561	444	294	414
Klager, tips og andre saker om brot på lova/konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11) *	58	54	100	95
Ønske om at tilsynet påpeikar skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	15	21	15	23
Innkomne høyringssaker	211	186	222	167
Internasjonale saker	181	120	146	122
Administrative og andre saker	261	249	269	244
<b>Totalt</b>	<b>1287</b>	<b>1074</b>	<b>1046</b>	<b>1065</b>

\* Ikkje alle tips og andre førespurnader om moglege lovbrod blir registrerte som saker.

### Avslutta saker\*

	2007	2008	2009	2010
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	5	4	1	0
Inngrep mot konkurranseskadeleg framferd (§§ 10/11)	2	4	3	0
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	5	3	3	0
Høyringssvar med vesentlege merknader	58	42	39	18
Avslag på ønske om inngrep (§§ 10/11)	36	27	31	23
Lovbrotsgebyr – ikkje eller for seint melde føretakssamanslutningar **	17	9	7	0
Lovbrotsgebyr – brot på gjennomføringsforbodet **			2	0

	2007	2008	2009	2010
Lovbrottsgebyr for å ha gitt urette/ufullstendige opplysningar i ei melding om føretakssamanslutning	0	0	1	0
Avgjerderer om delvis oppheving/unntak frå gjennomføringsforbodet **		3	1 0	4
Vedtak om plikt til å rapportere informasjon til tilsynet	4	0	0	6
Vedtak om maksimalprisar for drosje	1	1	2	0
Andre vedtak	4	3	2	0

\* Oversikta omfattar ikkje avgjerder og fråsegner som er unnateke offentlegheit.

\*\* Frå 1.juli 2008 er det opp til partane sjølv å bestemme når dei vil sende melding, men det er forbode å gjennomføre ei føretakssamanslutning før Konkurransetilsynet har fått melding og har behandla saka.

#### Meldingar om fusjonar og oppkjøp

	2007	2008	2009	2010
Alminnelege meldingar	558	440	293	412
Frivillig innsende fullstendige meldingar	3	4	1	2
Mottekne meldingar totalt	561	444	294	414
Melde føretakssamanslutningar som ikkje var meldepliktige	23	20	20	20
Tal pålagde fullstendige meldingar	17	15	8	9
Tal fullstendige meldingar totalt	20	19	9	11
Del fullstendige meldingar av alle meldingar	4	%	4 %3	%

3 %

#### Utmålte lovbrotsgebyr (i kroner)

	2007	2008	2009	2010
Konkurranseskadeleg framferd	45 000 000	3 650 000	3 700 000	0
Ikkje eller for seint melde føretakssamanslutningar *	610 000	235 000	325 000	0
Brot på gjennomføringsforbodet *			250 000	0
Gitt urette eller ufullstendige opplysningar til tilsynet	30 000		50 000	0

\* Frå 1.juli 2008 er det opp til partane sjølv å bestemme når dei vil sende melding, men det er forbode å gjennomføre ei føretakssamanslutning før Konkurransetilsynet har fått melding og har behandla saka.

[Til toppen](#)

---

Publisert: 21.02.2011





## Saksstatistikk – KOFA

### Saksstatistikk KOFA 2003–2010

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Innkomne	268	287	287	158	155	224	285	396
Avgjorde	182	248	260	176	217	171	226	276
Avviste	76	104	134	50	48	43	50	81
Brot	51	80	71	79	118	61	107	123
Ikkje brot	24	10	27	29	36	38	36	29


---

 Publisert: 21.02.2011



## Ressursbruk

### Fordeling av ressursbruk knytt til saksbehandling etter sakstype



■ 2010 ■ 2009

Publisert: 21.02.2011

## Ordforklaringar

### Bevissikring

Også kalla razzia eller «dawn raid». Ved bevissikring kan Konkurransetilsynet leite etter prov for brot på konkurranselova hjå foretak og i private heimar, utan samtykke frå dei som vert utsette for bevissikringa. Ei slik bevis sikring må først vere godkjend av tingretten.

### Bøterabatt

Sjå [Lemping](#).

### Dominerande stilling

Eit dominerande føretak har ei sterk stilling i den relevante marknaden og kan i stor grad opptre uavhengig av konkurrentar og kundar. Eit slikt føretak kan hindre effektiv konkurranse i marknaden. Å ha ei dominerande stilling er ikkje forbode i seg sjølv, men føretak som har ei dominerande stilling har eit særleg ansvar for ikkje å opptre slik at konkurransen vert avgrensa. Spørsmålet om eit føretak er dominerande eller ikkje, må vurderast særskilt i kvar enkelt sak.

### Duopol

Ein marknad som er dominert av to føretak.

### Effektiv konkurranse

Effektiv konkurranse i ein marknad gjer at varer vert selde til kostnadsbaserte prisar. Effektiv konkurranse kan komme av ein kombinasjon av fleire høve, mellom anna at det finst eit visst tal tilbydarar, at dei ikkje handlar i samforstand med kvarandre og at det ikkje finst vesentlege hindringar for nyetablering.

### Føretak

Konkurranselova gjeld for føretak, det vil seie alle einingar som driv økonomisk verk semd. Det spelar inga rolle om verksemda har som mål å gi økonomisk gevinst eller ikkje, eller kva juridisk form det er på verksemda. Offentlege organ kan òg falle inn under omgrepet når det ikkje er tale om utøving av styresmakt.

### Føretakssamanslutning

Fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til direkte eller indirekte, heil eller delvis kontroll i andre selskap. Føretakssamanslutningar skal meldast til Konkurransetilsynet.

### Horisontal avgrensing av konkurransen

Horisontale avtalar er avtalar mellom føretak på same ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom detaljistar eller mellom

produsentar. Prissamarbeid og marknadsdeling er eksempel på horisontal avgrensing av konkurransen.

### **Kartell**

Ei gruppe sjølvstendige føretak som gjennom avtale eller samordna opptreden hindrar, innskrenkar eller vrir konkurransen. Prissamarbeid, anbudssamarbeid og marknadsdeling er døme på kartellverksemd.

### **KOFA**

Klagenemnda for offentlege anskaffingar

### **Konkurransavgrensande samarbeid**

Konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen, omfattar alle typar avtalar, skriftlege og munnlege, mellom to eller fleire føretak. Avtalen treng ikkje vere rettsleg bindande. Samordna opptreden vert òg ramma, sjølv om det ikkje finst nokon avtale. Forbodet omfattar dessutan avgjerder som er treft av samanslutningar av føretak, til dømes ein bransjeorganisasjon.

### **Konkurransestyresmakter**

Konkurransestyresmaktene i Norge er Kongen, Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet og Konkurransetilsynet.

### **Konsentrasjon**

Dersom det er få, store føretak i ein marknad, er det høg konsentrasjon i marknaden. Ein fusjon eller eit oppkjøp som gjer at talet på aktørar i ein marknad minkar, førar til auka konsentrasjon i den marknaden.

### **Lemping**

Heil eller delvis nedsetting av lovbrotsgebyr, også omtala som «leniency». Eit føretak som deltar i eit ulovleg samarbeid kan verte fri teke for lovbrotsgebyr dersom det er det første til å avsløre samarbeidet. Andre føretak som deltek i kartellet kan oppnå delvis fritak ved å samarbeide med Konkurransetilsynet under etterforskinga.

### **Lovbrotsgebyr**

Også kalla administrativ eller sivilrettsleg bot. Ved brot på konkurranselova kan Konkurransetilsynet gjere vedtak om lovbrotsgebyr. Eit slikt vedtak kan ikkje påklagast, men kan handsamast av domstolane.

### **Marknadsavgrensing**

Når Konkurransetilsynet skal vurdere kva for verknader ei særskild åtferd har for konkurransen, eller kva for verknader ei føretakssamanslutning kan ha, tar tilsynet utgangspunkt i forholda i den eller dei aktuelle marknaden. Avgrensing av den relevante marknaden inneber å identifisere ein produktmarknad og ein geografisk marknad. Marknadsavgrensinga må gjerast konkret i kvar enkelt sak.

**Marknadsdeling**

Oppdeling av marknader mellom konkurrentar. Det kan til dømes vere tale om geografisk deling, deling av kundegrupper eller deling av marknader for ulike produkt.

**Misbruk av dominans**

Sjå [Utilbørleg utnytting av dominerande stilling](#).

**Monopol**

Ein marknad med berre eitt føretak.

**Oligopol**

Ein marknad som er dominert av eit fåtal store føretak.

**Overtredelsesgebyr (bokmål)**

Sjå [Lovbrottsgebyr](#).

**Prissamarbeid**

Samarbeid om fastsetting av prisar. Prissamarbeid svekkjer konkurransen, fordi pris som regel er den viktigaste faktoren i konkurransen. Derfor ser konkurransestyresmaktene særleg alvorleg på slikt samarbeid.

**Påbod om opphøyr**

Ved brot på forboda i konkurranselova kan Konkurransetilsynet påby at den ulovlege åtferda skal opphøyre. Eit påbod om opphøyr kan innehalde alle tiltak som er naudsynte for å få slutt på lovbrotet. Påbod om opphøyr kan òg nyttast i kombinasjon med gebyr.

**Påpeiking**

Fråsegn frå Konkurransetilsynet om konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

**Relevant marknad**

Sjå [Marknadsavgrensing](#).

**Utilbørleg utnytting av dominerande stilling**

Utilbørleg utnytting av ei dominerande stilling er forbode etter konkurranselova. Det vil seie at føretak som kvar for seg eller saman har ei dominerande stilling i marknaden, ikkje får misbruke denne marknadsmakta. Eksempel på utilbørleg utnytting er urimelege prisar; konkurranseskadeleg underprising; avgrensing av produksjon og sal; lojalitetsrabattar og vilkår samt konkurranseskadelege koplingar av ulike produkt og/eller tenester.

**Vertikal avgrensing av konkurransen**

Avtalar mellom føretak på ulike ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom grossistar og detaljistar. Fastsetjing av bindande minimumsprisar og visse former for eksklusivitetsavtaler er døme på vertikal avgrensing av konkurransen.

## Kontakt Konkurransetilsynet

Konkurransetilsynet  
Postboks 439 Sentrum  
5805 Bergen

Telefon: 55 59 75 00  
Telefaks: 55 59 75 99

### **Kontakt Konkurransetilsynet dersom du kjenner til forhold som kan innebære brot på konkurranselova.**

Det er viktig at Konkurransetilsynet får informasjon om forhold som påvirkar konkurransen på ein negativ måte. Ulovleg samarbeid og misbruk av ein dominerande stilling kan vere svært skadeleg og råkar i siste omgang forbrukarane og andre bedrifter.

**Send ein klage** dersom du sjølv er utsett for åtferd som kan skade konkurransen. For å kunne ta stilling til klagen, er Konkurransetilsynet avhengig av å få detaljerte opplysningar om forholdet klagen gjeld. Klagen kan sendast i brevs form, eller ved å fylle ut eit elektronisk [klageskjema](#).

**Send eit tips** dersom du kjenner til eller har mistanke om brot på konkurranselova, men ikkje har nok informasjon til å sende ein formell klage. Alle tips blir registrerte og vurderte. Bruk vårt elektroniske [tipsskjema](#), eller ring tipstelefonen: 55 59 75 55.

### **Andre førespurnader**

Dersom du har spørsmål eller andre førespurnader til Konkurransetilsynet, kan du nytte [dette skjemaet](#).

Publisert: 21.02.2011